



Forvaltningsplan

Selja kloster og helgenanlegg,
og kulturmiljøa på øya Selja



Vestland
fylkeskommune

Føreord

Vestland fylkeskommune har, som regional kulturmiljøstyresmakt, førstelinjeansvar for Selja kloster og helgenanlegg. Ansvaret overtok vi frå Riksantikvaren i 2020 i samband med regionreforma og ein del statlege overføringar som følgde med. Stad kommune har som tiltakshavar for skjøtsel og kulturminnearbeid ei nøkkelrolle når det gjeld å følgje opp nødvendige tiltak knytt til grøn og kvit skjøtsel på Selja. Det er derfor riktig og viktig å få på plass ein forvaltningsplan som viser korleis vi på best mogleg vis kan forvalte dette nasjonale og unike kulturminnet.

Mellomalderanlegget er komplekst og eit nasjonalt ikon, og det ligg ute på ei øy med fleire flotte kulturminne og kulturmiljø ved foten av Stadlandet. Korleis skal vi sikre at arbeidet som vart lagt ned i Det nasjonale ruinprosjektet 2006-2020 (og som for Selja sin del ikkje er ferdig før i 2027) vert ivaretatt? Og korleis skal vi sjå til at desse fantastiske kulturminna på Selja vert formidla på ein berekraftig måte?

PwC ferdigstilte i 2020, på oppdrag frå fylkeskommunen og kommunen, eit prosjektarbeid som drøfta problemstillingane. Resultatet etter arbeidet viste at ein forvaltningsplan er eitt av dei viktigaste verkemiddela for å nå målet om berekraftig forvaltning. I tillegg vart det kartlagt ulike ansvarsroller og peikt på at det var viktig med gode samarbeidsfora mellom dei ulike aktørane. Etablering av Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg i 2022 var såleis eit resultat av dette forprosjektet. Vestland fylkeskommune ved Fylkestinget løyvde i desember 2022 kr 200 000 til det vidare arbeidet fram mot ein ferdig forvaltningsplan.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur og folkehelse, og fageininga arealplan ved Karoline Hareide Breivik, har vore *eigar* av prosjektet. Birgit Tansøy har vore prosjektleiar. Tansøy har i tillegg bidrege med tekst og bilete til planen. Vestland fylkeskommune gjennomførte i juni 2024, i samarbeid med Stad kommune, ein open dag på Innbyggartorget i Selje for å få innspel til planarbeidet. Grunneigarane har i tillegg komme med fleire konstruktive tilbakemeldingar under vegs. Oppstartsvarselet vart sendt på høyring i 2024.

Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg er ein viktig kanal for fagleg drøfting av innhaldet. Dessutan har fleire bidrege med tekst: Regin Meyer frå NIKU (historikk om kloster og helgenanlegget), Geir Magnussen frå Bakken & Magnussen (historikk knytt til ruinprosjektet 2006-2026), Mads Jansen ved Allstad (historikk knytt til eigartilhøve), Stad kommune ved Tonje Ramse Trædal (tekst knytt til kulturminna i bruk, ho har òg gjennomført ei spørjeundersøking i den samanhengen) og Henriette Hafsaas (tekst- og biletebidrag fleire stadar). I tillegg har Berit Gjerland som var tilsett i VLFK og var kontaktperson for Selja i fleire år, bidrege med konstruktive tilbakemeldingar og teksthistorikk knytt til dei andre automatisk freda kulturminna på øya Selja. Torkjel Djupedal har på vegne av Klosterets vener komme med innspel om historikk knytt til deira arbeid, særskilt om formidlingsarbeidet dei siste ti åra. Dei mange og flotte dronebileta er tatt av Ragnhild Egeland Torp ved fageininga feltarkeologi i fylkeskommunen.

Planen med handlingsdelen som no ligg føre, håpar vi bidrar til å sette søkelyset på ansvaret, dei mange oppgåvene som er knytt til skjøtsel og konservering og formidling av kloster og helgenanlegget og kulturmiljøa på Selja.

Innhold

Innleiing	9
Mål og problemstillingar.....	9
Kulturmiljø og landskap	14
Eit viktig religiøst senter	14
Eigartilhøve	15
Kulturminne og kulturmiljø på Selja	16
Geologi og steinbrot knytt til anlegget	17
Selja i kommuneplanen	20
Selja i kommunedelplan for kulturarv.....	21
KULA-Selja.....	22
Rolle og ansvar	24
Allstad	24
Andre grunneigarar på Selja.....	25
Vestland fylkeskommune.....	25
Stad kommune.....	26
Riksantikvaren	27
Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)	27
Universitetsmuseet i Bergen.....	27
Bergens sjøfartsmuseum	28
Regionalt Pilegrimssenter Selje	28
Sunnivaleia	29
Les meir her: https://sunnivaleia.no/ og her https://www.pilegrimsleden.no/turforslag/vandring-langs-sunnivaleia-mellom-kinn-og-selja	29
Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg	29
Den faglege arbeidsgruppa til Selja kloster og helgenanlegg	29
Kulturarvseksjonen i VLFK si «ruingruppe»	30
Private aktørar.....	30
Fjordane friluftsråd	30
Forsknings- og bevaringshistorikk – Selja kloster og helgenanlegg	31
Fylkeskommunen si rolle i ruinprosjektet.....	45

Bevaringstiltak for kloster og helgenanlegget	47
ID 83760- 1-8 Klosteranlegg	48
Kyrkjegarden – innvendige flata (F):.....	48
Kyrkjegardsmuren:	49
Klosterhagen (H):	50
Albanuskyrkja og tårnet (G1-G4):.....	50
Utvendige veggjar og tak i tårnet.....	51
Innvendige veggjar i tårnet, golv og steintrapp	51
Golv i første etasje i tårnet	51
Golva og trapper i tre	51
Innvendig i sjølv Albanuskyrkja	51
Vestfløyen (L1-2 og LS):	52
Sørfløyen:.....	52
«To oppmurte kulpar/vasskjelde» og opa veite/Sunnivakjelda på utsida av Sørfløyen:.....	53
Austfløyen med sakristiet (I1-2):.....	54
Gjestehuset/bakeri (N1-2):	54
Smie/sjukestove (E):.....	55
Askeladden id ID 83760- 1-8 og 84839-1-5 Sti og trappene opp til Sunnivakyrkja	56
Sti og trappene opp til Sunnivakyrkja	56
Trappene langs terrassane.....	59
Id 84839 -5 Terrassane.....	59
Terrassane (D):	59
Sunnivakyrkja (C)	60
Helleren/hola:.....	61
Id 83760-1-8 Naustet	62
Stien frå Klosterpågen og opp til anlegget – nordsida	63
ID 315854 Klosterhamna	64
ID 180141-1 og 180142 Steinbrot	65
ID 142019-1 Klosterstien.....	67
Deponihaugar/overskotsstein frå anlegget	71
Lause steinar med ornamentikk.....	72

Moloen ut til sjøbu	73
Id 15853 Porthuset på Buskehaugen	75
Generelt om grøn skjøtsel ved ruin- og klosteranlegget:.....	75
Utfordringar og moglegheiter	77
Uønskte artar.....	77
Tre	77
Bevaring av artsmangfaldet.....	77
Arbeidsfordelinga mellom murarar og kommunen sine sommarhjelpere	78
Tiltak:	78
Dei andre automatisk freda kulturminna og skjøtselstiltak	79
Id 6490-1 Gravrøys	83
135210-1 Gravrøys	84
328056 Gravrøys	85
141215-1 Gravrøys	86
135409 Gjerde/innhegning	87
135249-1-3 Bø kyrkjegard (-1), kyrkjetuft (-2) og fjerna kyrkje (-3)	88
135276 Busetting-aktivitetsområde (tuft)	90
135273 Busettings- og aktivitetsområde.....	91
135285 - 1 Kyrkjevoll med oppreist steinhelle.....	92
Id 6493-1 Gravrøys	93
Id 6492-1 Gravrøys	94
141375-1 Dyrkingsspor	95
66468-1 Gravrøys	96
35486-1-2 Gravrøyser, Ilshaugen	97
55273-1-2 To gravrøyser.....	98
6491-1 Gravrøys	99
Id 25579 -1-3 Gravrøyser, minst 3 stk	100
135281-1 Busettings- og aktivitetsområde (tuft).....	101
Skjøtselstiltak for dei uavklarte kulturminna i Askeladden.....	102
Id 135393 Busetting-aktivitetsområde ved Bernt Tunold sin barndomsheim	103
135368 Båtopptrekk – båtstøanlegg.....	103
141381-1 Båtstøanlegg	104

135378-1 Dunhelleren og 32806 tørrmur ved inngangen til Dunhelleren	105
135373 merkestein/grensestein	105
Andre bevaringsverdige kulturminne som ikkje er registrert i Askeladden	107
Vegetasjonsskjøtsel og vedlikehald	108
Om kystlyngheia og sitkagran	108
Landbruk og generelle skjøtselstiltak på Selja.....	112
Skjøtselstiltak for turstiar utanom Klosterstien	112
Vedlikehald av tekniske installasjonar.....	114
Røysetbua	114
Brygga i Klostersvågen med flytebrygge	117
Skilt	118
Kaia på Bø	120
Benkar og bosspann langs vegen på Bø-sida	120
Benkar i Klosterhagen.....	121
Ruinprosjektbåten	122
Midlertidig reiskapsbu i Klostersvågen.....	122
Oppdatering av nettsider	123
Gjerder	123
Bruk og formidling av kulturminna	124
Lokalt	124
Selja som undervisningsarena	124
Selja i forskning og formidling.....	125
Forsking	125
Formidling	126
Friluftsliv på Selja	126
Selja som turistattraksjon	128
Universell utforming	129
Beredskap	129
Selja som religiøs og kulturell arena.....	130
Selja som religiøst sentrum i mellomalderen.....	130
Helgeanlegget på Selja	131
Legenda	132

Seljumannamesse og helgenfeiringar	132
Etter reformasjonen	133
Selja som pilegrimsmål i dag.....	133
Kystpilegrimsleia og nøkkelstaden Selja kloster	134
Selja som religiøs arena i dag	136
Selja og den katolske kyrkja	138
Selja og den ortodokse kyrkja.....	139
Selja og karismatisk kristne.....	140
Selja som kulturarena	140
Bryllaup og barnedåpar	145
Reiseliv og berekraftig besøksforvaltning.....	146
Retningslinjer for Selja i planperioden	152
Finansiering.....	153
Statlege løyvingar	153
Fylkeskommunale midlar	153
Statleg sikra friluftsområde - tiltak knytt til tilrettelegging.....	154
Kommunale midlar	154
Andre løyvingar.....	154
Litteraturliste.....	155
Riksantikvarens arkiv	158
Nettsider	158
Munnlege kjelder	158
Spørjeundersøking ved Stad kommune i samband med kapittelet om Selja i bruk.	158
Ordforklaringar	159
Kunnskapsgrunnlag:	159
1. Regin Meyer si oversikt over forskings- og bevaringshistorikk for Selja- og helgenanlegg:.....	159
2. Geir Magnussen, frå Bakken og Magnussen as, si oversikt over tiltak som vart gjort i samband med ruinprosjektet 2007-2024:	160
3. Liste over ruindelane frå kloster og helgenalegget som er omtalt i forvaltingsplanen:.....	163

4. Oversikt over automatisk freda kulturminne og korleis dei evt er synleg i terrenget:	164
5. Oversikt over kulturminne med uavklart vernestatus i Askeladden:	165
6. Referat etter ope møte tysdag 18. juni om innspel og idear til forvaltingsplan for Selja kloster og helgenanlegg.	166
7. Spørjeundersøking – Selja i bruk – religiøse organisasjonar:	168

Innleiing

Ruinane etter kloster og helgeanlegget på Selja har høg nasjonal verdi og er automatisk freda. Dei har bergtatt og fasinert folk i fleire hundre år. Folk frå nært og fjernt kjem igjen og igjen fordi dei let seg begeistre av det dei ser og opplever her ute der natur- og kulturkreftene møtast. Kunnskapen om historia vår, om korleis Noreg vart forma og kristna, og korleis impulsar og tradisjonar frå verda utanfor påverka oss, ligg her enno som fysiske spor.

Restar etter aktivitetssområde og gjenstandar frå yngre steinalder, gravrøysene og busettingsspora frå bronse- og jernalder på øya, viser at Selja har vore i bruk i lang, lang tid før dei første munkane kom til øya i overgangen vikingtid mellomalder.

Noko veit vi, men slett ikkje alt. Enno er det mange spørsmål å undre seg over i lag.

Å ta vare på mangfaldet av kulturminna på Selja er viktig for å verne den felles hukommelsen vår. Vi skal sikre at dei som kjem etter oss får oppleve det same. Alle har vi eit felles ansvar!

Denne forvaltingsplanen skal hjelpe å synleggjere arbeidet som ligg bak for ei god og heilskapleg og berekraftig forvaltning av kulturminna og kulturlandskapet på Selja.

Mål og problemstillingar

Ruinprosjektet for Selja kloster og helgeanlegg, som starta opp i 2006, er planlagt avslutta i 2027. Med «avslutta» meiner vi at kulturminneanlegget er sett i stand slik at anlegget går over i ein bevaringsfase. Det vil seie at vanleg ettersyn og vedlikehald av murverk og omgjevnader er nødvendig.

Denne forvaltningsplanen avklarar **kva for tiltak som må gjennomførast i planperioden frå 2026 til 2036.**

For å forstå omfang og behov for tiltak, er det nødvendig å sjå på kva som er gjort. **Planen gir derfor ei kort oversikt over historikken knytt til kvit og grøn skjøtsel.** Kvit skjøtsel omfattar tiltak for bevaring og konservering av murarverket i ruinane, medan grøn skjøtsel handlar om vegetasjonspleie på ruinane, klosterstien og dei andre automatisk freda kulturminna på øya, inkludert kulturlandskapet og omgjevnadane til kulturminna som er omfatta av planen.

Planen gir òg ei oversikt over kva som finst av tekniske installasjonar/infrastruktur på øya og problemstillingar knytt til vedlikehald av desse.

Arbeidet med forvaltninga av kulturminna på Selja er omfattande og det er mange partar som er involvert i arbeidet. **Planen avklarar roller, ansvar og møtepunkt.**

Geografisk er planen avgrensa til å gjelde **heile** øya Selja og holmane ikring, sjølv om Selja kloster og helgenanlegg hovudsakleg er lokalisert på nordvestsida av øya. Med fornya interesse for å komme ut og sjå på kulturminna og å oppleve heile øya, er det òg behov for å ha ei heilskapleg forvaltning av Selja. Holmane ikring er ein del av kulturlandskapet til øya. Vi merkar aukande interesse for å gjennomføre tilretteleggingar for besøkande. Derfor er det viktig å inkludere småholmane i planarbeidet.

Planen er ikkje juridisk bindande, men retningsgivande. Derfor har vi utarbeidd felles retningslinjer som alle samarbeidspartane er forplikta til å følgje opp i planperioden.



1 Selja kloster 12.08.2025. Kvite sekkar med steinheller oppe ved terrassane og Sunnivahola, indikerer at ruinprosjektet ikkje er heilt ferdig. Arbeidet på ruinane til Sunnivakyrkja skal halde fram til 2027. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp



2 Selja sett frå land ved Skorbøen på Stadlandet februar 2024.

Foto: VLFK/Birgit Tansøy




3 Forvaltningsplanen omfattar heile øya Selja og holmane ikring.

Korleis er kulturminna i bruk? Selja har ei unik og spanande kulturhistorie som folk lokalt, skular, barnehagar og tilreisande ynskjer å lære om og oppleve. I tillegg er Selja eit viktig

pilegrimsmål og det skjer årlege religiøse seremoniar på øya. I samband med formidling av kulturminna på Selja, er det mange omsyn å ta. **Planen avklarar om det er interessekonflikt mellom bevarings- og opplevingsinteressene/reiseliv, og om det er nødvendig å sette inn tiltak som sikrar berekraftig reiseliv.** Tiltaka kan vere forslag til ulike former for formidling, og praktiske løysingar for å gjere besøka smidigare.

Forslaga vi kjem fram til i planen krev høg fagleg kompetanse og stabile økonomiske rammer. Korleis sikrar vi dette? Tiltaksforslaga er avhengig av at Selja kloster og helgenanlegg får statlege eller andre årlege løyvingar. **Planen drøftar og i størst mogeleg grad avklarar korleis vi i framover kan skaffe midlar for å sikre god og stabil arbeidskraft til dei ulike tiltaksforslaga i planen.**

Alle tiltaka som planen omtalar, er nedfelt i ein eigen handlingsplan for Selja kloster og helgenanlegg 2026-2036 som høyrer til planen.



*4 Biletet viser bekken som renn gjennom ruinområdet. I bakgrunnen ser vi Stadlandet med Ytre Fure og havet i vest.
Foto: Birgit Tansøy/VLFK*

Kulturmiljø og landskap

Eit viktig religiøst senter

Selja var eit viktig religiøst senter i mellomalderen, og vert rekna som Noregs eldste pilegrimsmål. Øya er knytt til legenda om Sta. Sunniva, ei irsk kongsdotter som flykta frå forfølging og som skal ha døydd i ei hole, Sunnivahola, på nordvestsida av øya.

På 1000-talet vart Albanuskyrkja bygd, og denne vart vidare innlemma i Benediktinarklosteret som vart reist tidleg på 1100-talet. Sjølve helleren vart vigsla til St. Mikael. Like utanfor helleren står ruinane etter Sunnivakyrkja mura opp på eit høgt platå.

Det første vestnorske bispesetet vart opphavleg etablert på Selja i 1068, før det vart flytta til Bergen i 1170 saman med relikviane etter Sta. Sunniva. Klosteret og heilagdommen til Sunniva gjorde staden til eit sentrum for kristendom og pilegrimar fram til reformasjonen på 1500-talet.

<https://kringom.no/nb/selja-klosterog-helgenanlegg>

På austsida av øya, på Bø, ligg restane att etter den første fylkeskyrkja med prestegard. Frå 1200-talet vart Bø-kyrkja omgjort til soknekyrkje. Prestegarden vart flytta over til Hove (Selje sentrum i dag) etter reformasjonen i 1537. Først i 1654 vart kyrkja flytta til noverande kyrkjestad på fastlandssida Selje. Seinare i 1866 vart Bø-kyrkja flytta vidare til Leikanger på nordsida av Stadlandet, og det vart bygd ei ny og større kyrkje i Selje.

Dei mange gravrøysene frå bronse- og jernalder på øya, òg ved noverande kyrkjestad i Selje, vitnar om busetnad og religiøse seremoniar i førkristen tid òg.

Selja – ei øy ved Stadlandet

Selja er ei øy som ligg i Sildegapet på sørsida av Stadlandet i Stad kommune, Vestland fylke. Arealet er på 1,6 km² og med høgste punkt på 201 m. Rundt øya ligg det fleire holmar og skjær - som Kjøholmen, Hesten og Klosterholmen. Den største av dei, som ligg aust for øya, heiter Ersholmen. Ope hav står rett på frå nordvest. Det er òg på nordvestsida av øya, der vindane er sterkast og havdønningane rår, at kloster og helgenanlegget ligg. Det tar ca. 10 minutt med motorbåt frå tettstaden Selje på fastlandet og ut til Selja.



5 Raud ring viser kvar Selja ligg, ved foten av Stadlandet.

Lyng og einer er den dominerande vegetasjonstypen. På austsida av øya, ved den tidlegare kyrkjestaden, finn vi også ein del grasvegetasjon. Den lunaste hamna ligg på Bø. Her er det fleire langgrunne vikar som eignar seg godt til å dra båtar opp på land. Det veks både lauv- og bartre på øya, hovudsakleg på aust- og sørsida. (*Les meir om vegetasjon i eige kapittel om vegetasjonsskjøtselen*)

Eigartilhøve

Bruk 1, Selje prestegard, er størst i areal og omfattar heile den nordlege delen av øya med kloster og helgenanlegget. Bruk 1 har òg areal på austsida av øya som omfattar tuftene etter mellomalderkyrkja og prestegarden på Bø. Ersholmen er òg omfatta av bruk 1.

Historikk om eigedomstilhøva

I mellomalderen var det vanleg praksis at kyrkjegods («inkludert klostergods og prestebordsgods») danna stiftingar. Det vil seie at dei var eigne rettssubjekt som eigde eigne bygg og jordegods. Kyrkja sine representantar utøvde berre ein forvaltningsrett over godset. Prestegardane vart i stor grad erverva ved kjøp. Enkelte eigedomar vart donert til kyrkja som prestebustad. Mange kjøp vart gjennomført ved at dei som ynskte seg ein prest samla inn pengar for å kjøpe ein gard presten kunne leve av. Dette var nødvendig for å få presten til staden.

I følgje skriftlege kjelder godkjende Pave Alexander 6. i 1497 søknaden til Kong Hans om at et kloster på Selja skulle ligge under abbeden i Nidarholm kloster (Munkholmen).

Men ved innføringa av reformasjonen, skjedde det ei markant endring knytt til eigarskap. Litt enkelt forklart kan ein seie at frå då av overtok dei verdslege statsmaktene

myndet/eigarskapen kyrkja tidlegare hadde hatt over kyrkjegodsa. Truleg var akkurat dette ei drivkraft i seg sjølv.

Etter reformasjonen skjedde det ein del plyndring eller gjenbruk av byggemateriala på Selja. Mykje av steinen vart sendt til ulike byggeprosjekt i Danmark. I 1545 bestemte kong Christian 3. i Odense at Selje kloster med all sin eigedom, bygning, gods, rente og rettigheiter osv, til evig tid skulle tilhøyre St.Jørgens hospital i Bergen (eit sjukehus for spedalske). Frå no av hørde klosterdelen av øya til hospitalet, medan austsida (Bø) hørde til prestegarden.

I 1805 var det auksjon over St. Jørgens hospital sitt jordegods. Kaptein Synnestvedt fekk tilslaget for 70 dalar. Men her vart det lagt inn protest frå lokalt hald. Med eit slik sal ville presten i Selje miste sommarbeitet sitt. Presten i Nordfjord, Claus Frimann, klaga på salet, og fekk medhald. Dette medførte at kongen ved reskrift datert 20. mars 1807 la heile øya under prestegarden, mot ei årleg avgift til hospitalet.

I 1814 overtok Opplysningsvesenets fond (OVF) eigedomsretten til Mensalgodset (grunnlovsparagraf § 106, og seinare § 116). I 1821 kom det lov om Opplysningsvesenets fond (OVF). Mykje likt slik vi kjenner det i dag. Seinare har det komme nyare lover som erstatta dei gamle. Seinast i juni 2024 der OVF bleifulleigd statleg aksjeselskap. Same året skifta selskapet namn til Allstad (*frå gjennomgangen til Mads Jansen ved Allstad i 2024 til Samarbeidsmøtet i juni for Selja kloster og helgenanlegg*).

I dag er øya delt inn i elleve bruk på aust og sørsida (bruk 1, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 23, 120, 162 og 207). Forutan Selje prestegard (bnr 1), heiter hovudbruka Bø (bnr 16) , Nordbø (17), Sørbø (15), Tunål (14), Heimly (13) og Ishaug (12). Desse bruka var i drift frå byrjinga av 1800-talet og fram til 1970-talet. I dag er det ni bufaste på Selja. I mellomalderen kjenner vi til tre bruk frå Bergens kalvskinn: Bø, Øvrebø (Æfra bø) og Helmarvika (Helgramannavik) (Halvorsen, Hødnebø og Rindal 1989). I mellomalderen var dei fleste eigedomane på Stadlandet klostergods. Dette gjaldt òg mange eigedomar på Sunnmøre, i Nordfjord og Sunnfjord.


Kulturminne og kulturmiljø på Selja

Hove er namnet på eldste garden på fastlandssida Selje. Stader med slike gardsnamn vert gjerne sett i samband med område som har religiøs funksjon i førkristen tid. Verdt å merke seg er at sundet mellom Ersholmen og Grytingsneset heiter Hovsundet. Men vi har ikkje skriftlege belegg, eller arkeologiske spor så langt, for at det har vore eit hov i Selje.

Vi veit ikkje kor gammalt namnet Selja er. Namnet er øynamnet som er teke opp i bygdenamnet, heradsnamnet og prestegjeldsnamnet Selje. I norrøne skrift er namnet stava Selio eller Seliu. I følgje Norsk stadnamnleksikon kan namnet vere ei avleiing til *Sel* «seterbu» og tyde «øya med salen». Namnet vert sett i samanheng med Sunnivahola (Sandnes og Semshaug 1997:386).

Mange har trekt fram at dei store havstraumane i vest naturleg fører båtar som driv/seglar innover mot den lunefulle skjergarden ved Stad. Den tida då båten var framkomstmiddelet og sjøen hovudvegen, var Selja ein viktig landingsstad i påvente av god bær vidare.

Utanom kloster og helgenanlegget på nordsida av øya, er Selja rik på fleire førhistoriske kulturminne.



6 Utsnitt frå kartet i Askeladden over kulturminna frå Selja. Raud prikk vil seie automatisk freda, medan grå prikk har uavklart vernestatus.

I alt er det registrert 23 automatisk freda kulturminnelokalitetar på Selja av nasjonal verdi, der fem av desse kulturminna utgjer kloster og helgenanlegget.

11 av kulturminnelokalitetane er gravrøyslokalitetar. Nokre av lokalitetane inneheld fleire enkeltgravminne slik at dei utgjer gravfelt. I tillegg er det registrert tre busettings- og aktivitetsområde, ei steinbrygge/kyrkjevorr, eit gjerde/innhenging og eitt dyrkingsspor som òg er automatisk freda. Kulturminna er datert frå bronsealder, jernalder og mellomalder.

I Askeladden (Det nasjonale fornminneregisteret) er det òg registrert åtte kulturminne som har uavklart vernestatus. Det vil seie at dei er rekna for å vere yngre enn 1537, altså frå nyare tid. Fleire av desse kulturminna *kan* vere førhistoriske kulturminne, men treng nærare undersøkingar for å stadfeste dette.


Potensialet for at det ligg fleire automatisk freda kulturminne på Selja er vurdert som svært høgt.

Geologi og steinbrot knytt til anlegget

Geologien på og omkring Selja er hovudsakleg gneis. Byggesteinen i kloster og helgenanlegget består av fleire murarverkstypar (t.d. romansk «mursteins» murverk og

gotisk «storsteins» murverk), og ulike stein: gneis, olivin (metaolivin), eklogitt og glimmerskifer og enkelte kalksteinar.

Kloster og helgenanlegget vart bygd over ein periode på 250 år, frå rundt 1000 (eller litt før) og til ut på 1300-talet. Reiskapane ein nytta for å skaffe seg stein var enkle: spett, kiler, slegger og hakker. Mesteparten av steinen til kloster og helgenanlegget er henta frå omkringliggende område og transportert til Selja med båt. Det sparte dei for tid, og det var enklare å forme steinane, som igjen gav betre murar (Storemyr 2020).



7 Regin Meyer forklarer prinsippa ved kistemur på Samarbeidsmøtet i Oslo november 2024. Foto: Birgit Tansøy/VLFK.

Sunnivakyrkja og den første Albanuskyrkja vart bygd som kvaderkyrkjer. Det vil seie med kistemur, eit ytre og eit indre «skal» med nøyaktig tilhogne steinar av metaolivinstein der mellomrommet vart fylt med uregelmessige mindre stein av stort sett eklogitt og kalkmørtel. Eit særtrekk er at kvadermurane på Selja er tynne. Årsaka er at førekomstane til metaolivinstein ikkje finst på Selja og at den er knapp i regionen. Førekomsten av slik stein (Askeladden id 180140-1) som peikar seg ut er Raudeberg på Vågsøy i Kinn kommune, som ligg ca 12 km sør for Selja (Storemyr 2020).



8 Delar av mur frå Sunnivakyrkja på Selja.

Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Dersom ein skal bygge raskt, så kan ein bygge med store stein og flate stein på høgkant, og så tilpasse med mengder av fin oppmura småstein – pinningsstein – mellom kvar av dei store. Dette dannar til saman skalet som vert fylt med småstein og mørtel. Metoden vert kalla gotisk storsteinsmurverk og er ein gjennomført bygningsmetode på Selja.

Pinningssteinførekomstar finst naturleg på Selja fleire stader. All storstein, pinningsstein og stein i murkjerne er heilt lokal. Den fann dei i fjøra eller i ura rett ved klosteret.

Villheller, som er brukt i fleire golv inne i bygga, og den hellelagde stien frå Klostervågen og opp, kjem frå Selja.

Det ligg dessutan spor att etter eit hellebrot frå mellomalderen (id 180141) med kilespor heilt nede i fjøra 200 m rett vest for klosterruinane. Brotet har rette fine flater og tverrsprekker.



9 Hellebrot frå mellomalderen. Askeladden id 180141

Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Sanden i mørtelen er lokal, medan kalken som vart brent frå marmor, truleg kjem frå Sunnmøre (Storemyr 2020).

Det har òg vore peikt på at den gule olivinsteinen frå Selja kan vere henta frå ein stad som heiter Gulestein på Rundreim gnr 278 ut frå stadnamnet, og kanskje frå Flister der det er eit påvist klebersteinsbrot med gulaktig stein (Askeladden id 333706). Sannsynlegvis er det tatt ut metaolivinstein til kvadmuren på Selja frå Deknepollen (id 179901). Det er dessutan godt mogeleg at det er henta ut gneisblokker frå garden Skårbø rett over fjorden på Stadlandet. Men det er ikkje gjort tilstrekkeleg med undersøkingar av områda som kan stadfeste bindeleddet til ruinane på Selja. Vi veit til dømes enno ikkje kvar kvartsittbrotet ligg som vart nytta til bygging av klosteranlegget på Selja i romansk tid (Storemyr 2020).



10 Kart over mogelege steinbrotlokalitetar der stein er brukt til kloster og helgeanlegget på Selja. Berre steinbrota frå Raudeberg (id 180140), Selja (id 180142 og 180141) og Deknepollen (id 179901) ligg inne i Askeladden med uavklart status.


Dei mogelege lokalitetane på Gulestein og Skorbøen er ikkje registrert i Askeladden. Klebersteinsførekomsten med spor etter uttak av kareme på Flister (Flisterpollen) er ikkje undersøkt, men ligg i Askeladden som automatisk freda (id 333706).

Selja i kommuneplanen

I den gjeldande kommuneplanens arealdel 2017-2029 for tidlegare Selje kommune, er heile øya Selja med holmar og skjær ikring, i tillegg til eit godt havstykke rundt og nordvestover, avsett til omsynssone kulturmiljø jfr pbl § 11-8 c (H-570). Omsynssone H570 omfattar viktige kulturminne som skal bevarast. For Selja gjeld retningslinene i føresegnene både det


som omhandlar omsynssone for kulturmiljø og for landskap. Essensen i retningslinjene er bevaring, både enkeltanlegg og verneverdige område. Steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar skal ikkje fjernast. Vidare at eksisterande hytter og hus skal haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordne seg omsyna som ligg til grunn i soneføremålet.

I tillegg er alle dei automatisk freda kulturminna merka av i kommuneplanen som omsynssone kulturminne bandlagt, jfr pbl § 11-8 d. I føresegna til omsynssona står det at inngrep i automatisk freda kulturminne ikkje er tillate.




11 Utsnitt frå gjeldande KPA Selje 2017-2029. Svart ring rundt øya Selja viser avgrensinga av omsynssone kulturmiljø øya og holmane og sjøstykket ikring.

Kloster og helgenanlegget og legenda om Sta. Sunniva har vore hovudmotivet til kommunevåpenet til Selje kommune frå 1948. Sta. Sunniva er òg brukt som inspirasjon i lag med fjordhesten i dagens kommunevåpen for Stad kommune.



Kommunevåpen frå ca. 1948-1991



Kommunevåpen frå 1991-2020



Kommunevåpen for Stad kommune i dag

Selja i kommunedelplan for kulturarv


Tidlegare Selje kommune har utarbeidd *Kommunedelplan for kulturarven i Selje kommune 2019-2029*. Planen vektlegg mellom anna kulturminne knytt til tru – før reformasjonen der klosteret på Selja, Sta. Sunnivalenda og Kystpilegrimsleia mellom anna er omtalt (s. 12-14

og 44). I planen står det at god kjennskap til den omfattende kulturarven er ein føresetnad for god formidling.

KULA-Selja

KULA står for *Kulturlandskap av nasjonal interesse* og er Noreg sitt svar på ratifiseringa av Den Europeiske landskapskonvensjonen. Den europeiske landskapskonvensjonen har som mål å verne, forvalte og planlegge landskap, og å organisere europeisk samarbeid på desse områda. Riksantikvaren har peikt ut KULA-landskap i oppdrag for Klima- og miljødepartementet i nært samarbeid med fylkeskommunar og kommunar. [KULA for Sogn og Fjordane, med areal også i Ulvik herad og Voss herad vart vedteken](#) i 2024.

Det er særskilt det dramatiske og vakre landskapet der landets første bispesete vart oppretta i den tidlege kristningsfasen, som er trekt fram for KULA-landskapet Selja (KULA-Selja s.20-23).



12 Kartutsnitt frå Askeladden. KULA-Selja K560 ligg like sør for KULA-Stadlandet (559). Legg merke til at det store havstrekket nordvestover for Selja, er med i KULA-Selja.

I KULA-Selja står det at landskapet er særskilt sårbart for attgroing og for utbyggingstiltak. Spesielt området ved kloster og helgenanlegget må skjermast for utbygging, men det er òg viktig at landskapet mellom Bø og klosteranlegget, samt Ersholmen vert skjerna for utbygging. Det er vidare peikt på at gardsdrift er positivt for å halde i hevd kulturlandskapet på øya, og at utfordringar knytt til klimaendringar med hyppigare og kraftigare stormar og nedbør, kan få store konsekvensar for bygningar, kaianlegg og andre kulturminne her. I samband med revisjon av KPA, vert kommunen oppmoda til å utvide omsynssona kulturmiljø (H570) til å gjelde *heile* KULA-området for Selja.

Det er sett opp fem viktige premiss for å ta vare på verdiane for KULA-Selja. Premissa må ligge til grunn ved alle nye tiltak, til dømes i samband med tilrettelegging for reiselivet:

- Omsynet til verdiane i landskapet
- Skjerme området ved kloster og helgenanlegget for nye tiltak, og sikring mot forfall og klimatruslar
- Støtte tiltak som bidrar til jordbruksdrift og beite
- Bevaring av eldre driftsformer som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, vegfar, nausttomter og landingsplassar for båt.
- Ta vare på den verneverdige bygningsmassen på gardane på øya. Behalde strukturen i dei eldre gardstuna. Evt nye bygningar bør setjast opp i tilknytning til eksisterande tun og tilpassast omgjevnadane og terrenget med omsyn til volum, materialval og form.



13 Klosterstien mellom Bø og kloster og helgenanlegget på nordvestsida, er godt synleg i terrenget. I bildet ser vi Silda, Skogsneseet og Kråkeneseet mot sørvest. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.

Rolle og ansvar

Ansvarsfordelinga om rette mynde og fagleg ansvarsområde etter kulturminnelova, er heimla i [Forskrift om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven](#). Det *kan* bli endringar i samband med det pågåande arbeidet med å revidere kulturminneloven til *kulturmiljøloven*. Arbeidet er venta ferdig i 2028.

Uavhengig av revisjonsarbeidet, har vi kartlagt kven som har kulturminnefaglege roller og interesser knytt til bevaring på Selja spesielt, og kva oppgåver som følgjer med dei ulike ansvarsområda i planperioden. Det er òg kartlagt kva for møtepunkt dei ulike partane har. Likevel *kan* det bli aktuelt å gjere mindre justeringar av oversikta under, dersom det viser seg at den nye kulturmiljøloven ikkje samsvarer med fordelinga under.

Tiltak:

Heilt tidleg i planperioden skal det, etter at forvaltningsplanen er vedtatt, utarbeidast skjøtselsavtale om grøn og kvit skjøtsel på Selja, mellom Stad kommune og Vestland fylkeskommune. I avtalen skal det òg komme fram korleis Stad kommune skal rapportere og følgje opp på årlege bevaringsbehov. Stad kommune skal utarbeide skjøtselsavtale med grunneigarane på Selja. Avtalen mellom Allstad og Stad kommune skal formalisere ansvar og roller.

Allstad

Allstad eiendom AS (tidlegare Opplysningsvesenets fond/OVF) eig mellomalderruinane på Selja. Dei eig òg kaia og Røysetbua i Klostervågen, og er den største grunneigaren på øya, gbnr 256/1, Selje prestegard. Det er også Allstad som eig Ersholmen.

[Allstad](#) er eit selskap som er eigd av staten. Utbytte frå selskapet skal bidra til [Kirkebevaringsfondet](#) for kulturhistoriske viktige kyrkjer. Allstad eiendom AS har gitt Stad kommune det formelle tiltakshavaransvaret for klosteret og helgenanlegget. Avtalen må verte formalisert for å klargjere ansvar og roller.

Møtepunkt: Allstad er fast medlem i Samarbeidsrådet for kloster og helgenanlegget.

Oppgåver: Allstad held jamleg kontakt med Stad kommune om vedlikehaldsbehov.

Andre grunneigarar på Selja

- Bruka
- 12 Ishaug
- 13 Heimly
- 14 Thunold
- 15 Sørbo
- 16 Bø
- 17 Nordbo
- 23 Norberg
- 120
- 162 Anderstun
- 207 Haugtun



14 Kart over bruka på Selja.

Møtepunkt: Stad kommune inviterer grunneigarane til eit årleg møte.

Oppgåver: Det er positivt om grunneigarane melder frå til kommunen/»oppsynspersonen» dersom det oppstår uønskte hendingar

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune (VLFK) er regional kulturmiljøstyresmakt og har forvaltingsansvar for Selja kloster og helgeanlegg, samt dei automatisk freda kulturminna på øya. Det skal utarbeidast skjøtselavtalar mellom Stad kommune og VLFK for Selja i planperioden.

Møtepunkt: Er fast medlem i Samarbeidsrådet, i Den faglege arbeidsgruppa, Den interne ruingruppa i VLFK, ressursgruppa for Selje regionale pilegrimssenter og deltar i Nordisk ruinseminar.

Oppgåver: Fylkeskommunen skal vurdere arealplanar, tiltak og inngrep som påverkar eller som kan påverke ruinen og dei automatisk freda kulturminna. Fylkeskommunen har [mynde](#) til å registrere, søke etter, vedlikehalde og skjøtte automatisk freda kulturminne. Vestland fylkeskommune skal òg vurdere skisseprosjekt, arkivstudiar og prosjektbeskrivingar i samband med større konserveringstiltak på Selja. Fylkeskommunen skal, jfr kml § 8 første og fjerde ledd, fatte vedtak (til løyve, eller til å nekte inngrep) med eller utan vilkår i samband

med søknad om bruk/tiltak ved/på automatisk freda kulturminne og mellomalderruinar som på Selja.

Fylkeskommunen fordeler tilskot til dei prioriterte ruinprosjekta på Vestlandet etter søknad. Fylkeskommunen skal gje råd om val av fagleg kompetanse i konserveringsprosjekt, og ta i mot årsrapportering frå skjøtselsarbeid som er gjort på anlegget. Fylkeskommunen rapporterer til Riksantikvaren på post 73 i Statsbudsjettet.

Stad kommune

Kommunen er kommunal planmynde. Dei er tiltakshavar (basert på avtalen med Allstad) for Selja kloster og helgenanlegg. Det vil seie at kommunen har teke på seg ansvaret for at ruinane blir haldne ved like, og har ansvaret for at skader på ruinen vert reparert (kvit skjøtsel) i planperioden. Kommunen kan som hovudregel ikkje gjere den kvite skjøtselen sjølv, sidan det krevst spesialkompetanse. Kommunen har ansvaret for at den grønne skjøtselen vert gjennomført på Klosterstien og omgjevnadane til klosteret og helgenanlegget. Kommunen har òg ansvaret med merking og skjøtsel av den søre og den midtre stien. Det kommunale ansvaret føreset ekstern finansiering.

Kommunen har etablert fast rådgjevarstilling som er kommunen sin representant i arbeidet med bevaring, restaurering, skjøtsel og forvaltninga av anlegget. Rådgjevaren held oppsyn med klosteret og helgenanlegget og rapporterer årleg tiltaksbehov til Stad kommune og Vestland fylkeskommune. Tiltak skal skje i nært samarbeid med Vestland fylkeskommune, (*Universitetsmuseet i Bergen, Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) med fleire*).

Stad kommune er fast medlem i Samarbeidsrådet for Selja (med tre representantar – kultursjef, kulturarvrådgjevar og dagleg leiar ved Regionalt pilegrimssenter Selje). Kommunen kallar inn til møta (4 gongar i året) og skriv referat etter møta.

Møtepunkt: Stad kommune er medlem i Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg, Den faglege arbeidsgruppa til Selja kloster og helgenanlegg, ressursgruppa for Selje regionale pilegrimssenter og nøkkelstadgruppa for Selja kloster (sjå under Selje Regionale Pilegrimssenter). Kommunen deltar på Nordisk ruinseminar.

Oppgåver:

- Halde oppsyn på Selja og følgje opp tiltak, og melde frå om behov knytt til kvit og grøn skjøtsel, beiting, skilting og merking.
- Skrive søknader om midlar til vedlikehald, restaurering og skjøtsel av anlegget, og inngå avtalar med og følgje opp handverkarar og skjøtselsarbeidarar som utfører arbeid på Selja.
- Søke midlar til tiltak knytt til skilting og merking. Lage avtalar med beitehaldar og beiterettshavar.
- Ha ansvar for vedlikehald og drift av lettbåten som er knytt til konserverings- og skjøtselsarbeidet på Selja.
- Rapportere årleg på kvit og grøn skjøtsel. Halde kontakt med grunneigarane med minimum eitt møte i året.

- Gje grunneigarane årleg informasjon om det som er gjort, og kva som er planen for neste år. Kommunen kallar inn til møte og skriv referat.

Kommunen skal oppdatere og legge ut relevant informasjon på [nettsida til Selja kloster](#). Dei skal lage årshjul som fortel kva for planlagde aktivitetar, t.d. skjøtselstiltak og kulturelle arrangement, som er tenkt gjennomført. Kommunen administrerer dessutan «hamneappen» i Klostervågen og har ansvaret for vedlikehald av hamneanlegget i Klostervågen.

Riksantikvaren

Riksantikvaren er eit direktorat under Klima- og miljødepartementet. Riksantikvaren hadde førstelinjeansvaret for m.a mellomalderruinar fram til 2020.

Møtepunkt: Arrangerer ulike møter og seminar om mellomalderruinar. Deltar i Nordisk ruinseminar.

Oppgåver: Riksantikvaren løyver midlar til ruinprosjekt i Noreg til fylkeskommunane heimla i [Forskrift om tilskudd til stavkirker, bygg og anlegg frå middelalderen, konservering og brannsikring](#).

Riksantikvaren er klageinstans i samband med vedtaka fylkeskommunen fattar. Riksantikvaren har ansvar for kunnskapsutvikling, og skal bidra til kompetanseheving ved å legge til rette for kurs/opplæring og nettverk (til dømes Nordisk ruinseminar, kursing av murarar). Riksantikvaren har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet utarbeidd [bevaringsprogram for mellomalderruinar](#).

Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)

NIKU er eit institutt som driv med kulturminnerelatert forskning og gjennomfører ulike oppgåver for offentleg forvaltning og private aktørar. Til dømes arkeologiske undersøkingar og konserveringsarbeid.

Møtepunkt: NIKU, avdeling Oslo, deltar i den faglege ressursgruppa for Selja i samband ruinprosjektet. NIKU deltar mellom anna i Nordisk ruinseminar.

Oppgåver: NIKU, avdeling Bergen, kjem med faglege vurderingar i samband med dispensasjonssøknader der det skal gjerast tiltak i mellomaldergrunnen. Det er også dei som utfører granskingar og rapporterer på arbeidet dei har gjort i samband med ruinprosjektet. NIKU gjennomfører også utgravingar i mellomalderbyar.

Universitetsmuseet i Bergen

Universitetsmuseet i Bergen er ein internasjonal forskingsinstitusjon med store vitenskaplege samlingar innan kultur- og naturhistorie. Dei ligg under Universitetet i Bergen.

Møtepunkt: Universitetsmuseet i Bergen deltar i Nordisk ruinseminar.

Oppgåver: Med unntak av kulturminne frå mellomalder, har Universitetsmuseet i Bergen mynde etter kml § 11 første ledd bokstav a til å søke etter, granske ved utgraving eller på anna måte vedlikehalde, restaurere, bygge opp igjen automatisk freda kulturminne. Dei har også ansvar for lause automatisk freda kulturminne.

Bergens sjøfartsmuseum

Bergens sjøfartsmuseum ligg under Museum Vest i Bergen. Museet har forvaltningsansvar for marine kulturminne i Vestland og på Sunnmøre.

Møtepunkt: Kan inviterast til møter/seminar ved behov.

Oppgåver: Sjøfartsmuseet har ansvaret for å ivareta staten sin eigeomsrett til skipsfunn, jfr kml § 14. Museet har mynde til å grave fram, flytte, granske og ta opp lause kulturminne som ligg under vatn. Dei har òg mynde til å undersøke, grave ut/hente opp skipsvrak eldre enn 100 år som ligg i sjøen eller på land, jamfør kml. § 11 første ledd bokstav b.

Regionalt Pilegrimssenter Selje

Regionalt Pilegrimssenter Selje (RPS Selje) er eitt av fire regionale pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleia. Kystpilegrimsleia er ei av ni nasjonale pilegrimsruter (St. Olavsvegar) mot Trondheim med utgangspunkt i mellomalderens pilegrimsreiser, og er innlemma i Europarådets nettverket av Europeiske kulturruter. Formålet med pilegrimsrutene er å bidra til positiv utvikling og verdiskaping langs rutene gjennom å legge til rette for auka bruk, formidling, reiseliv og samarbeid mellom kyrkje, kultur, næring og miljø.

RPS Selje har ansvar for fem nøkkelstader mellom Sognefjorden og Stad: Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Kinn kyrkje, Svanøy hovudgard og Selja kloster. På kvar nøkkelstad er det oppretta ei nøkkelstadgruppe med representantar frå kommunen, lokalt næringsliv, kyrkje, lag og organisasjonar. Desse gruppene skal legge til rette for aktivitet og gode besøkskvalitetar på kvar nøkkelstad.

Det er også oppretta ei regional ressursgruppe som skal bidra til utvikling innanfor RPS Selje sitt område. Denne gruppa har representantar frå Stad kommune, Vestland fylkeskommune, Fjordane friluftsråd, Visit Sunnfjord og Fjordkysten, Stad Vekst, Bjørgvin bispedøme og Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva.

RPS Selje har kontor og pilegrimsmottak i Selje prestegard, og driftar også turistinformasjonen, kafè, pilegrimsovernatting og utleige av lokale i pretsegarden.

[Les meir her](#) og [her](#) .

Møtepunkt: Er fast medlem i Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg.

Oppgåver: RPS Selje har ansvaret med å informere om Selja som pilegrimsmål og nøkkelstad langs Kystpilegrimsleia på ulike plattformer og bidra til auka besøk av pilegrimar gjennom samarbeid med ulike aktørar. RPS Selje skal koordinere skilting og merking langs leia og på nøkkelstadene i samarbeid med kommunane. Det er oppretta ei nøkkelstadgruppe for Selja kloster med representantar frå ulike kyrkjesamfunn, kulturaktørar, Stad kommune og lokalt næringsliv. I samarbeid med nøkkelstadgruppa skal RPS Selje bidra til lokal forankring, aktivitet på nøkkelstaden og godt vertskap for pilegrimar, og vil koordinere ulike arrangement som er planlagt på Selja og oppdaterer årshjulet som ligg på [nettsida til kommunen](#).

Sunnivaleia

Sunnivaleia vart etablert i 2013, og er ei eiga pilegrimslei mellom Kinn og Selja. Kinnakyrkja er startpunkt for leia, og Selja kloster endepunkt. Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva har ansvar for Sunnivaleia, inkludert skilting og merking, og arrangerer årlege vandringar. Sunnivaleia er pr i dag ikkje ein offisiell del av Kystpilegrimsleia, men stien mellom Bø og Selja kloster er felles.

Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva er medlem av ressursgruppa for RPS Selje.

[Les meir her](#) og [her](#)

Samarbeidsrådet for Selja kloster og helgenanlegg

Rådet vart etablert formelt i 2022 (og vedteken politisk i Fylkesutvalet i 2022 - VLFK sak nr 2022/54188-1), og består av representantar frå Stad kommune (kultursjef, Selje regionale pilegrimssenter, oppsynsperson/kulturarvrådgjevar), Vestland fylkeskommune (Kulturarv og Innovasjon og næringsutvikling), Bjørgvin bispedøme, Oslo katolske bispedøme og Allstad. Stad kommune har leiar og sekretærfunksjonen til rådet. Rådet har møte to gongar i halvåret, der det eine møtet er digitalt.

Samarbeidsrådet for Selja skal vere rådgjevings- og høyringsorgan for saker som vedkjem kloster og helgenanlegget på Selja. Rådet skal mellom anna følgje opp mål og tiltak i forvaltningsplanen. Samarbeidsrådet skal opprette ei ressursgruppe med representantar med lokal forankring, jf. vedtaket i Fylkesutvalet om ressursgruppe.

Den faglege arbeidsgruppa til Selja kloster og helgenanlegg

Gruppa er ikkje formalisert politisk, men den har eksistert sidan ruinprosjektet starta i 2006. Medlemmar i gruppa er «oppsynet»/Stad kommune, for ruinanlegga, NIKU, murar og Vestland fylkeskommune (arkeolog). Gruppa har jamlege fysiske møter gjennom året etter behov. Stad kommune koordinerer møta og kallar inn. Stad kommune/Vestland fylkeskommune er referent.



15 Selje prestegard (<https://seljeprestegard.no/>) er ein naturleg møtestad i samband med mange av dei fysiske møta til Samarbeidsrådet og den faglege arbeidsgruppa.

I prestegarden er det òg høve til å overnatte, hovudsakleg for pilegrimar, men òg for forvaltinga. Alstad eig prestegarden, medan Stad kommune leiger den og brukar huset til ulike kulturelle føremål. Prestegarden er freda og blir drifta av Regionalt pilegrimsenter i Selje. Pilegrimssenteret har publikumskontoret sitt i huset. Sommarstid er det kafè i prestegarden. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Kulturarvseksjonen i VLFK si «ruingruppe»

Gruppa består av tre seniorrådgjevarar/arkeologar frå fageininga Arealplan i Kulturarvseksjonen, avdeling for Kultur og Folkehelse. Målet med gruppa er å auke kompetansen om ruinane som fylkeskommunen forvaltar. Ruingruppa har jamlege møte (hovudsakleg digitale) gjennom året. Gruppa forvaltar fordeling av post 73-midlar til dei tre store ruinprosjekta (Selja, Halsnøy og Lyse) i Vestland fylkeskommune. Ruingruppa drøftar søknader om dispensasjon i samband med tiltak, og om graden av og type kvit og grøn skjøtsel på ruinane osv. Ruingruppa deltek aktivt i samband med faglege ruin-samlingar, td Grubleseminaret på Halsnøy og Nordisk ruinseminar.

Private aktørar

Det er privat aktør som har ansvaret for transport ut til Selja. Dette gjeld både bygderuta og turistruta. Transporten er konsesjonsbelagt og det Stad kommune som gir løyve. Kommunen har i ny konsesjon lagt inn krav om 15 kr i passasjervederlag som skal gå til besøksforvaltning.

Private aktørar har òg ansvaret for sal og marknadsføring av billettar, servicefunksjonar og opplevingar.

Fjordane friluftsråd

Fjordane friluftsråd gjennomfører strandrydding på Selja ved behov.

Forsknings- og bevaringshistorikk

– Selja kloster og helgenanlegg


Det er vanskeleg å sette ein eksakt start for når forskingshistoria på Selja tar til. Ho går i alle fall meir enn 200 år tilbake i tid (sjå også gjennomgang av forskingshistoria i Hommedal 1996). Før dei store kjende forskarane gjer seg gjeldande, tidleg på 1800-tallet, finst det allereie mindre kjende skildringar frå forskarane. Desse skildringane har kjeldeverdi til kulturminna, til lagnadene deira og korleis dei vart oppfatta i samtida.

I 1766 viser sokneprest Hans Strøm til Selløe: «...*hvor endnu sees mange Levninger af det bekiendte St. Sunnevæ (eller rettere St. Albani) Kloster, nemlig Taarnet i sin fulde høide tilige med Taarn-Trappen, og Klosteret selv adskillige Munke-Kieldere og et Kapell...*» (Strøm 1957, s. 476). I 1811 går den danske marineoffiseren Dahlerup i land på Selja for å sjå nære på: «*Ruinerne af et i sin Tid i Norge berømt og riigt Kloster, Sanct Synneve*». Ironisk nok skildrar han tårnet som står i dag, med at «...*der var saa vel conserveret, aat det saae ud til, det endnu kunde trodse et Par Aahundrer*». I tillegg framhevar han ein kvelva kjellar, truleg sakristiet, samt ein «meget» stor bygning i samband med tårnet. - Noko som må være sjøkløsterfirkanten. Tett opp under fjellet, der Dahlerup meinte det hadde vore ein «anseelig» bygning eller ei borg ved helleren, utførte han ei utgraving og fann «...*en stor Mængde, af Fyrrepinde raat tildannede Kors*», tolka som votivgåver (Hommedal 1997, s. 194).

Det er derimot med Lorentz Diderich Klüwer i 1817 at den første systematiske undersøkinga blir gjennomført. Klüwer er dessutan den første, i ei lang rekke av anerkjende «pionerar» og vitskapsmenn, kjend frå andre mellomalderanlegg i Noreg. Arbeidet innebar truleg ikkje ei utgraving (Krefting 1868, s. 5); men resulterte likevel i ei viktig oversikt over det som fanst av synlege ruiner der både klosteret og helgenanlegget er lett å kjenne att. Men framstillinga hans manglar fleire arkitektoniske detaljer som kom fram seinare. For første gang får vi eit målbart grunnplan av ruinane samt ei perspektivteikning trykt som litografi i 1823. I skildringa til Klüwer er det særskilt klosterkyrkja med tårnet, kapellet framom «Sunniva si hole», terrassen og helleren som får merksemd (Klüwer 1823, s. 133-136).




16 Klüwer.




17 Oversiktplanen til Klüwer.

I tiåra etter følger fleire besøk og korte skildringar frå Wilhelm Friman Koren Christie (1824) (Djupedal 1966, s. 43, 50), Jacob Neuman (1824, 1827, 1835) (Urda 1842, s. 25-28) og Nicolay Nicolaysen (1855). Dei mange besøka viser at Selja på dette tidspunktet hadde fått auka kulturhistorisk merksemd. Kort tid etter sette offiseren Otto Krefting i gang den første store utgravinga av ruinane i 1866. I mellomtida vart Fortidsminneforeningen oppretta (1844). Krefting vart leiar for Trondhjemsavdelingen (1864) og leia arbeidet på Selja på

vegne av denne. Krefting hadde då nettopp utført undersøkingar i Nidaros domkyrkje (Årsberetning for 1866, s. 6-20; Årsberetning for 1899, s. 120). Med utgravinga til Krefting på Selja vart meir av grunnplanet til klosteranlegget og omkringliggende bygningar (kalla den «nedre gruppe»), samt terrassen, Sunnivakyrkja og hola («den øvre gruppe») avdekt. I eit detaljert lengdesnitt får vi sett ruinane i landskapet og dei bevarte høgdenivåa deira. Klosterplanet blir klarare definert, som med unntak av halve korsgangen viser rom som kan gjenkjennast i dag. Til dette følgjer skildringar av dørøpningar, vindauge, konstruksjonsdelar samt funksjons-tolkingar og opplysningar frå skriftlege kjelder. Ikkje minst vert for første gang ei eldre kyrkje med basilikaform, som ifølgje Krefting vart forlenga ved grunnlegginga klosteret, identifisert i anlegget (Krefting et al. 1868, s. 3-15).



18 Grunnplan teikna av Krefting frå 1868.



19 Kreftings landskapsprofil aust-vest, sett mot nord, med innfelt plan av terrassen, Sunnivakyrkja og hellaren.

I 1867-1868 vidareførte kapellan Wilhelm Koren utgravingsarbeidet til Krefting i både øvre og nedre gruppe. Særskilt har utgravinga til Koren av helleren og dokumentasjonen av den

romlege inndelinga danna av murrestar, naturberg, trapper og golv, hatt mykje å seie. I ei sidehole til helleren fann Koren vasskjelda som han meinte måtte vere identisk med den lækjande kjelda omtalt i sagaen til Odd Munk (ca.1190). I tillegg vart det funne fragment av silkedamask, truleg frå ein messehagel. Hellaren vart vidare tolka som kapellet kalla «Salen» i same saga (Årsberetning for 1867, s. 116; Årsberetning for 1868, s. 6-12; Krefting et al. 1868, s. 6-9).


Parallelt med desse undersøkingane kom ruinane òg fram i kunst og biletmateriale. Særskilt det omtalte «Taarnet» var eit ynda motiv. Framstillingane viser eit ruinanlegg langt meir rotete og gjengrodd enn i dag. Dei har likevel eit romantisk preg med fredeleg havhorisont, beitande geiter, og besøkande fiskarar og bønder. Døme på dette er «Fiskere fra Sellöe» samt «Prospect af St Synneve Kloster-Ruiner» truleg av Hans L. Reusch, trykt som litografi av C.G.W. Prahl 1827-1830 og Frantz Wilhelm Schiertz' måleri frå 1873. Begge gir eit hovudintrykk av korleis lokaliteten såg ut. Likevel kan dei neppe brukast som etterretteleg arkeologisk dokumentasjon. Framstillingane er svært generelle og perspektiva samansett. Frå 1860-tallet begynner også dei første fotografia tatt av fotograf Marcus Noodt frå Trondheim å dukke opp. Desse gir eit innblikk i dei faktiske tilhøva. Fotoa viser ein stor ruinhaug sterkt prega av århundrar med steinbryting og illustrerer følgjeleg kva for utfordringar Krefting må ha stått ovafor i 1866.



20 Måleriet til Hans Leganger Reusch trykt som litografi av C.G.W. Prahl 1827-1830.



21 Måleriet til Frantz Wilhelm Schiertz' frå 1873





22 Foto av Marcus Noodt, perspektiv mot nord: tårnet til venstre og ruinen av klosterkyrkja til høgre for dette. I framkant ser vi ruinane til dei andre klosterfløyane (1865 eller 1866?) (Riksantikvarens arkiv).

Frå midten av 1800-talet gjekk det føre seg mykje viktig nybrotsarbeid innan historisk forskning. Selja er med i det store verket til Christian Lange «*De norske Klosters Historie i Middelalderen*» frå 1847. Her daterer han grunnlegginga av klosteret til slutten av 1000-talet, samstundes med opprettinga av bispesetet. I verket blir dei skriftlege kjeldene knytt til klosteret gjennomgått, men ruinane blir ikkje skildra. Når det gjeld spørsmålet om kvifor ein valde å leggje bispesetet på ei lita øy ute ved havet, blir funnet av beinleivningane etter den heilage Sunniva og følgjet hennar trekt fram: «*Et sådann funn var naturligvis i hine Dage en altfor viktig Omstændighed til ikke at benyttes*». Lange hevda òg at den første biskopen på Selja, Bernhard, flytta til Bergen seinare i livet (Lange 1847, s. 412).

Omtrent samstundes studerte P. A. Munch Sunnivalegenda. Han stilte spørsmål ved opphavet til legenda og drøfta om Olav Tryggvason sjølv kunne ha ført segna med seg. Munch knytte terrasseanlegget på øya til skildringa i Flatøyboka av «*ein steinmur, så høg og fast som det sterkaste verket ...*», og han meinte at broren til Sunniva, Albanus, truleg viser til den engelske protomartyren St. Albanus (Dahlerup 1908:122-124).


Mot slutten av 1800-tallet følger ytterlegare undersøkingar, men no utan større utgravingar og i kombinasjon med bevaringsarbeid. Tidlegare innebar bevaringstiltaka til Krefthing og Koren ei enkel tildekking av murverka til ruinane med torv som skulle hindre nedbryting og øydeleggingar. I tillegg vart grusen tatt vekk eller jamna ut for å gje leivningane eit passande og tiltalende utsjånad (Årsberetning for 1868). Koren skal også ha oppført støttemurar for å sikre kvelv og veggjar i sakristiet (Den fortsatte Undersøgelse af Selje Kirke og Klosterruiner i Sommeren 1867 (Riksantikvarens arkiv).

I 1883 foretok Haakon Thorsen undersøkingar samt «*de mest paatrængende Udbedringer*», og peika på at for framtidig bevaring av ruinane ville krevje «*temmlig betydelige Arbeider*» (Årsberetning for 1883, s. 153). Då Peter Andreas Blix gjennomførte «*Vedligeholdelsesarbeide*» sommaren 1885, vart tilstanden til det brøstferdige tårnet skildra, samt korleis ulike øydelagde parti vart reparert. Murar i tårnet, vindaugsbenkar og innvendige avsatsar vart dekt med heller og det vart fuga med sement mellom desse. Tilsvarende arbeid vart gjort i kyrkja, i fem av romma til klosterfløyane og i bygningen utanfor mot sør. Murane til Sunnivakyrkja vart òg dekt med heller og sidealtara gjenoppmurt. Blix korrigerer òg fleire detaljar i dokumentasjonen til Krefthing (Rapport om en del Vedligeholdsarbeide paa Selje Klosterruiner Sommeren 1885 (Riksantikvarens arkiv).



23 Utsnitt frå to av skissene i Peter Andreas Blix sin rapport frå 1885 (Riksantikvarens arkiv)

I 1891 kom Johan Meyer til Selja for å gjere undersøkingane sine. Han hadde også med seg murarar til reparasjonar av forfalne og utrasa parti. Blant arbeida som kort skildrast er utbetring av kvelv til sakristiet og murverk med sement. Det er også på dette tidspunktet at gjenstandsfunn som dekorativ og profilert bygningsstein blir lagt inn i sakristiet til oppbevaring. Rommet har hatt same funksjon fram til i dag (lapidarium). Meyer tolka vidare bygningskronologien til klosteret, kyrkja og tårnet med ein gjennomgang av steinmateriala olivin, kleber og gneis. Den opphavlege Albanuskirkja og Sunnivakyrkja vert påpeika å ha olivinkvadre med store handverksmessige likskapar og måtte følgeleg vere av same alder. På same måte som Blix, vert eldre dokumentasjon korrigert. Meyer utarbeider òg eit nytt grunnplan basert på oppmålingane til Krefting, samt snitteikningar der den eldste oppbygginga av Albanuskirkja er rekonstruert.¹



24 Oppmålinga til Johan Meyer: «St Albanus Kirke og Kloster paa Selje. Tversnitt M:1/100» (Riksantikvarens arkiv).

Nicolaysen sin publikasjon «Om ruinerne paa Selje» kom året etter og er ei systematisk skildring av samtlege ruinar som viser til dei tidlegare arbeida forskarar har gjort. Krefting og Meyer sine oppmålingsteikningar følgjer med som plansjeverk. Stadvis er fleire av forgjengarane sine skildringar gjengjeve i sitatform som Nicolaysen så kommenterer og supplerer med eigne observasjonar. Det vert dessutan gjort greie for legendemateriale, mellomalderse kjelder og den kronologiske utvikling til staden. Nicolaysen trekk også ruinane inn i nye større tolkingskontekstar knytt til norske og engelske klosteranlegg, samt utanlandske byggeskikkar (Nicolaysen, 1892).

I 1898 vart det på nytt meldt at tårnet hadde skrøpeleg forfatning: «..som truede med at falde», og Fortidsminneforeningen sender murmeister Ernst Hansen til å utføre reparasjonar.

¹ Notiser angaaende St. Albanus Kloster og Kirke og St Sunnva Kirke fra Selja. Johan Meyer 27/3 1892 (Riksantikvarens arkiv); Grundplan af St. Albanus Kirke og Kloster 1/200. Tegnet efter Kaptein Kreftings Opmaaling med mindre Endringer af Johan Meyer 1/9 1892; St Albanus Kirke og Kloster paa Selje. Tversnitt M:1/100.

Likevel kunne oppsynsmannen på Selja Ole Hamre allereie året etter fortelje at ruinane trengde ytterlegare reparasjonar og midlar ble stilt til disposisjon for året 1900.

Bergensavdelinga til Fortidsminneavdelingen ga ansvaret til å leie arbeidet til arkitekt Jens Z. M. Kielland (Årsberetning for 1898, s. 159, 162; Årsberetning for 1899, s. 122; Årsberetning for 1900, s. 320). I 1901-1903 løyvde Stortinget ekstraordinære midlar til ruinane som mellom anna innebar provisorisk støttarbeid av tårnet. Truleg er det dette støttarbeidet, frå tidleg på 1900-talet, vi ser på foto. Trass i dette går det fram i 1907 at «*Der gjenstaar imidlertid hele feltet oprydning, gjenopsætning af, hva der er gledet ut og faldt ned, samt alle murkroners tækning.*» (Årsberetning for 1898, s. 159, 162; Årsberetning for 1899, s. 122; Årsberetning for 1900, s. 320).

Sunnivakyrkeruinen hadde fram til no ikkje vore gjenstand for større bevaringstiltak, med unntak av Blix sine heller på murane og gjenoppmuring av sidealtara. Dette endra seg drastisk då arkitekt Rivertz ble satt til oppgåva i 1909. Foto tatt like før arbeidet viser ein ruin som manglar mykje av murskalet og der murkjerna er eksponert. Utanfor ruinen fann Rivertz stein som var laushogge og som han sette inn som nytt murskal med sement. Vidare meinte Rivertz at golv og veggjar i skipet hella ned i vest på grunn av ei setning. Han fekk difor heva den utvendige sokkelen slik at han låg i vater. Vidare vart mykje av golvet lagt om og det vart grave etter ein brønn midt inne i skipet (Brev fra Rivertz til Schirmer 06.09.1909 (Riksantikvarens arkiv).

Kritikken fra Fortidsminneforeningen var ikkje nådig: «*Som ruinen nu staar, er den ny, stygg og missvisende*». Mellom anna går det fram at Rivertz ikkje berre hadde tilført ex-situ bygningsstein, men også steinar in-situ hadde vorte tatt ned og murt opp igjen. Gjennomføringa viste manglande forståing for det gamle handverket, og året etter hadde sementen begynt å sprekke opp (Brev fra Kielland og Shetelig til FMF Bergens Avdelingens Bestyrelse 15.09.1910 (Riksantikvarens arkiv).



25 Figur 10 Sett mot nordaust: foto av Sunnivakyrkeruinen i 1909 like før restaureringa blir sett i gang, med Rivertz og to av murarane (Riksantikvarens arkiv). På toppen av murene ligg steinheller, truleg lagt av Blix i 1885.



26 Sett mot nordvest: foto av skipet til Sunnivakyrkja med vestmur og portalar året etter restaureringa til Rivertz (foto Håkon Shetelig 1910, Riksantikvarens arkiv).

I mellomtida hadde tilstanden til tårnet blitt enno meir kritisk, og i 1911 frykta ein at det kunne rase saman trass i støtteordninga. Foreningen sette bergensarkitekten Egill Reimers til å leie reparasjonsarbeidet etter tilråding frå arkitekt Carl Berner. Til å erstatte det manglande murskalet brukte dei i 1912-1914 småstein av gneis som vart sett i betong ved hjelp av forskalingar. Metoden vart testa ut på førehand og var inspirert av restaureringar i England med såkalla «flint-beton».^[22] Dette er forklaringa på det karakteristiske utsjånaden av tårnet som vi ser i dag med småsteinsmurskall i tillegg dei opphavlege olivinkvadrane og gneisblokkene. I 1914 kom òg tårnhjelmen på plass (Fra Hopland & Eide Bygmesterforretning til Reimers, Ang. Udført arbeidet med Selje klosterhjem 10.10.1914, Riksantikvarens arkiv).



27 Sett mot nordvest: tårnet med støtter i 1912 før restaureringa (ukjent, Riksantikvarens arkiv).

28 Sett mot nordaust: tårnet i 1915 etter at Reimers har sett inn småsteinsmurskalet samt ny tårnhjelm (Reimers, Riksantikvarens arkiv).

Reimers påpeika avslutningsvis at det neste som måtte reparerast og byggast opp igjen var terrassemurane som forsvann meir for kvart år (Brev fra Reimers til Direksjonen 09.10.1914 (Riksantikvarens arkiv)). Dette arbeidet og tiltak for dei resterande klosterruinane skulle derimot vente på seg. I 1927 vart det meldt om at «..utglidningen av terrasseanlegget forsetter hurtig...» samt at «...artikler i dagspressen synes å tyde på at katastrofen nærmer seg med hurtige skritt» (Årsberetning for 1927, s. 163).

Etter oppmoding frå Riksantikvaren tok bygningskonsulent Cato Enger kontakt med Reimers i 1935 og reiste til Selja for å synfare ruinane med omsyn til kommande konserveringsarbeid. Enger hadde då sidan 1919 vore assistenten til Gerhard Fischers ved fleire arkeologiske utgravingar og bygningsundersøkingar. Igjen er det terrassane som vert trekt fram som hovudprioritet med oppreinsking for å få sikre spor av planen etterfølgd av gjenoppbygging. I tårnet og helleren til Albanuskyrkja låg det på dette tidspunktet tjukke lag av gjødsel frå geit og sauer. Som metode på Selja trakk Enger fram konserveringa av Lyse klosterruin med armert sementavdekking og torv. (Brev frå Enger til Riksantikvaren 18.03.1935). Til å utføre arbeidet vart det brukt lokal arbeidsledig ungdom leia av to formenn (Enger 1949, s. 9-10; Brev fra Enger til Riksantikvaren 18.03.1935; Fortegnelse over arbeidsledige som menes å komme i betraktning ved arbeidet med restaurering av Selje kloster 1935, Selje arbeidsledighetsnemnd 13.07.1935 (Riksantikvarens arkiv)).

Enger sitt arbeid på Selja er det største prosjektet som er utført på staden. Det omfatta utgraving, bygningsundersøking, oppmåling, rekonstruksjon og konservering nesten kontinuerleg i fem år 1935-1940. Undersøkingane vart gjort i så og seie alle rom og i hola, men: «..jeg fant det riktigst å grave minst mulig i de masser som ikke var rørt ved tidligere utgravninger» (Enger 1949, s. 10). Med eit større kjeldemateriale trekk Enger tolkingane vidare omkring den kronologiske utviklinga til anlegget, med konstruksjonstrekk og funksjoner inkludert. Mykje av dette er samanfatta i publikasjonen Helligdommen på Selja (1949) og viktig kjeldemateriale finst i arkivet (Enger 1949). Når Enger gjenbrakte bygningsstein frå utgravingane i murskalet mot original kjerne, sette han inn koparbitar som markering mellom nytt og gammalt. Der det var usikkerheit om opphavleg steinmateriale vart metoden til Reimers nytta med småsteinar av gneis, slik vi framleis ser det i klosteret. Terrasseanlegget vart rekonstruert med gjenbrukt gneis som var rive ut og da opp mot bevarte nivå på avsatsane (Enger 1949, s. 45-46). Opphavleg nivå på yttermurane er ukjent og ikkje forsøkt rekonstruert.



29 Sett mot sørøst: Terrasseanlegget under gjenoppmuring i 1936 (Riksantikvarens arkiv)



30 Sett mot nord: restaurering av klosteranlegget og steinhuset i sør i 1938 eller 1939 (Riksantikvarens arkiv)

Utover 1950- og 1960-tallet skjer det lite på Selja. Synfaringssrapportar og brevkorrespondanse fortel om enkelte skadar og behov for mindre reparasjonar. Mellom anna vert koparplater lagt som ny takteking på tårnet i 1962 som erstatning for tidlegare skifertak (Brev frå Enger 22.08.1960; Brev frå Enger til Selje Trevare 26.09.1961; Brev frå

Selje Trevare til Riksantikvaren 12.03.1962; Brev frå Bård Berge til Riksantikvaren 30.05.1962). Murane i Sunniva- kyrkja vart rapportert å vere i stadig dårleg forfatning (Brev frå Per Fett til Fortidsminneforeningens Bergensavdeling 02.09.1958; Brev frå Nils Eidem til Riksantikvaren 17.04.1963). I 1966-67 utfører Enger undersøkingar og reparasjonar av murverket der mykje av arbeida til Rivertz frå 1909 må gjerast på nytt. Mellom anna vert det ytre murskalet på vestmuren tatt ned og mura opp igjen, og den ytre sokkelen i den vestre delen av skipets vert tilbakeført til opphavleg stad. I tillegg vert det lagt ny toppdekke i sement (Selje kloster. Undersøkelse av Sunnivakirken i tiden 9 september – 15 september 1966; Reparasjon av Sunnivakirkens ruiner 30.06.1967). Arbeidet vart utført av lokale ungdommar, mellom anna Kjell Nøstdal, etter instruksar frå Enger (Notat om restaureringsarbeid i Selja kloster 1967, skrive av Kjell Nøstdal i januar 2019, etter oppmodning av prosjektleiar Bjørn E. Jensen).

I tiåra etter Enger, er det igjen lita aktivitet. Det vert meldt om generell god bygningsmessig tilstand, men også enkelte tilfelle av utrasing, fuktinntrenging og forvitring, særskild i tårnet (Notat. A303 Selje Kloster. Klimaskader. Per Jahn Lavik 1979; Notat vedr. Selje klosterruiner, Selje kommune vedlikehold. Befaring den 16.09.1982). I 1993 vert det utført liming og injisering av lim i sprekkar og lause steinbitar i austfasaden på tårnet av GBL Restaureringsatelier ([Oppmålingstegning med markering av tiltak] Selje klosterruiner, Albanustårnet, østfasade, Skala 1:20, GBL Restaureringsatelier 1993. Gunn B. Løken).

Forskingsaktiviteten får eit oppsving på 1990-tallet. Det skuldast i stor grad «Seljaprojektet» (1990-1993), finansiert av Norges forskingsråd og leia av arkitekturhistorikar Hans Emil Lidén. I dette tverrfaglege prosjektet utførte kunsthistorikar Marit Nybø og arkeolog Alf Tore Hommedal bygningsundersøkingar av murverk, men òg utgravingar i Albanuskyrkja, i klosterhagen, samt i og ved Sunnivakyrkja saman med osteoarkeolog Berit Sellevold (Sellevold 1997). Aktuelle problemstillingar var knytt til opphavet til helgenanlegget, førhistoriske fasar og restar etter bispeanlegget (Hommedal 1993). I 1994 vart det arrangert eit forskingsseminar på Selja der delar av desse undersøkingane vart presentert, men òg bidrag frå ei rekke andre norske og utanlandske forskarar. Førelsingane vart publisert i boka «Selja – heilag stad i 1000 år» i 1997 og viser kva for problemstillingar som var i fokus på seminaret og kva for viktig ny kunnskap dei tok opp (Rindal 1997).

Viktig graving ved Selje kloster

Av: Marit Nybø (NAVF)

Når biskop Per Lønning i år held Seljumannmesse i Selje den 8. juli, går han i fotspora til hans eldste forgjengarar. No skal vi få vite meir om kvar spora fører. Vestlandets eldste kyrkjesamfunn, kanskje den første kristne stad i Noreg, skal undersøkjast grundig av forskarane. For dei som kjenner legenda om St. Sunniva og Seljemennene, er staden innhylla av mystikk. Når Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd (NAVF) no finansierer utgravinga og kunsthistorisk undersøking i Selje denne sommaren, er det fordi dei trur godt planlagde undersøkingar kan gje viktige svar på uløyste og spennande spørsmål om staden.

Noregs eldste kristne heilagstad med eigen helgendyrking har etter alt å dømme lege på øya Selje i Nordfjord – like inn frå Stadhavet. Øya har truleg vore eit bruhovud for innføringa av kristendomen i Noreg, og her kan ha vore ein kristen kultstad allereie tidleg på 1000-talet. Mot slutten av dette hundreåret vart staden truleg sete for den vestnorske biskopen, og truleg vart det på same tid grunnlagt eit be-

dei heilage menn i Selja som er nemnt, ikkje Sunniva. Desse lovene må vere nedteikna i dei siste tiåra av 1000-talet og dei første av 1100-talet, medan lovtradisjonane dei byggjer på, tildels går lengre tilbake. Kulten av Seljemennene må ha strekt seg over helle landet, og den var også kjend både på Island og i Sverige.

Denne kyrkjehegtida, som er den 8. juli, hadde den same grad av heilagdom som sundagane og andre viktige heilagdagane, slik som Olavsmessa, olsok. Først mellom 1100 og 1140 kan det så ha vore at Sunniva sto fram som ein hovudperson i Seljumannakulten.

Både i Oslo og Stavanger hadde bispesete på den tida fått sine namngjevne helgenar som var bygd opp på grunnlag av historiske personlegdomar. Det kan difor ha vore ønskeleg også for det vestnorske bispesete å få ein personifisert helgen med ei legende som kunne appellere til kjensler og fantasi i staden for dei meir anonyme Seljemennene.

Sunnivakulten synest likevel ikkje å ha nådd langt utover Selja før 1170, då skrinet til St. Sunniva vart overført til den nyoppførte domkyrkja i Bergen. Det markerte samstundes den offisielle flyttinga av bispesetet.

Eldste forgjengaren til Lønning



Utgravingar og kunsthistoriske undersøkingar i Selje denne sommaren kan gje viktige svar på uløyste og spennande spørsmål om Selje kloster. Kanskje vil ein finne spor av tidlegare bygningar under torva.

31 Firda 06.07.1990 om den kommande utgravinga på Selja.

I 2000 kom Nybø ut med PhD-avhandling om Albanuskyrkja, der ho identifiserer den eldste steinkyrkja med basilika-utforma skip og tolka den som bispekyrkja (Kristkyrkja) datert av ho til omkring 1090 (Nybø 2000). I samband med utgravingane til Hommedal på 1990-tallet vart det mellom anna påvist ei jordoppfylling like utanfor helleren frå yngre jernalder, samt keramikk frå folkevandringstid, noko som viser forhistorisk aktivitet på staden. Etter dette har Hommedal forska og publisert minst 10 artiklar om heilagstaden og helgenkulten. Han er følgjeleg den som har skriva mest om materialet både nasjonalt og internasjonalt (Hommedal 1993; 1995; 1996; 1997a; 1997b; 2018; 2019; 2021a; 2021b; 2021c). I dette inngår tolkingar omkring utviklinga av Selja og legendene knytt til St Sunniva og Seljemennene. Han har òg forska på opphavet til bispesetet og klosteret samt den vidare betydninga til St Sunniva etter at relikviane vart flytta til Bergen i 1170. I 2021 kom boka om St Sunniva som markerer jubileet for 1170-translasjonen og tar føre seg helgenen si rolle, og kulturarv med norske og utanlandske forskingsbidrag (Hommedal, Ommundsen, & O'Hara 2021).

Hommedal har òg vore involvert i bevaringa då han i 2002 skreiv tilstandsrapport med systematisk gjennomgang av alle ruinane i kloster og helgeanlegget. Klosteranlegget skildrast som å stå godt med unntak av enkelte parti. Det same gjeld terrassemurene utanom lause steinar som kunne rase ut, med anbefaling om sikring. Dette same gjaldt for hellertaket. Den store utfordringa som vart peikt på for klosteranlegget er vegetasjonen som har vakse fram etter at sauene slutta å beite der. Vekstar dekte hellegolva og det grodde godt oppover i murene. Vegetasjonsproblemet vart òg trekt fram for helgeanlegget (Hommedal 2002).

I 2006 kom ruinprosjektet til Riksantikvaren først leia av Anne Sofie Hygen, og deretter i ei årrekke av Inger Marie Aicher Olsrud som del av bevaringsprogrammet til Riksantikvaren.

Dette skulle innebære eit langsiktig og systematisk arbeid med ruinkonserveringa på Selja. Tiltaka vart frå kommunens side leia av Bjørn Jensen som sidan 1998 har vore tilsynsmann for ruinane. Heilt frå oppstarten av prosjektet, har det vorte utført regelmessige skjøtselsarbeid samt årlege konserveringstiltak på murane. Riksantikvaren sitt ruinprosjekt vart avslutta i 2020, men arbeidet har halde fram og vore finansiert gjennom tilskotsordninga til ruinen og anlegg frå mellomalderen som fylkeskommunen fordeler.

Gjennom ruinprosjektet har det også blitt utført dokumentasjons- og undersøkingsprosjekt mellom anna ved hjelp av digitale metodar. I 2008 vart det utført Lidarprosjekt av NIKU (flybåren skanning) der fleire ukjente kulturminne vart identifisert, i hovudsak utanfor ruinområdet (Risbøl 2009). I 2009 vart ruinane og det omliggande landskapet laserskannet av NIKU og Geoplan 3D (Meyer & Gustavsen 2011). I 2017 vart det laget fotogrammetri og AutoCAD-teikningar av PAST (PAST s.c. Reseach & Analysis on Heritage Sites 2017). Som del av ruinprosjektet er det òg undersøkt og kartlagt forvitringsskadar i tårnet samt identifisering av gneis- og eklogittsteinbrot på øya, og vidare forskning omkring olivinsteinens proveniens, utført av Per Storemyr Archaeology & Conservation Services i 2010 og 2015 (Storemyr 2010; Storemyr 2015). I 2021 og 2022 kørde NIKU geordar ved ruinane. Undersøkinga synleggjorde ei rekke strukturar som viser at det framleis finns leivningar frå mellomalderen og truleg førhistorisk tid som enno ikkje er grave ut (Gabler & Meyer 2023).



32 Georadar på Selja 24.06.2021: frå venstre Lars Gustavsen, Jani Causevic og Regin Meyer (NIKU).

Ein sentral del av ruinprosjektet har vore sjølve ruinkonserveringa. Utførande murarfirma har sidan 2007 vore Bakken og Magnussen Restaureringsverkstad leia av Geir Magnussen.

Magnussen har oppsummert det grundige arbeidet i ruinprosjektet år for år, jfr vedlegg 2 over kunnskapsgrunnlag.

Fylkeskommunen si rolle i ruinprosjektet

Fram til 2020, deltok fylkeskommunen i ruinprosjektet på Selja som observatør. Arkeolog frå Sogn og Fjordane fylkeskommune var med i fleire planleggingsmøter og synfaringar i lag med Riksantikvaren, Selje kommune (no Stad kommune), NIKU og handtverkarane. Riksantikvaren hadde det overordna forvaltningsansvaret for ruinane og som godkjende forslaga til tiltak og avgjorde kor mykje midlar som skulle løyvast til ruinprosjektet på Selja.

I 2020, i samband med regionreforma, overtok fylkeskommunen dette ansvaret frå Riksantikvaren. Frå då av er det fylkeskommunen som kan gje løyve til tiltak etter søknad for automatisk freda kulturminne. Det er også Vestland fylkeskommune som fordeler tilskot til

ruinane i Vestland etter Riksantikvaren si løyving frå post 73. Les meir om rollefordeling i
eige kapittel.

Bevaringstiltak for kloster og helgenanlegget



33 Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK

Kulturminnelova gjeld for Kloster og helgenanlegget og dei andre automatisk freda kulturminna på øya. Tiltaksforslaga i planperioden for Selja kloster og helgenanlegg tek utgangspunkt i [Riksantikvaren sine prinsipp om bevaring av ruinar](#).

Retningslinjer for kvit og grøn skjøtsel ved kloster og helgenanlegget på Selja:

Ruinane skal konserverast slik dei vart funne.

Tilnærminga skal vere forsiktig og konservativ. Det vil seie at det skal gjennomførast så minimale fysiske inngrep som mogeleg med maksimale teknisk presisjon.

Vi skal tenke, planlegge og handle heilskapleg. Det vil seie at ruin og omgjevnader er element i same kulturmiljø.

Alle tiltak skal dokumenterast før, under og etter tiltak. Det same gjeld eventuelle årsaker for kvifor ein ikkje vel å gjere noko. Dokumentasjon av tilstanden før inngrep og av inngrepsprosessen, er like viktig som dokumentasjon av resultatet.

Vi skal ikkje skjule eller fjerne konserverande aldring.

Vi skal freiste å sjå problem/det som er vanskeleg før det oppstår.


Vi skal sørge for regelmessig godt vedlikehald.

Alt murararbeid skal gjennomførast av godkjend murar med særskilt kompetanse innan ruinkonservering.

Nedanfor er forslag til bevaringstiltak for anlegget del for del. Forslaga tilrådd i samarbeid med *faggrupp*a til Selja kloster og helgeanlegg og ruingruppa i VLFK. Ved sidan av Askeladden id, har vi tatt utgangspunkt i same namnebruk for dei ulike delane i anlegget som ruinprosjektet (2006-2027) har brukt. Det vil seie at vi òg nyttar same bokstavinndelingane frå planskissa til Cato Enger 1949 for å skilje mellom ulike "rom" i ruinane. Alle flyfoto/dronefoto (foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK) og planskisser står i nord-sør retning nedanfor.




34 Flyfoto av ruinane Id 83760 1-8 og Cato Enger 1949 si planskisse.



ID 83760- 1-8 Klosteranlegg

Kyrkjegarden – innvendige flata (F):

Kyrkjegarden har prosesjonsgang på innsida og steinlagt flate framfor tårnet.



Cato Enger undersøkte området under den steinlagde vegen nord for koret på 1930-talet, og der fann dei ein kisteforma gravstein frå 1100-talet. Steinen var allereie då forvitra (Enger 1949: 42). Under gravsteinen fann dei ein trebotn med låge karmar av tjukke plankar. Liket var sydd inn i skinn. I dei lause fyllmassane på nordsida av kista fann dei fem pilegrimsmerke (Enger 1949: 44).

I 2010/12 vart gravsteinen tatt opp og plassert i sakristiet med tanke på bevaring. Steinplata låg nedseinka i terrenget. Steinen var i samband med tidlegare konserveringsarbeid sikra ved at det var murt betong under. Mesteparten av betongen vart fjerna i 2012 (høyrrer til under ruinprosjektet 2006-2027).

Denne gravsteinen har høg formidlingsverdi. Det er funne få slike gravsteinar frå 1100-talet i Norge. På denne tida var det berre eliten som fekk slike gravminne, og som vart gravlagd så nært kyrkja. Ved Nidarosdomen ser det ut til å vere funne éin tilsvarande gravstein.

Bevaringstiltak: Vedlikehalde steinsettingane på flata. Her er det mest tale om grøn skjøtsel ved å slå graset, men også litt kvit skjøtsel inn mot murane. Årleg tilsyn.

Gravsteinen bør få betre bevaringsforhold.



Kyrkjegardsmuren:

Utgjer tørrmur som omkransar kyrkjegarden (sjå bilete over). Utfordringane er stabilitet av ein rein tørrmur. Det er eit godt lag med mose/ymse på toppen av muren. *(gjort tiltak etter utrasing i 2010 – utvendig midt i svingen mot nord)*

Bevaringsiltak: sjå til at stein ikkje rasar ut og gjere tiltak ved behov. Det er nokre begynnande deformasjonar som ein må følgje med på. Skulle den ha vore fuktsikra? - Altså å legge på eit lag topplag med leire. I så fall mellomlagrar ein vegetasjonen under arbeidet, og legg den tilbake etterpå. Vegetasjonen kan få vere på muren. Årleg tilsyn.

Klosterhagen (H):



Utgjer det flate området i midten av ruinen H (Enger 1949). Publikumsbenkane vert sett opp i dette området i sommarsesongen. Den utgjer òg gangareala med steinlagde heller rundt hagen.



Bevaringstiltak: Tilsyn av murane rundt klosterhagen – endringar/deformasjonar/utrasing – årleg tilsyn. Det må klippast gras i ved dei steinlagde hellene rundt klostergarden (korsgangen) fleire gongar i sommarsesongen. Den grønne skjøtselen på golvet er veldig viktig. Skjøtselen må gjerast både for hand og maskinelt fleire gongar gjennom sommarsesongen.

Albanuskyrkja og tårnet (G1-G4):

Utgjer sjølve tårnet (G4) som har tak, innvendig i tårnet med steintrapp, etasjeskilje, klokke, dør, vindauge med pleksiglas og gitter/port, samt murane/ruinane til sjølve Albanuskyrkja og flata inne i kyrkja. Heile Albanuskyrkja er uterom (G1, G2 og G3).



Bevaringstiltak:

Utvendige veggjar og tak i tårnet: Når det gjeld taket må ein halde tilsyn med kopartekkinga (*kopartaket har stått slik sidan tidleg på 1930 talet*). Vi må sjå etter lekkasjar på innsida av taket. I tillegg må vi sjå om det er endringar på tekkinga på toppen utvendig. Her må ein periodevis opp med stillas. Men elles går det greitt å bruke drone/bilete for å halde tilsyn. Det kan drive inn vatn med mykje nedbør og vind i falsane. Sjå til at platene er festa saman i falsane, og at dei er festa til i taktroa. *Taktroa er sjekka i samband m/ruinprosjektet – den ser ok ut*. Elles må vi ha normalt tilsyn med ytterveggane. Det vil seie at det ser likt ut frå år til år. Er det manglande fuger? Gå rundt og sjå om det er nedfall frå tårnet. Eit tips er å ta bilete kvart 5 år og så samanlikne desse. Er det noko nytt som er dukka opp nede ved bakken? Dører og hengsler (spesielt i mur) må sjekkast årleg. På vestsida er det ei tofløya dør portal – mot aust ei grind.

Innvendige veggjar i tårnet, golv og steintrapp: I første etasje er det alternisje inn mot nordvegg med boge i olivinstein og vindaugsopning med olivinstein inn mot aust (som eigentleg er vindaugsopning inn mot vest til Albanuskyrkja). Ha tilsyn av forvittringshastigheit i olivinstein der, og forvitring av gneis i veggane. I alle etasjenivåa i veggane må vi samle opp nedfall og vege det i ny og ne (*dette er gjort tre gongar frå 2007 og fram til no – første året vog nedfallet 12 kilo – andre gongen 2010 – 4-4,5 kg andre og tredje gongen enno mindre – det vart ein mykje meir betra situasjon etter at det vart sett inn vindauge i tårnet, jfr forslaga til Storemyr 2020*). Kontrollere alle veggflatene (*veggflatene har vore limt i 1990-talet og 2010 i alle nivåa*). Ein bør fortsette dette arbeidet med liming (*movolitt på 90-talet, 2000 talet limt med epoksi eller polyesterlim og ein lim med bivoks og kvæ*). For å kunne dokumentere kva som er gjort i ettertida, bør ein bruke epoksi eller polyesterlim. Med slik lim kan vi tidfeste kva som er gjort. Bakken & Magnussen har nytta ein litt svakare blanding av epoksilimen og punktlimt feste. Det er greitt å fortsetje slik.

Golv i første etasje i tårnet som består av hellegolv må kostast kvart år. Det kan vere nedfall frå veggjar/ting som vert blåst inn, og som må fjernast kvart år. Det er viktig å lukke grinda slik at ikkje beitedyr går inn. Tilsyn og vedlikehald av grind og hengsler kvart år er viktig.

Når det gjeld steintrappa inne i tårnet må vi ha tilsyn knytt til fukt mot nordvest. Her står vinden rett på. Sjå om det er slitasje i trappene (*ikkje gjort tiltak her innvendig, men utvendig for vassinntrenging*). Steinen like over trappa har ein rune inskripsjon. Denne må sjekkast.



Det må vere jamleg kontroll av vindauga i tårnet. Særskilt er det viktig å sjekke etter periodar med stormar. Ser det likt ut?

Golva og trapper i tre i tårnet må sjekkast for råte. Opphenget til klokka må årleg sjekkast. Er det rotne parti, så må desse skiftast ut. I 2025 skal nokre rotne golvbord skiftast ut.

Innvendig i sjølve Albanuskyrkja: – ute - Trakkheller innvendig ved nordportal og inngang til tårnet må sjekkast. Det har vore ansamlingar av vatn ved inngangen til tårnet. Det er lagt ned heller i dette området for å unngå mykje trakk i bakken. Tilsyn av hellegangar generelt er viktig. Markeringa av det gamle koret i Albanuskyrkja må sjekkast årleg.

Vestfløyen (L1-2 og LS):

Vestfløyen består av tre rom L1, L2 og LS (sjå Enger si planteikning 1949).




Bevaringstiltak:

Det er viktig å sjekke for lause steinar og dårlege fuger som kan drenere vatn inn i murane og at toppdekke ikkje er oppsprukke (dette gjeld for toppdekke på alle murane). Reinsking i murverket for vegetasjon. Viktig å bruke kantklipparane rett – slå graset ut frå muren og ikkje inntil. Viktig at når ein klipper så skal graset kastast vekk frå ruinen. Hald 5 cm avstand i frå muren. Enkelte plassar må ein gjere jobben manuelt. Ta vare på sjeldne artar i muren, murburkne og havburkne (nært trua). I samband med ruinprosjektet har murararbeidarane gjort mykje av arbeidet og i lag med sommarhjelpene. Sjå på endringar frå år til år. Det er viktig å reise ut og sjå på tilstand i samband med særskilde hendingar som jordskjelv, eller periodar med sterk (storm/orkan) vind. Vestfløyen har bentonittleire og torv på toppen – her ynskjer ein å bevare torva. Torva pleier seg litt sjølv. Vinden reinskar, slik at det ikkje veks for mykje. Golvet i abbedens rom er gruslagt. Vi bør vurdere tiltak for å bevare grunnen.

Sørfløyen:

Består av romma K1, K2, K3 og K4 (Enger 1949).




Bevaringstiltak:

Tiltaksforslaga er mykje dei same som for Vestfløyen, utanom at her er det ikkje torv på toppen av muren. Toppdekket er av betong. Derfor reparerer ein med betong (men med ein litt svakare type). Betongen på toppen er armert med hønsenetting eller nettinggjerde, dette kan ruste. Denne nettingen bør rustbehandlast. Det gjer ein ved å legge på ein spesiell mørtel, og så legg ein betongen tilbake. Skjer ein gong kvart tiande år.

På Sørfløyen er ein del spesielle bygningsrestar. Til dømes er det ein søyletrommel og andre ruindelar som må ha ekstra tilsyn. Heilt aust på muren må terrengmuren sjekkast for utgliding/ending i terreng (j. på Klüwer si planteikning). Golv og vegetasjonsreinsking må gjerast årleg.

«To oppmurte kulpar/vasskjelde» og opa veite/Sunnivakjelda på utsida av Sørfløyen:



Vasskjelda ligg utanfor Sørfløyen og den opne veita/Sunnivakjelda går frå området ved Smia.



Bevaringstiltak: Tømme kulpane for avfall av og til. I tillegg må ein reinske opp dreneringsbekken. Det er viktig å reinske kantar slik at vatnet renn fritt. Kommunen har brukt å gjere dette arbeidet som del av den grønne skjøtselen.

Austfløyen med sakristiet (I1-2):

Utgjer romma I1 og I2. Sakristiet (I1) har kvelva tak over halve bygget. Inn under taket i sakristiet er det sett opp trehyller i galvanisert materiale. Fleire steinar med uthogne mønster er stilt ut i trehyllene. Det ligg òg delar av to ulike sarkofag (frå kyrkjegarden) på golvet inne i sakristiet. Sakristiet er sikra med ein smijernsport med hengelås. Gjenstandane er ikkje systematisk registrert.




Bevaringstiltak: Kontroll av tak over sakristiet. Det ligg mindre restar av vegetasjon på taket. Denne vegetasjonen kan berre vere der. Det vert mindre og mindre av den. Det er ein del groing i veggane som bør reinskast ut. Det må vere tilsyn av gitter og hengslar for porten inn til steinlagringa i sakristiet. (*Geir er godt i gang med prosjektplan for utviding. Meininga er å få betre plass til oppbevaring av fleire steinar med hogne mønster t.d. frå Sunnivakyrkja, og hindre at slagregn kjem inn på steinane*). Trehyllene inne i sakristiet må skiftast ut til ikkje impregnert materiale. Impregnert materiale sug til seg fukt. Dette er uheldig for steinane som ligg lagra.

Når det gjeld grøn skjøtsel, bør ein luke innanfor porten òg. Porten er låst – *Bjørn og Geir har nøkkelen*. Vi bør ha ein nøkkelboks på øya til både arbeidsbrakka og sakristiet.

Gjestehuset/bakeri (N1-2):

Ruinen ligg sør for Sørfløyen og er frittliggande. Bygningen har to rom, N1 og N2. På 2000-talet rasa det ned ei stor steinblokk i rom N1.



Bevaringstiltak: Sjå til golv og veggjar utvendig og innvendig, samt toppdekke på murverk. I dette området er det ei utfordring med rasfare. Publikum bør ikkje opphalde seg i bakken ovanfor ruinen. Ein geolog må gjere vurderingar av kor trygt det er å opphalde seg ved ruinen. Det er ein del vekstar/lauvtre i sidene ved ruinen, som bør fjernast. Vi må avklare kva som skal vekk/behaldast. Småtre i bakkane må klippast på hausten for å unngå rotskot. Klippe for hand. Rutine.

Smie/sjukestove (E):



Ruinen ligg fritt like sør for stien som fører opp til Sunnivahola merka med E på Enger si planskisse. I samband med ruinprosjektet vart det gjort tiltak i 2024 i golvet. Tiltaka gjekk ut på utreinsking mellom golvhellene. I tillegg til at ein tok vekk massar som låg inntil murverket på utsida av bygningen (bakkesig).



Bevaringstiltak: Her bør ein ha tilsyn med bakkesiget. Elles gjeld dei vanlege tiltaka med tilsyn og bevaringstiltaka for murverket.

Askeladden id ID 83760- 1-8 og 84839-1-5 Sti og trappene opp til Sunnivakyrkja

Sti og trappene opp til Sunnivakyrkja. Stien går opp til Sunnivakyrkja og Sunnivahola forbi terrassen. Nedste del består av ein sti som delvis er bygd opp med trinn av einestokkar og fylt på med pukk som flate (trappetrinn, opp- og inntrinn). Det er i tillegg sett opp smijernsstolpar der eit tau er trekt gjennom og fungerer som «handtak» for dei som ynskjer noko å halde seg i på veg oppover. Nedste hjørnet til terrassen er det steinlagde trapper opp til Sunnivakyrkja og platået der. Trappene vidare opp til Sunnivahola er òg av stein. Enger har teikna stien og trappene, men ikkje namngitt desse. Bekken som går langs etter og på nordsida av trappene, er omtalt i skriftlege kjelder frå 1190-talet og ca1390 som ein heilag bekk. Odd Munk kallar han ein liten løk og at folk får lækjedom av han.





Trappetrinna med einepålar og smijernspålar frå flata nede og opp mot Sunnivakyrkja. Sommarstid skal det ligge eit hampetau mellom stolpane.



Trappene opp til Sunnivakyrkja ved terrasseveggen. Det renn ein bekk mellom berget og trappa til venstre i biletet. Denne bekken må reinskast opp i årleg slik at han renn fritt.



Det er ikkje greitt å gå i desse islagde trappene vinterstid (dette frå februar 2025).

Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Bevaringstiltak:

Stien opp til trapp: Einestokkane må sjekkast for slitasje og varigheit. Det kjem til å vere behov for å etterfylle med massar sand/grus i trappesatsane. Eventuelt kan ein vurdere om det er behov for å etablere meir vedlikehaldsfrie trappetrinn, til dømes i stein. Tilsyn av gjerdestolpane i jern. Står dei stødig? Vi bør ha to jernstolpar til (*sjekke kvar*). Mellom gjerdestolpane skal det gå eit tau til å halde seg i. Tauet skal berre vere på gjennom sommarhalvåret (vinden øydelegg det om vi ikkje tar det vekk gjennom vintersesongen). Vi må ha nytt tau i hamp (tauet må kanskje skiftast ut annakvart år?). Vi må ha tilsyn med at folk følgjer den tiltenkte vegen opp – at folk ikkje lagar seg egne trakk opp. Derfor er det viktig å passe på at vatnet vert leida vekk frå stien slik at han er mest mogeleg tørr. Om vinteren kan det legges seg is i trappetrinna dersom vatnet ikkje vert leida vekk. Her må det til


generell terrengskjøtsel. Massar som sig må «løftast» opp igjen etter kvart elles blir dei for vaska ut. Dersom vatn som naturleg renn får nytt feste vert massar flytta på. Det må vi unngå. Det er murarane som har gjort dette arbeidet (*sist skifte av einestokkar i samband med at dronninga var på besøk ca. 10 år sidan*). Einestokkar vart tinga via snikkar. Evt. må grus fyllast på trappene. Grusen må transporterast ut med helikopter. Det er viktig å ha god logistikk på helikoptertransport (alltid ta med noko på returen).

Trappene langs terrassane – sjekke at steinane ligg stabilt, bekken ved sidan (mellom berget og trappa frå terrassen) av må reinskast for vegetasjon minimum annakvart år – særskilt heilt nedst ved første trappeavsats (på baksida av muren) ved nedste terrassen. For å forhindre at vatnet renn vidare nedover i terrasserte gangen, vatnet bør ledast nedover mot sør mest mogleg. Greitt å sjekke korleis tilstanden er når det er snø og snøsmelting (vere varsam kan vere glatt på berg og steinar – bør ha hjelm). Sjekke for lause steinar mot nord – steinar som dett ned frå fjellskråninga – plukke laussteinar i alle fall kvart 5 år. Sjå om det er endringar i berget på veg opp mot Sunnivakyrkja og hola. Kjem til å bli sett opp målepunkt i trappa for å måle sprekkar på terrassane. Bør ha eit overblikk av koparmerking av terrassane slik at vedkommande ser kva som er nytt og gamalt.

Tilsyn osb. gjeld og for dei siste trappene opp mot Sunnivahola. Men desse trappene er det mindre vedlikehald med sidan dei står under tak/helleren.

Id 84839 -5 Terrassane



Terrassane (D): Utgjer terrassane i tre ulike nivå, opp mot Sunnivakyrkja, (sjå D på Enger si planskisse), og interne trapper.






Bevaringstiltak: Det skal settast opp eit manuelt målesystem i 2025 som skal brukast til å sjekke evt. utgliding. Det er synkehol oppe på flatene, særskilt på den nedste terrassen (D3). Her må ein ha tilsyn på flata, dersom synkehol vert synleg, må ein etterfylle med singel/pukk og jord slik at folk ikkje skader seg. Det må vere jamleg tilsyn med dei tørrmurte terrengmurane mellom terrassane. Alt vil ned. Derfor må det sjekkast for sig/utglidingar jamleg. Vi må ha eit overblikk over samtlege tre sider av murane og vi må sjå etter nedfall, oppsprekking, utfelling osv. Det må vere tilsyn med interne trapper òg.

Sunnivakyrkja (C) står øvst på terrassen opp mot Sunnivahola. Merka som C i planskissa til Enger (1949). Kyrkja er plassert så langt opp mot Sunnivahola som mogeleg. Ruinen består av to rom, kor (C1) og skip (C2).




Bevaringstiltak: Per i dag (2026) er dette eit anleggsområde. Det vert utarbeidd forslag til bevaringstiltak i enden av det arbeidet – ferdig om to år – 2027. I år startar murarane med tilbakeføringa. Golv, alter, mur og toppdekke skal setjast i stand.

Helleren/hola: Består av naturleg heller med oppmurt tørrmur i sør. Inne i helleren er Sunnivakjelda i nord, like innanfor inngangen. Veggane har vore kalka. Helleren kan stengast med smijernsgrind.



Dronebiletet av Sunnivahellaren er tatt mot sør.



35 Bilete frå innsida av Sunnivahola.

Foto: Birgit Tansøy/VLFK


Bevaringstiltak: Muren står godt beskytta under helleren, men det er greitt å sjå om det har skjedd endringar. Sjekke hengsler til porten. Fleire ynskjer at Sunnivakjelda skal vere tilgjengeleg igjen som attraksjon. I planen føreslår vi å fjerne steinane som stengde igjen

kjelda på 1960-talet. Sjekke at folk ikkje gjer skade med inskripsjonar (evt. lage informasjon om dette). Ta vekk evt. steinar/vardar og telys osb. som folk har sett opp inne i helleren. Evt. også informere om at ein ikkje må legge igjen telys og steinar her.

Minimum annakvart år må ein sjekke om det er lause steinar/parti ved inngangen over helleren som er i ferd med å gli/rase ut.

Id 83760-1-8 Naustet

Naustet utgjer tørrmura naustveggar ved ei naturleg vik i Klostervågen. På grunn av landehevinga sto sjøen 0,5-0,7 m høgare i mellomalderen. Derfor var vika og naustet mykje meir tilgjengeleg for båtar enn i dag. Mykje av naustet vart gjenoppbygd i 1940 under leiing av Cato Enger. Enger la ikkje inn markering mellom originalt og rekonstruert murverk her. Sjølve båtopptrekket, nord for naustet, er gjenoppbygd (Hommedal 2002:10).



36 Nausttufta med båtopptrekk. Dronefoto tatt mot sør.


Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK.



Bevaringstiltak: Naustet var ikkje med i ruinprosjektet. Derfor er det ikkje gjennomført bevaringstiltak på murarverket. *Sjekk om tiltaksforslaga til Hommedal 2002 framleis gjeld?* Det finst spor etter gangveg frå ruinanlegget og ned til naustet. Men spora er ikkje leita etter. Så kanskje dersom ein går gjennom ny software til Lidarskanninga kan ein finne stien? Naustet bør gjerast tilgjengeleg i samband med formidlinga. NIKU skal ha gjort laserscan frå bakken – Naustet skulle ha vore restaurert slik at ein forstår korleis ein lasta og lessa. *Sjekk om grua inne i naustet er fjerna – slik Hommedal (2002) anbefaler.* Det er anbefalt vanleg tilsyn av naustet.

Stien frå Klosterpågen og opp til anlegget – nordsida

Stien består av ein steinlagd hellegang som delar seg i to ca. 35 m frå Klosterpågen. Den eine hellegangen går opp til kyrkjegarden, og den andre hellegangen går opp mot vestfløyen til Albanusklosteret. I eit vått parti i stien opp til kyrkjegarden er det lagt treplating i graset. Sjå bilete under.





37 Treplattung opp mot kyrkjegarden vinter (2025) og sommar (2024).
Treplattunga ligg på eit vått parti og hindrar slitasje. Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Bevaringstiltak: Stien har vore lite prioritert i ruinprosjektet. Men det bør gjerast tiltak i nedre del. Det er vatn i veite nedst som går under hellegangen – det ser ut til at det har gått tett. Bør takast opp og opne opp igjen veita. Trakkhellene skal vere tørre. Det er tatt opp og reinska her før. Det er dei siste åra at stien har vore så vått her. (Det kan ligge stokkar under hellene, dokumentert av Enger).

ID 315854 Klosterhamna

Klosterhamna består av ei naturhamn som ligg nord for anlegget. Undersøkingar i samband med etablering av fiberkabel viste tjukke kulturlag (be om å få rapport).






38 Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK


Bevaringstiltak: Generelt vere restriktiv til nye installasjonar og graving/muddring botnen på grunn av godt bevart kulturlag i hamna.

ID 180141-1 og 180142 Steinbrot

Steinbrot består av to ulike lokalitetar. Den eine lokaliteten ligg nede ved sjøen (id 180141-1), og den andre lokaliteten (id 180142) ligg ovafor og sør for Gjestehuset/bakeriet. Kulturminna ligg med uavklart status i Askeladden. I tillegg er det kjend ein pinningssteinslokalitet (sjå gul ring i kartet under), som ikkje er registrert i Askeladden.



39 Steinbrota 180141-1 og 180142-1er markert med raude ringar på kartet. Gul ring markerer ein pinningssteinslokalitet. Denne er ikkje registrert i Askeladden.



40 Steinbrot 180141-1

Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK



41 Steinbrot 180142

Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK

Tiltak: Endre vernestatus til freda i Askeladden for id 180141 og 180142. Vi må vurdere om pinningssteinslokaliteten bør leggest inn i Askeladden som freda.

ID 142019-1 Klosterstien

Klosterstien går frå Bø på austsida av øya og fram til kloster og helgenanlegget. Stien er automatisk freda, og er merka som den offisielle pilegrimsleden (<https://www.pilegrimsleden.no/kart>). Stien er delvis steinlagd. Han er ca. 2 m brei. Nokre stader ligg det veggrøfter/veiter attmed vegen. Der bekkar kryssar stien er det laga steinklopper og passasjer for vatnet. I enkelte parti er det sett ut trakkramper i tre. Det vart gjort eit stort oppreinskingsarbeid av i alt 23 veiter på sørsida av stien i 2024. På same tid vart det også gjort ei nokså stor oppgradering av plattingane i 2024. Stien kan for enkelte parti framleis opplevast som våt å gå. Særskilt dersom det har regna mykje (sjå Stokke og Srørby 2024:25-26).

Ved fleire høve har det vore gjort tynningsarbeid for å sjå landbruksareal, særskilt i starten av stien på austsida. Dette er gjort for å ha betre sikt mot Liset og Drage.



42 Klosterstien er godt synleg i terrenget. Her vist frå klosteret mot Bø. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK.





43 Gangramper langs Klosterstien februar 2025. Det vart gjort store utbetringar av både treplattingar og opning av veiter i juni 2024.





44 Treplattung langs Klosterstien slik han såg ut i juni 2023 før reparasjon. Foto: Birgit Tansøy/VLFK



Bevaringstiltak: Stien skal slåast 1-2 gongar med kantklippar (kniv) i sommarsesongen. I samband med slått, må ein slå så godt som mogeleg ned åt steinhellene som mogeleg.

Det er viktig å halde tilsyn med veitene. Framover bør vi gjere utbetringstiltak på veitene nedover marka (på nordsida av stien) òg. Terrenget stien ligg på, ligg enkelte område høgare enn veitene. Det er viktig å ikkje bygge stien høgare og høgare. Det veks ein del småbusker og tre langs stien som må haldast nede. Skjøtselen går òg ut på å halde ved like trakkplattingar. Det manglar framleis nokre få trakkplattingar på småstrekningar på nordsida der det er våte parti.

Deponihaugar/overskotsstein frå anlegget

Deponihaugane er overskotssteinen etter restaureringa av anlegget. Desse er samla i fire haugar rundt omkring anlegget (sjå foto).



45 Prikkane på flyfotoet markerer kvar deponihaugane ligg i terrenget.



46 Deponihaugen februar 2025 ved gjestehuset/bakeriet. Foto: Birgit Tansøy



47 Deponihaugen ved Sunnivakyrkja september 2024.

Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Bevaringstiltak: Utanom deponihaugen ved Sunnivakyrkja, har vi ikkje oversikt over kva som finst i haugane. Berre deponihaugen ved Sunnivakyrkja er gjennomgått systematisk (men steinane er ikkje registrert). Den same gjennomgangen må gjerast for dei andre haugane. I tillegg må vi få skanna og digitalisert steinane (i alle fall dei som er synleg tilhogne). Arbeidet er såpass stort, at det med fordel kan gjennomførast som eit eige eit prosjekt. Eit forslag er å lage digital visualisering/fotogrammetri, gjerne med videopresentasjon som høyrer saman.

I samband med grøn skjøtsel, blir det årleg reinska rundt haugane slik at dei er synlege. Dette arbeidet må halde fram.

Lause steinar med ornamentikk

Lause steinar med ornamentikk ligg i sakristiet og oppe ved Sunnivakyrkja.



48 Lause steinar med ornamentikk som er oppbevart i sakristiet. Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Bevaringstiltak: Det er 2025 sett i gang arbeid med å lage eit forprosjekt som ser på utviding av takkvelvinga over sakristiet. Dersom det vert gitt løyve til dette, blir det betre plass til lagring av lause steinar av særskild verdi. På lengre sikt vil det vere aktuelt å flytte dekorerte steinar til eit eige kunnskapssenter på land. I tillegg til at trehyllene i sakristiet må fornyast (som skrive før), må det òg ryddast i «steinutstillinga» slik at ho er lett å formidle.

Alle lause steinane med ornamentikk må kartleggast/registrerast (få B-nummer).



49 Sakristiet slik det ser ut februar 2024.

Foto: Birgit Tansøy/VLFK


Moloen ut til sjøbu

Moloen ut til sjøbua er no oppbygd med betongbjelke av jern i midten. Øvste steinane er jamna ut og lagt i tørrsement. (vart reparert etter stormen Dagmar i 2012, då sjøbua vart

løfta vekk). (Heile moloen vart bygd med steinar frå klosteret – overskotsstein frå anlegget på 1920-30-talet).



50 Til høgre i biletet ligg moloen som går ut til sjøbua. Dette er hovudtilkomsten i Klostervågen. Foto: VLFK/Birgit Tansøy.



51 Nausttufta ligg til venstre i biletet. Moloen ut til sjøbua til høgre. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK

Bevaringstiltak: Halde tilsyn, sjekke hjørna inn mot huset øvst, innfestinga av landgangen. Det ligg ein god del hoggen stein, laus, på begge sider av moloen. Denne bør sorterast, og ein bør sjå på om denne skal takast vare på? Er det ornamentikk på den? Ta opp det som er olivin – eller er dei for nedslitne?

Id 15853 Porthuset på Buskehaugen

Klosterstien går gjennom huset/ruinane til porthuset. Det er synlege murar att etter bygningen som har stått her. Vegetasjonen vart fjerna i 2010. Det veks ei del einer og furutre i utkanten av murane. Det kjem òg opp oppslag av lauvtre i eller like ved murane. I tillegg til at det veks ein del bregne i området.



52 Biletet viser synlege murar etter bygningen som har stått her, id 15853. Murane er lettast å sjå når vegetasjonen er lav. Her frå februar 2025. Foto: Birgit Tansøy/VLFK



Skjøtselstiltak: Området bør haldast ryddig. Hogst av bartre og einer er nødvendig. Slå vekk bregner. Grøn skjøtsel.

Generelt om grøn skjøtsel ved ruin- og klosteranlegget:

Stad kommune gjennomfører grøn skjøtsel kvar sommarsesong ved kloster og helgenanlegget, og har gjort dette sidan 1985. 4-5 skjøtelsarbeidarar/ungdom vert engasjert til jobben frå midten av juni til skulestart i august. Kommunen følgjer opp arbeidet. Arbeidsreiskapane er kantklippar, bioklippar, grastrimmar, trillebår, river, små og store hagesakser. Skjøtelsarbeidarane brukar prosjektbåten for å komme seg ut. Nedanfor er det laga forslag til prioritering av grøn skjøtsel ved kloster og helgenanlegget. Prioriteringa tar utgangspunkt kommunen si erfaring frå vegetasjonsskjøtelsen dei siste åra og som er nedfelt i rapporten til Sverre B. Saue (2025) *Grøn skjøtsel av Selja*.

Prioritet 1: Vegetasjonsskjøtsel av stien frå Klosterågen og opp til klosteret er førsteprioritet. Ein startar med å slå graset med bioklippar, med støtte frå grastrimmar i kuperte område.

Prioritert 2: Vegetasjonskjøtsel av klosterområdet (kyrkjegarden i nord, Albanuskyrkja, klosterfirkanten og dei omkringliggjande fløyane) er andreprioritet: Her er det viktig å halde nede plantar som veks mellom heller og i muren, i tillegg til grasarealet i kyrkjegarden. Det er viktig å halde nede vegetasjonen for bevaring av ruinane, men òg for bruk av arealet til formidling/arrangement. Arealet skal klippast ned tre gongar gjennom sesongen. Sidan turistane oppheld seg mykje i dette området, må arbeidet tilpassast. Vidare er det viktig å ta omsyn til sjeldne/raudelista artar som bregnar (mur- og havburkne). Bruk bioklippar i lent terreng, og grastrimmar ved heller og meir kuperte område på kyrkjegarden.

Sunnivakyrkja og terrassen: Her må det klippast med grastrimmar to gongar gjennom sesongen. Trappene skal haldast reine for vekst. Elva som renn ved sidan av trappa må reinskast slik at vatnet renn fritt. Det veks både ramslauk og akeleie i steinura her oppe, som vi må ta omsyn til.

Prioritet 3: Vegetasjonskjøtsel av sørplenen og «kjelda» (området ved aust- og sørsida av klosteret, bakken opp til Sunnivakyrkja og fjellet) er tredje prioritet: Her må det slåast ein gong, evt to gongar med grastrimmar. Bioklippar kan brukast om grashøgda ikkje er så stor. Her bør vi slå etter blomstringa i august. – For å kanalisere ferdselen, bør vi prioritere å slå stien opp til smia/sjukestova (E) og kjeldeområdet der mange besøkande ynskjer å gå. Når det er mykje vatn flaumar vatnet over i «kjelda». Det er derfor viktig å passe på at klipt gras ikkje tettar igjen vasskjelda. Rogn, einer og myrtistel som gradvis veks seg innpå frå sida, må fjernast etter kvart.



53 Illustrasjonen viser prioritering av kjøtsel for kloster og ruinområdet. Raudt område er 1. prioritet, blått 2. prioritet og grøngult 3. prioritet. Illustrasjonen er ei oppsummering av rapporten til Saue (2025).

Graset etter kantslåttene som sommerhjelpene utfører, blir lagt på austsida av ein gjerdemur i utkanten av ruinane ut av syne for publikum. Dette er ei grei løysing å halde fram med. Det er viktig at graset vert kasta på utsida av muren, og ikkje vert lagt oppå, eller på innsida.

Dersom det viser seg at grasets bygging opp terrenget for mykje i planperioden, bør vi vurdere å fjerne massar.



54 Gul ring markerer området der grasets etter kantslått ved ruinane vert lagt. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.

Utfordringar og moglegheiter

- Bør bruke 3 mm tråd til kantklippar der grasets er høgt
- Bør bruke beitepussar som taklar høgt gras. Truleg er det lettare å samle saman grasets då utan at det «gjødslar seg».
- Bør gjennomføre aktive tiltak mot knotten og skifte ut eksisterande myggghattar med nokon som har finare netting som ikkje knotten slepp gjennom (knotten er særskilt plagsamt ved stillestående arbeid i lite vind i midten av juli).
- Vurdere innkjøp av radiostyrt beitepussar.

Uønskte artar

- Det er viktig slå å grasets før uønska artar set frø, og fjerne avklippet. Dette gjeld for myrtistel, veitistel, lyssiv, knappisv, løvetann, myrtistel og vasshøymol.
- Hindre at næringsglade artar som stornesle (brennesle) og høymole får etablere seg ved å ha kontroll på kvar folk gjer i frå seg (merke betre toalettet), og ved å gjennomføre slått før frøsetting.

Tre

- Halde oppslag av rogn og sitkagran på ruinområdet nede. Tiltak: beiting, ringbarking og kutting. Rogna bør takast om våren etter blada er komme ut for å svekke ho meir.

Bevaring av artsmangfaldet

I planperioden skal vi i størst mogeleg grad ta vare på artsmangfaldet ved ruinane. Særskilt raudelista artar som ramslauk/*Allium ursinum* (veks ved Sunnivakyrkja), bregna havbrukne/*Asplenium marinum* (veks i mursprekkane i ruinane), heistarren/*Carex binervis* (veks vest for klosteret) og ertebloemen vestlandsvikke/*Vicia orobus* (veks ned mot naustet) skal vi ta særskilt omsyn til. Desse plantane skal ikkje klippast før etter at næringa har gått ned igjen i rota på seinsommaren. Det same gjeld for eventuelle andre raudelista artar som vert oppdaga.

Det er òg andre artar som ikkje nødvendigvis er trua, men som vi må ta omsyn til. Dette gjeld til dømes typiske klosterplantar som Akeleie/*Aquilegia vulgaris* som veks ved Sunnivakyrkja. I tillegg bør vi vere på utkikk etter og merksam på andre klosterplantar som

småborre/*Arctium minus*, hagtorn/*Crataegus mongyna*, marianøkkelblom/*Primula veris*, bekkeveronika/*Veronica beccobunga* og humle/*Humulus lupulus*.

Arbeidsfordelinga mellom murarar og kommunen sine sommarhjelpar er slik:

- Samhandling mellom murarane og sommarhjelpene om grøn skjøtsel av innvendige golv (ute)
- Murarane har ansvaret for vegetasjonsskjøtselen av innvendige veggjar og golv (inne), og heile tårnet.
- Sommarhjelpene har ansvaret for vegetasjonsskjøtselen utanfor og mellom ruinane dvs. alle flatene vist på biletet under.

I planperioden føreslår vi å halde fram med denne arbeidsfordelinga.

Tiltak:

Sikre stabil tilgang på kvalitetsmørtel til konserveringsarbeidet.

Slå heile området med kantklippar mellom anlegget og sjøen, også det arealet som er rydda i samband med georadar undersøkinga (sjå illustrasjon). Beitehaldet skal oppretthaldast.

Sjå til at ingen gjer skade på anlegget.

Lage oversikt over sjeldne plantar som veks i ruinane og utanfor hola/terrassane (type og kvar dei veks) og om/korleis vi skal ta vare på dei.

Ha faste rutinar på å reise ut alle årstidene. Vere medviten om at det er knytt ulike oppgåver til dei ulike årstidene – følgje opp tiltaka i handlingsplanen.

Utarbeide ei ROS-analyse (ekstremvêr, ras, skade på anlegg osv). Det skal komme tydeleg fram kva vi gjer dersom det skjer noko uvanleg – kven kontaktar kven.

Utarbeide sjekklister basert på bevaringsforslaga over.



55 Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Dei andre automatisk freda kulturminna og skjøtselstiltak

Det blei tidleg gjort observasjon av kulturminne på Selja. Det var helst klosteret som fanga merksemd, men også andre minne vart omtala. Bisp Jacob Neumann, medstiftar av Bergen Museum, vitja Selja og skreiv i 1842 også om kyrkjegard og kyrkjetomt på Bø og stien til klosteret. Den store innhegninga på Nordbø tvilte han kan ha vore kyrkjegard. Arkeolog og antikvar Nicolay Nicolaysen nemner i boka *Norske Fornlevninger frå 1860-åra*, gravrøys på Ilshaug, kyrkjestaden og kyrkjebrygga på Bø. Ein runestein frå same området skulle i 1847 blitt innlevert til museet. På eine flatsida stod med vanlege runer *Kristr hialp Osval*. Størst omtale har også Nicolaysen av Selja kloster med terrasseanlegget, Sunnivakyrkja og helleren.

På 1900-talet føretok arkeologar ved Bergen Museum fleire systematiske kartleggingar. Såleis vart det frå 1950 til 1970 åra gjennomført systematisk kartlegging av fornminne i heile museumsdistriktet som strekker seg frå og med Sunnmøre til Rogaland grense. Konservator Per Fett var ansvarleg og gjennomførte mykje arbeid sjølv. Resultata for Selje vart publisert i 1960 i *Førhistoriske minne for Selje prestegjeld og Vågsøy prestegjeld* og heftet sendt ut til grunneigarane og kommunen.

Desse registreringane, til dagleg omtala som Fetts registreringar, gjev ei totaloversikt over då kjente fornminne, både gjenstandsfunn innlevert til museet, bevarte gravhaugar/gravrøysar samt fjerna slike og bortkomne gjenstandar, klassifisert som tapt. Ei tilsvarande oppdatert samla digital oversikt føreligg ikkje i dag. No ligg opplysningar i ulike databasar, og til dømes opplysningar om fjerna gravminne og tapte funn, finst berre i Fetts registreringar. Serien med registreringar vart oppdatert i 1977.

I utmarka på Selja er det funne og sendt til museet i Bergen; to skiferpilar, ein flintdolk og to steinøkser etter folk som brukte øya i yngre steinalder. Eine steinøkse og skiferpila vart levert til museet ved registreringa. Funnstadene vart nære beskrivne og kartfesta, berre ei skiferpil veit ein ikkje kvar på øya den har blitt funnen. Ut frå dei kjente funnstadene må folka i yngre steinalder ha brukt heile øya.

På hovudsakleg innmarksareal vart det kartlagt seks område med gravrøysar; på Ilshaug bnr. 12, Heimly bnr. 13, Sørbo bnr. 15, Bø bnr. 16 og Nordbø bnr. 17. Med unntak av den store gravrøysa i sør på Ilshaug som rimelegvis er frå bronsealder, er dei andre tolka å vere frå den etterfølgjande jernalderen. Gravrøysene er lokalisert på aust- og sørleg del av Selja og avspeglar at her låg gardane, også i jernalderen. Frå gravminnet på Bø var det innlevert øks og spyd frå yngre jernalder medan to sverd ikkje let seg nærare lokalisere enn til austsida av øya. Frå Nordbø var det innlevert skår av eit kleberkar frå yngre jernalder. Funn og funnstader reflekterer gardsbusetnad her i alle fall i yngre jernalder.

Registreringa omfatta ikkje kloster, kyrkjer og andre kyrkjelege anlegg. Dei minna låg til Riksantikvarens ansvarsområde og ikkje dei arkeologiske musea. Men uavhengig av

forvaltingsinstans så var alle førreformatoriske spor etter menneskeleg verksemd automatisk freda ved lov i 1905.

I 1970 og -80 åra vart det på landsbasis gjennomført registrering og kartfesting for Økonomisk kartverk. Ved Historisk museum vart primært Fetts registreringar av fornminne som var bevarte, plotta inn på nytt kartgrunnlag. ØK-registreringa i Selje gjekk føre seg i 1974. No vart også kyrkjelege anlegg tekne med så kyrkjetuft, kyrkjegard, tuft nord for kyrkjegarden og vorren på Bø vart dokumentert og markert med R på karta. Klosterstien og ei mogleg gravrøys ca. 200 m nordvest av klosteret vart også registrert. Men begge strukturane fekk nemninga X, tolka som mindre sikre førereformatoriske kulturminne og gjekk dermed ikkje inn i den vanlege samlinga med registrerte fornminne. Ved registreringa vart det også funne eit drillbor på bruket Ishaug, mogleg frå steinalder.

Det var ikkje berre austleg og sørlegaste delen av øya som var busett i jernalderen. Ved utgraving i 1991-92 på terrassen ved Sunnivakyrkja avdekkar arkeolog Alf Tore Hommedal bryne og fleire keramikkskår frå eldre og yngre jernalder. Førebels resultat frå pollenanalyse har avslørt korndyrking i eldre jernalder på flata ved klosteret. Ei mogleg gravrøys i sørvest støttar tolkinga om busetjing også her i jernalderen.

Ut mot slutten av 1990-talet starta digitaliseringa av registreringar. Riksantikvaren i samarbeid med dei arkeologiske musea, førebudde arbeidet, og NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) gjennomførte innlegginga i Fornminneregisteret. Innlegginga var basert på ØK-registreringane, og ved Historisk museum gjaldt det som nemnt, eksisterande fornminne i terrenget. For Selja sitt vedkommande så er alle kjente fornminne med for der skal ingen ha blitt totalt fjerna.

Askeladden, oppretta i 2004, er den offisielle databasen for alle freda kulturminne i landet (automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne), listeførte kyrkjer og freda kulturmiljø. Innhaldet vart overført frå Fornminneregisteret. Fylkeskommunane, dei arkeologiske musea, NIKU og Riksantikvaren legg inn nye registreringar og oppdateringar. Kvart automatisk freda kulturminne eller samling med samanhøyrande kulturminne, har sitt eige identifikasjonsnummer med førestavinga Id. Askeladden blir brukt i kulturminneforvaltinga i dag.

Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 1990 gjennomført fleire registreringar på Selja. I 1990 vart det funne og registrert eit markert trekollag og funn av flint, kvartsitt og bergkrystall.

I 2009 vart heile øya kartlagt med flyboren laserskanning i regi av NIKU. NIKU var i pionerfasa med å teste ut laserskanning til kulturminneregistrering, og undersøkinga på Selja vart eit pilotprosjekt i kystnært område. Det vart påvist mange strukturar som kunne vere menneskelaga, slike må sjekkast ut arkeologisk. Arkeologar ved fylkeskommunen gjennomførte dette kontrollarbeidet samt noko ny-registrering i to omgangar, utmark i 2009 og på innmark i 2010. Fram til då ukjente kulturminne vart påvist, mellom anna eit markert trekollag på bruket Ishaug. Det er datert til hundreåra før Kr. i eldre jernalder og kan vere ein kornåker.

Desse og etterfølgjande registrering har auka talet på kulturminneområde i Askeladden frå 11 til nesten 45. Storparten er automatisk freda, andre har usikker datering og kan vere frå tida etter reformasjonen. No er også alle kyrkjelege anlegg lagt inn i databasen, sameleis steinbrota påvist ved registrering i 2013 og mellomalderspor nær klosteret i Klostervågen. Spor etter uttak av stein til klosteret er påvist fleire stader nær anlegget. Funnstader for gjenstandar er ikkje markert i Askeladden.

Frå 2009 er Askeladden gjort allment tilgjengeleg i Kulturminnesøk, Kulturminnesok.no. Opplysningane ligg også i karttenesta Fylkesatlas.no. For gjenstandsfunn innlevert til Bergen museum, no Universitetsmuseet i Bergen, er opplysningar tilgjengeleg i Unimusportalen.no. Med digitaliseringa er opplysningar om minna dermed lett tilgjengeleg for alle i dag.

I 2025, i samband med arbeidet med forvaltingsplanen, gjennomførte fylkeskommunen ei synfaring – ein dag, for å vurdere bevaringstiltak. Kulturminna som vart tilstandsvurdert var id:

142019, 15853, 6490, 135210, 141381, 141215, 135273, 135276, 135249, 135276, 35486, 55273, 6491, 25579, 135378, 135281, 135373, 180141.

Vi fann då ei “ny” gravrøys på nordaustsida på Skarveklubben (id 328056), i tillegg til at vi justerte seks lokalitetar som låg feil merkt i kartet (Jølle Berge og Tansøy 2025). Inntrykket etter synfaringa er at dei fleste kulturminna er godt synlege. Men turen fann stad i februar. Situasjonen er mest sannsynleg annleis om sommaren når vegetasjonen er tettare.

Formidling av dei andre automatisk freda kulturminna på Selja har variert. Kulturminna på Bø, særskilt tuftene etter fylkeskyrkja/soknekyrkja frå mellomalderen (id 135249-1-3), har til ei viss grad blitt formidla der det har vore med lokal guide. Desse tuftene ligg på Bø langs med vegen og Klosterstien. Men dei andre automatisk freda kulturminna som aktivitetsområda og gravrøysene, er i liten grad blitt vist fram i samband med guiding. Delvis fordi dei fleste ligg utanfor stiane, men òg fordi det ikkje er tid til det.

Når det gjeld fysiske formidlingstiltak på Selja, så sette Sogn og Fjordane fylkeskommune opp informasjonsskilt ved Klostervågen i 2002. Det handla om helgenstaden og klosteranlegget og var del av EU-prosjektet “North Sea Viking Legacy”, vikingtidsarven rundt Nordsjøen - eit prosjekt fylkeskommunen og kommunar deltok i. Informasjonsskilt vart produsert og sett opp ved 10 viktige kulturminneområde, mellom anna Gulatinget i Eivindvik og Selja kloster og helgenstad. Skiltet vart derimot fjerna av kommunen i fordi det var eit blikkfang når ein kom i land i Klostervågen.

Neste område for skilting var ved kyrkjegardsområdet med meir på Bø i 2012. Det erstatta eit eldre enkelt skilt på staden. Det var også naturleg å ha skilt i Hamna, skilt som fortel om kulturhistoria på øya. Det vart laga folder som besøkande kunne ta med seg frå “postkassen” på dette skiltet. Området på Bø ligg også inne i prioriteringsplan for skilting av viktige kulturminne i Sogn og Fjordane.

Riksantikvarens tilskotsordning BARK (Bevaringsverdige automatisk freda kulturminne) har gjeve økonomisk støtte og gjort det mogleg å realisere arkeologisk arbeid med kulturminneregistrering, vegetasjonsskjøtsel og skilting på Selja.

Id 6490-1 Gravrøys



57 Gravrøys id 6490-1 skal ligge i området ved desse to haugane. I Askeladden ligg ho på haugen heilt til venstre i biletet (raud pil). Foto: Birgit Tansøy/VLFK



Gravrøysa 6490-1 er svært vanskeleg å sjå fordi den er lyngkledd. Det går heller ikkje sti ned til gravrøysa.

Skjøtselstiltak:

Gravrøysa ligg langt frå stiane og er vanskeleg å finne. Ho eignar seg ikkje til formidling.

135210-1 Gravrøys



58 I gravrøys 135210 står det fleire nedbeita tre. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.



Røysa ligg på nordvestsida av øya. Ho er lett å sjå. Det står ein del nedbeita, velta og rotne tre i røysa.

Ein kan sjå røysa dersom ein ror eller padlar. Røysa bør derfor skjøtslast.

Skjøtselstiltak :

Sage ned rotne tre i røysa. Eventuelt fjerne grasvegetasjon.

328056 Gravrøys



59 Gravrøys 328056 og rotvelta som blottlegg nokre av steinane i røysa. Foto: VLFK/Birgit Tansøy



Røysa ligg på ei høgde ute på Skarveklubben på nordaustsida av øya. Røysa ligg delvis under ei rotvelta. Utanom steinane under rotvelta, er ho ikkje godt synleg. Det veks einer, lyng og lauvtre i røysa. Avgrensinga er noko usikker.

Skjøtselstiltak:


Gravrøysa bør målast inn med cpos etter oppreinsking. Rotvelta må fjernast og lyng, einer og lauvtre kuttast. Ho eignar seg til formidling for dei som kjem på eiga hand med kajakk eller robåt.

141215-1 Gravrøys



60 Bilete av gravrøys 141215 med tydeleg grop.

Foto: VLFK/Birgit Tansøy




Gravrøysa id 141215-1 er godt synleg, men ligg svært nær eit gardstun (gbnr 256/17). Det ligg ein del moderne søppel i røysgropa. Røysa har nokre meter feil geometri i Askeladden. Det veks ein del tre inntil røysa.

Skjøtselstiltak:

Røysa bør målast inn med cpos for å få nøyaktig geometri. Søppelet og grana i røysa bør fjernast Gravrøysa eignar seg ikkje til formidling sidan røysa ligg så nært gardstunet og utanfor klosterstien.

135409 Gjerde/innhegning



61 Gjerdet/innhenginga id 135409 ligg om lag på midten av biletet og nord for Klosterstien (dvs på oppsida av stien på biletet her). Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.



Steingarden (id 135409) består av va 1-2 meter breie og inntil 0,5 m høg rullestein. Innhegninga ligg på ei flate mot toppen av dei lyngkledde myrene, inntil Klosterstien (id 142019). Innhenginga er tolka å vere frå mellomalder.

Skjøtselstiltak:

Klippe lyng og einer slik at murane blir synlege. Lokaliteten eignar seg til formidling sidan han ligg rett ved Klosterstien.



62 Bø mellomalderkyrkjestad ligg like ved vegen og ved «inngangen» til klosterstien. I dette området ligg det fleire restar att etter kyrkjestaden. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.

135249-1-3 Bø kyrkjegard (-1), kyrkjetuft (-2) og fjerna kyrkje (-3)





63 Fundamentet etter mellomalderkyrkja som sto på Bø fram til fastlandet i 1654 er godt synlege. Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Kyrkjegardsmuren og kyrkjeturfta er lette å få auge på på dronebiletet, tatt 13. februar 2025. Starten av Klosterstien til høgre i biletet. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.



Steingjerdet som omkransar kyrkjegarden på Bø (-1) er svakt synleg. Geometrien til enkeltminna i lokaliteten, er ikkje lagt inn i Askeladden. Men lokaliteten vart flybåren laserskanna i 2009. Murane etter kyrkjetufta (-2) er delvis synleg. Det veks mykje høgt gras/lyssiv på heile lokaliteten. I tillegg kjem det opp mindre lauvtre. Han ligg ved inngangen til Klosterstien.

Skjøtselstiltak:

Graset bør slåast to gongar i sommarhalvåret og treoppslaga kuttast. Området eignar seg svært godt til formidling sidan det ligg rett ved stien. Laserskanninga frå 2009 bør tolkast gjennom eige prosjekt. Mellom anna bør ein lokalisere betre avgrensinga av kyrkjegardsmuren, særskilt mot nord.

135276 Busetting-aktivitetsområde (tuft)



64 Tufta id 135276 er ikkje lett å sjå fordi ho er overgrodd av torv og gras. Utklipp av dronefoto. Foto. VLFK/Ragnhild Egeland Torp




Tufta id 135276 ligg mellom strandkanten og vegen, like ved Bø mellomalderkyrkjestad. Ho vart registrert i samband med lidarskanninga i 2009. Sjølv på vinteren var ho vanskeleg å sjå. Tufta er kvadratisk og måler 12,4x10,8 meter. Kan det vere restar etter prestebustaden? Ut frå flyfoto frå 1968 ser det ut til at tufta delvis ligg under vegen.

Skjøtselstiltak:

Graset må klippast minst to gongar i året. Tufta eignar seg til formidling sidan ho ligg rett ved vegen.

135273 Busettings- og aktivitetsområde



65 Gult omriss viser omlag plassering på busettings- og aktivitetsområdet (id 135273). Bilet er tatt mot aust. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.



Busettings- og aktivitetsområdet id135273 på Bø, ligg like ved mellomalderkyrkjestaden på Bø. Tufta framstår som eit omrota fundament til ein rektangulær laftebygning, omtalt som kyrkjestova.

Skjøtselstiltak:

Området bør klippast for gras to gongar i året. Tufta eignar seg til formidling sidan ho ligg like ved veg og sti.

135285 - 1 Kyrkjevorr med oppreist steinhelle



66 Den oppreiste steinhella (id 135285-1) er godt synleg og viser kvar brygga ligg, sjølv på flo sjø som her. Foto: VLFK/Birgit Tansøy



Kyrkjevorren har fungert som brygge for tilreisande kyrkjegjengarar. Den oppreiste steinhella yst på piren, viser dei reisande kvar brygga ligg.

Skjøtselstiltak:

Halde jamleg tilsyn. Dersom steinar rasar ut, må ein legge på plass att.

Id 6493-1 Gravrøys



67 Id 6493-1 ligg like ved fjøsen på gbnr 256/16 på Bø. Utklipp frå dronefoto. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK.



Gravrøys id 6493-1 syner seg som ei forhøging i terrenget, og er dekt med kortklipt plen. Grava ligg inne i ein hage.

Skjøtselstiltak:

Dersom grava skal formidlast, må det på plass ein avtale med grunneigar. Jamleg tilsyn.

Id 6492-1 Gravrøys



68 Utsnitt av dronofoto. Raud pil markerer ca plassering av gravrøys id 642. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK



Gravrøys id 6492-1 ligg ved Hamnaneset på søraust sida av øya. Den er vanskeleg å sjå. Det veks ein god del gras, lyng og einer i ho.

Skjøtselstiltak:

Røysa ligg eit stykke frå vegen. Dersom denne skal formidlast må det merkast løype. Vi føreslår vegetasjonsskjøtsel anna kvart år.

141375-1 Dyrkingsspor



69 Gul sirkel viser ca. plassering av dyrkingslaget id 141375. Utklipp av dronefoto. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp.



Dyrkingssporet ligg i utkanten av dyrka mark på garden Heimly (gbnr 256/13) og vart påvist ved prøvestikk i samband med fylkeskommunen sitt registrerings- og skjøtselsarbeid i 2010. Datering tilbake til førromersk jernalder (410-360 f. Kr.).

Skjøtselstiltak:

Laget ligg godt bevart under torva. Lokaliteten ligg utanfor stiane og er vanskeleg å formidle.

66468-1 Gravrøys




70 Raud pil markerer ca. plassering av gravrøys id 66468. Biletet er tatt mot aust. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp



Gravrøysa id 66468 er relativt godt markert, og ho har et stort krater i midten. Røysa ligg utanfor stiane.

Skjøtselstiltak:
Vegetasjonsskjøtsel.

35486-1-2 Gravrøyser, Ilshaugen



71 Ilshaugen id 35486. Pipa etter «hytta» som er bygd inn i gravrøysa stikk opp til venstre. Sitkagrana skjermar heilt for utsyn. Foto: Birgit Tansøy



Dei to gravrøysene ligg på Ilshaugen på sørsida av øya. Den eine gravrøysa (1) er klårt markert og er den største på heile øya. Denne røysa har vore sekundært brukt til veteplass til bruk i leidangstida (derav namnet Ilshaugen – av eld) (Ese 2007:349). Medan den andre ikkje er så synleg på grunn av gjengroing av lyng. På 1960-talet vart det av to ungdomar grave inn i røys 1 for å lage ei steinbu/hytte. Mellom anna står det ein vedomn med pipe inne i «hytta».

Skjøtselstiltak:

Fjerne lyng, einer og oppslag av tre i røysene annakvart år. Dei store sitkagranene må hoggast vekk slik at gravrøysene igjen får utsyn mot sjøen. «Hytta» i røys 1 bør fjernast og gravrøysa restaurerast. Røysa eignar seg godt til formidling.

55273-1-2 To gravrøyser



72 Raud pil markerer ca. plassering av gravrøysene id 55273-1-2. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp



Gravrøysene i Heimskaret er vanskeleg å sjå på grunn av lyngvegetasjon.

Skjøtselstiltak:

Klippe ned høg lyng slik at røysene vert synlege. Fjerne oppkomst av tre. Røysene kan formidlast i og med at dei ligg ved stien.

6491-1 Gravrøys



73 Id. 6491-1 Gravrøys. Sitkagrana er på veg opp.

Foto: Birgit Tansøy/VLFK




Gravrøysa 6491-1 ligg rett ved den vestlege stien. Den er godt synleg. Det kjem opp nye sitkagranskot like ved. Elles veks det ein god del lyng i/ved røysa.

Skjøtselstiltak:

Røysa eignar seg til formidling. Sitkagrana må klippast vekk og høg lyng kuttast. Vegetasjonsskjøtsel ann kvart år.

Id 25579 -1-3 Gravrøyser, minst 3 stk



74 Biletet viser ei av røysene innanfor kulturminnelokalitet id 25579. Foto: Birgit Tansøy/VLFK



Dei tre gravrøysene Id 25579 -1-3, ligg ved Heimien, like under Longedalshammaren, på sørvestsida av øya. Registreringane til fylkeskommunen i 2010, nemner fire sikre gravrøyser i dette området, og at det kan vere snakk om 11-13 røyser i området. Røysene er veldig overgrodd med einer og lyng, og er derfor vanskeleg å finne. Det finst nyare tids tuft (tørrmur) i området òg.

Skjøtselstiltak:

Den vestlege stien går igjennom kulturminneområdet. Lokaliteten eignar seg for formidling. Her må det gjerast omfattande førstegongsskjøtsel. Deretter er det nok med skjøtselstiltak anna kvart år. Sitkagrana spreier seg i dette området.

135281-1 Busettings- og aktivitetsområde (tuft)



75 Biletet er tatt i området der tufta 135281 skal ligge. Foto: VLFK/Birgit Tansøy




Tufta 135281-1 ligg på nordvestsida i hellande terreng mot vest. Den er synleg ved fleire flate store steinar som delvis er dekt med gras. Avgrensinga er noko uklar. Tufta er tolka å vere frå mellomalder. Ho ligg like ved stien.

Skjøtselstiltak:

Tufta ligg like ved stien og kan eigne seg til formidling dersom graset vert klipt.

Skjøtselstiltak for dei uavklarte kulturminna i Askeladden



76 Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no med markerte prikkar kvar uavklarte kulturminne er registrert på Selja.

I Askeladden er det registrert åtte kulturminne med uavklart vernestatus. Det vil seie at kulturminna er lagt inn i registeret fordi ein er usikker på om dei kan vere automatisk freda eller ikkje. Fleire av desse vart registrert og lagt inn i samband med fylkeskommunen sine kulturminneregistreringar i 2009 og -10. To av dei, dvs. steinbrotet id 180141 og helleførekomsten ved klosteret id 180142, er tidlegare omtalt under bevaringstiltak for kloster og helgenanlegget. Desse to vert derfor ikkje omtalt under.

Dei uavklarte kulturminna i Askeladden er ikkje automatisk freda. Men på Selja har dei likevel ein slags vernestatus gjennom omsynssona i kommuneplanen, der det står tydelege retningslinjer for bevaring. I tillegg er dei nyare tids kulturminna, i lag med kulturlandskapet, særskilt omtalt i retningslinjene for KULA-landskapet.

Alle bruka på austsida har eigne naustplassar. Truleg har dei hatt det sidan 1800-talet. Kyrkjefolket som kom til Bøkyrkja kan òg hatt nytte av slike båtstøer. Det kan såleis vere ein indikasjon på at dei kan vere førreformatoriske.

Id 135393 Busetting-aktivitetsområde ved Bernt Tunold sin barndomsheim



77 Medlemmar frå Samarbeidsrådet for Selja- kloster og helgenanlegg vitjar Selje klostergard som held til på Tunold. Personane i biletet sit inne i eine murfundamentet som utgjer det uavklarte kulturminnet id 135393. Foto: VLF/Birgit Tansøy

Kulturminnet består av murfundament etter to bygningar på Thunold gbnr 256/14. Murane står på oppsida/nordvestsida av kårhuset. Den første kjende som busette seg på Selja på tidleg 1800-tal, rydda seg ein plass der Tunoldgarden ligg no (Djupedal 1966:80).

I følgje Storemyr (munnleg meddeling) er husfundamenta bygd med same type stein som i klostertårnet. Det er derfor antyda at steinen er henta frå same brot som kloster og helgenanlegget i nyare tid (1800-talet). Den velkjende kunstmålaren Bernt Tunold (1877-1946) vaks opp på denne garden. Han er kjend for sine særeigne og varierte portrett av Vestlandet. Han målte fleire måleri frå heimstaden sin, mellom anna *Sommer i Selje* (Wiig 1991:8-15). I dag er garden eigd av to familiar som har etablert Selje klostergard. Eigarane ynskjer å etablere eit katolsk kloster her.

Skjøtselstiltak: Murane ligg inne hagen på Thunold. Dei eignar seg derfor ikkje til formidling på staden. Vi oppfordrar eigarane til å ta vare på murane og til å halde vegetasjonen nede slik at dei kjem fram. Det er viktig å formidle barndomsheimen til Tunold.

135368 Båtopptrekk – båtstøanlegg

Båtopptrekket består av to parallelle steinrekker som er godt synleg på fjære sjø.




78 Båtopptrekket ligg på Bø. På biletet er det flo sjø, så båtopptrekket er ikkje godt å sjå. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Skjøtselstiltak: Båtopptrekket bør få ligge i fred, utan moderne forstyringar.

141381-1 Båtstøanlegg

Lokaliteten ligg nordaust på øya ved Skitnevika, rett sør for Skarveklubben. Det er snakk om to steinstrengar i fjæra. Mellom steinstrengane og sjøen er det berg. Båtar må i såfall ha blitt løfta over berget.



Steinstrengane til id 141381-1 er ikkje veldig godt markert. Men dei ligg i området ved Skitnevika. Skarveklubben ligg til høgre i biletet. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Tiltak: Halde vanleg oppsyn.

135378-1 Dunhelleren og 32806 tørrmur ved inngangen til Dunhelleren

Dunhelleren er ei gjennomgåande hole. Inngangen ligg ved den sørlege stien. Det er bygd opp ein tørrmur (id 32806) ved inngangen. Utgangen av hola, mot sjøen i nordvest, er vid og høg. Det er ingen indikasjonar på at helleren har eldre bruk.



79 Dunhelleren. Ragnhild Egeland Torp står ved utgangen på sjøsida. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Tiltak: Halde oppsyn.

135373 merkestein/grensestein

Fylkeskommunen registrerte merkesteinen først i 2009. I samband med tilstandsregistreringa til fylkeskommunen vinteren 2025 la vi merke til at bautaen er sett opp i ei solid steinrøys. Kan røysa vere ei gravrøys, som merkesteinen sekundært er sett opp i?



80 Merkesteinen/grensesteinen står yst på ein bergrygg. Vi ser Kjeholmen rett fram i biletet, og Ytre Fure heilt til høgre. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Tiltak: Det bør gjennomførast nærare undersøkingar av røysa bautaen står i. Dersom det viser seg at det er tale om ei gravrøys må vernestatusen i Askeladden endrast til freda. Bautaen ligg ikkje langt frå stien og eignar seg godt til formidling.

Andre bevaringsverdige kulturminne som ikkje er registrert i Askeladden

Det er fleire kulturminne på Selja som ikkje er lagt inn i Askeladden, men som likevel er viktige spor frå menneskeleg aktivitet. Fleire av desse er omtalt i fylkeskommunen sine rapportar frå 2009 og 2010. Til dømes område der folk har tatt ut torv til brensel. Nokre av uttaksområda er godt synlege i terrenget. Og to av vardane oppe på fjellet vart brukt i samband med løypestreng til transport av torva ned til gardane.

Andre døme på kulturminneområde som ikkje ligg i Askeladden er mogelege restar etter bryggfundament ved Helmavika. Tradisjonen vil ha det til at «Heilagmannevika» var staden der Sunniva og følgjet hennar, etter legenda, først steig i land (Ese 2007:347).




81 Frå Helmavika, som også er omtalt som Heilagmannavika, dvs heilagmanns-vika (Ese 2007:347). Foto: VLFK/Birgit Tansøy

I tillegg skal munkane ha dyrka humle og andre varmekjære vekstar på sørvestsida ved Heimen (Ese 2007:348).

Tiltak: Heimen burde vore undersøkt nærare for få meir kunnskap om bruken av området. Registrere nyare tids kulturminne som eige prosjekt.

Vegetasjonsskjøtsel og vedlikehald



82 Kystlynghei og utbreiing av bartre

Kartet viser utbreiing av kystlynghei på Selja (grøn farge på kartet) frå naturbasekartlegginga (Naturbase). Rosa markering viser ca. utbreiing av sitkagran basert på dronefoto frå februar 2025.

Om kystlyngheia og sitkagran

Kystlyngheia på Selja er verdisett som viktig i [faktaarket for Naturbase](#).

Kystlyngheilokaliteten er ein del av kystlynglanskapet som strekkjer seg langs store delar av Vestlandet og vidare nordover.

Lokaliteten på Selja vart registrert i 2008, og oppdatert i 2014. Det mest av lokaliteten består av fattig kystlynghei. Det er òg område med lyngkledd myr i dei flate partia i nord og aust. Kystlynghei er opne heier som er dominert av lyngplantar og der det ikkje veks tre. Det tar fleire tusen år å skape eit slikt landskap ved hjelp av sviing og rydding av skog og kratt, til fordel av plantar som beitedyr kan ete heile året (Norderhaug m.fl. 1999:113-126). Lyngheia

er i dag i attgroing med både einer og lauvskog. Det har ikkje vore gjennomført lyngbrenning på Selja på fleire år.

Det har vore teke ut torv på myrane i området. Dette ser vi spor av fleire stader, og det er også synleg på lidarskanninga).



83 Synleg spor etter torvuttak ved den midtre stien mot toppen av Selja. Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Aktiv beiting på øya vart slutt på i år 2000. Men det har vore innleigd sauebeite frå fastlandet for å halde kulturlandskapet i hevd, fram til 2022. Dei siste to åra har det ikkje vore beiting i det heile. I dag er Kystlyngheia sterkt truga og i fare for å forsvinne.

På 1930- og -40 talet vart det planta ut ein del buskfuru, bergfuru og sitkagran. Ut frå dronefoto fylkeskommunen tok i februar 2025, ser det ut til at konsentrasjonane størst på sør og austsida av øya. Sitkagrana, og mest buskfurua, spreier seg i lyngheia på nordaustsida. Også på Ersholmen er det planta sitkagran og ein del andre barslag. På holmen ligg det fleire rotvelte.



84 Biletet viser omfanget av høg sitkagran. Denne grana vart planta på 1960-talet. Fleire graner er full av kongler. Midt i biletet ligg gravrøysa på Ilshaug. For 50 år sidan var gravminnet godt synleg frå leia. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK.



85 Biletet viser utbreiing av sitkagran på Bø.

Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK



86 Biletet viser utbreiing av Sitkagran på Nordbø og Ersholmen. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK



87 På biletet (Nordbø) ser vi nordovervestover mot lyngheia. Vi ser korleis bartrea spreier seg i kystlyngheia. Foto: Ragnhild Egeland Torp/VLFK

Tiltak: Vi bør ta opp igjen beitinga gjennom heile året. I tillegg bør vi gjennomføre lyngbrenning med jamne mellomrom. Tradisjonelt gjorde ein lyngbrenning kvart 15.-20 år. Røsslyngen har tilpassa seg eit slikt bruk, og veks opp att med nye friske skot etter brenning. Brenninga bør skje ved «mosaikk-metoden» (sjå Norderhaug m.fl.1999:118-126) i februar/mars, helst når det er frost i marka. Før ein går i gong må det lagast ein plan for sviinga, og det må hentast inn ekspertise frå erfarne folk i samband med sjølve gjennomføringa.

Oppslag av tre og busker må ryddast vekk. Det bør settast i gong ekstra tiltak for å få hogd ned og fjerna bartrea buskfuru, bergfuru og sitkagran, slik at vi stoppar spreinga. Særskilt vil det vere aktuelt å få kontroll på spreinga i nordaust der det er lynghei, men òg på Ilshaug i sør der sitkagrana dekkjer den automatisk freda gravrøysa, er det viktig å fjerne dei tettvaksande granene.

Landbruk og generelle skjøtselstiltak på Selja

Ingen av bruka på Selja har beitedyr i dag. Men fleire nyttar beitepussar på innmarka for å halde graset nede. Framover blir det viktig å oppmuntre grunneigarane til å halde jorda i hevd slik at kulturlandskapet vert ivaretake. I denne samanhengen er særskilt beitedyr avgjerande. Enkelte jorder har grodd igjen med stive grassiv som dyr ikkje beitar. Desse bør slåast ned nokre sesongar slik at grasvegetasjonen igjen kjem fram og kan beitast på. Dersom det er interesse for å få fram igjen slåtteenga, bør vi oppmuntre til det.

Nyleg har grunneigarane på Bø danna *Selja vel*. Føremålet med foreininga er å ta vare på kulturlandskapet ved å gjennomføre slått av marka slik at bøane rundt gardane held seg opne. Utanom dei tre siste åra, det ikkje har vore beiting, har beitehaldarar frå fastlandet hatt sauebeite gåande. Det har òg vore geiter på Selja, men det er fleire år sidan no.

Tilbakemelding frå grunneigarar er at det er viktig å gjerde inne brønnane til fastbuande og hytter før beitinga tar til igjen. Ansvaret for gjerdinga ligg hos grunneigarane. Talet sauer bør ligge på 30-50. Beitedyra kan gå ute heile året dersom dei har eit skur å søke ly i.

Sommarhjelpene startar ikkje skjøtelsarbeidet sitt før 20. juni. Dei tre siste åra har det ikkje har vore beiting, og dette merkast godt. Dessutan meiner lokale at klimaendringane har ført til tidlegare vår og meir vegetasjonsvekst.

No når arealet for kantslått på nordvestsida har auka, er det særskilt viktig med sauehald for å halde vegetasjonen nede. Særskilt på innsida av ruinane merkast auka vegetasjon veldig når det ikkje er beiting. Det er òg framsett forslag om å bruke kvisting som le/geil frå gjerde og inn i sauefjosen til fjosen på Thunold der kommunen har/har hatt leigeavtale om bruk av fjosen som livd for beitedyra. Gamal lyngvegetasjon på nordsida, fører til at sauene held seg vekke frå dei store lyngheiene. Derfor ville det vere ein fordel om ein fekk gjennomført lyngbrenning slik at ny lyng igjen kjem opp som sauene kunne beite på.


Vidare meiner grunneigarane det er synd at hjortestammen som heldt seg på øya, og som var med å bidrog med beiting på fjellet, no er vekke (kommunen forvaltar hjortevaldet). Spørsmålet er om det kan settast restriksjonar på hjortejakta på Selja? - Til dømes å la dei siste fem-seks dyra som oppheld seg på øya vere «freda» frå jakt.

Tiltak: Oppmuntre grunneigarane til å halde landbruket på øya i hevd. Viktige faktorar er beitehald og lyngbrenning. Jobbe for å la nokre (fem-seks) hjortedyr på Selja vere unntatt frå jakt.

Skjøtselstiltak for turstiar utanom Klosterstien

Utanom klosterstien på nordsida av øya (den raude linja på kartet under), er det to andre turstiar mellom Bø og kloster og helgenanlegget som er merkt. Begge desse stiane startar

ved kaia på Bø og går langs vegen mot vest forbi Thunold garden og rett opp for vegen. Nordlege- og den sørlege stien er med i Stad kommune si oversikt over Friluftslivets ferdselsårer og turforslag i boka *Opptur Stad*.



88 Raud strek viser klosterstien. Gul strek, stien over fjellet, og blå strek stien på sørsida.



89 Biletet viser startpunktet der den sørlege og midtre stien tar av frå grusvegen. Begge løypene følgjer same sti nokre meter, før stien delar seg i kvar retning. Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Tilbakemeldingar frå folk som har gått stiane, er at den sørlege stien går gjennom flott landskap, men han er krevjande. Dersom merkepinnane har blese ned, kan det vere utfordrande å finne att vegen. Men enkelte parti langs stien som går over fjellet kan òg vere utfordrande. Til dømes går delar av han ganske nært eit bratt stup. Det er svært viktig at merkepinnane står tett i dette området i fall sikta vert dårleg.

Tiltak: Før kvar sesong på våren, må kommunen gå over stiane og sjekke at merkinga er god. Merkepinnane må målast opp igjen. Det må formidlast at den sørlege stien er krevjande å gå. Lyng og einer som stikk ut i stiane, bør klippast vekk ein gong i året. Stiane skal vere med i skiltplanen.

Vedlikehald av tekniske installasjonar

Det er fleire tekniske installasjonar på Selja som er knytt til drifta av anlegget, og til å ta i mot publikum på øya. Nedanfor er dei viktigaste tekniske installasjonane presentert, og korleis desse bør haldast ved like/driftast i planperioden.

Røysetbua

Røysetbua er det første du ser når du kjem til Klosterpågen med båt. Bua er eigd av Allstad og blir brukt til opphalds- og lagerrom til m.a. skjøtselsarbeid.

Foreining til Norske fortidsminnesmerkers bevaring (Fortidsminneforeningen) kjøpte Røysetbua av Johannes og Samuel Røyset i 1938. I samband med kjøpet fekk foreininga bidrag frå St. Jørgens hospital i Bergen. Sjøbua vart brukt til oppbevaring av reiskap/material og overnatting for arbeidarane som jobba med restaurering av klosteret. I 1950 selde Fortidsminneforeningen bua til Selje prestegård. Pengane vart sett på bankbok til bruk for restaurering av Selje kloster. Røysetbua vart restaurert i samband med ruinprosjektet. Men bygningen vart totalt øydelagd i samband med nyttårsorkanen i 1991. Bua vart bygd opp att i 2004. I januar 2012 vart ho løfta opp av vind- og sjøkreftene, og kasta fleire meter opp på land. Bygningen vart ikkje meir øydelagd enn at det gjekk greitt å sette den opp att rimeleg raskt. Taket vart då oppgradert med skifer.

Bua har to publikumstolett. Det er også ei topphaldsrom med langbord og stolar. På ytterveggen heng det postkasse med pilegrimsstempel. Det står òg informasjon om bruk av flytebygga. Det også her internettet til anlegget er plassert. Enn så lenge har berre skjøtselsarbeidarar tilgang til bua, utanom toaletta som er ope for alle. Det har vore ytra ønskje om at publikum ynskjer å kunne nytte opphaldsrommet og til å etablere enkel sjølvbetjeningskiosk i bua.

Eit solcellepanel på taket på bua syter for straum. Det heng ein hjartestartar i bua, men denne er ikkje merka på utsida.

Bua står utsett til med tanke på haust- og vinterstormane. Derfor kan ikkje automatisk freda gjenstandar oppbevarast inne i bua.



90 Røysetbua og prosjektbåten ved flytebrygga i Klostervågen. Ein av skjøtselsarbeidarane er på veg til land for å rake vekk slått gras. Foto: VLFK/Birgit Tansøy



Pilegrimsstempelet på Selja ligg i postkassa som heng på Røysetbua. Same stempel er òg å finne i postkassa ved kulturminneskiltet på Bø-sida.

Foto: VLFK/Birgit Tansøy





Tiltak: Det er ein del roteskade ved sjølve dørterskelen til hovuddør. Det skuldast at døra er lagt på innsida av terskelen slik at vatn renn inn. Her må terskelen byggast om. Elles er jamt vedlikehald av bua viktig. Solcellene må sjekkast årleg. Toaletta må haldast reine og boss må tømmast. Det er mogeleg at toaletta må oppgraderast til forbrenningstolett, for å minimere avfall. Låsane på dørene må fungere. Breibandet må vere operativt.

Vi føreslår at guidane ved Klosterbåten får tilgang til å halde bua open for besøkande, og at dei låser på kvelden før siste returen. Breibandet som er lokalisert ved Røysetbua skal i planperioden vere open for publikum. Stad kommune drifrar nettverket basert på ekstern finansiering. På sikt ynskjer vi å etablere enkel sjølv-beteningsskiosk for sal av vatn og sjokolade på dagtid i bua i turistsesongen/i samband med arrangement. Hjartestartaren i bua må merkast på utsida av bua. Klosterbåten har ansvar for reinhaldet av toaletta, Stad kommune har ansvaret for tømming.

Brygga i Klostervågen med flytebrygge

Brygga/kaia er i tre. I tillegg er det etablert ei flytebrygge med landgang. Allstad eiendom AS er eigar av kaia i Klostervågen, og Stad kommune har avtale om bruk. Klosterbåten legg til på yttersida av flytebrygga. Det er plass å legge til for to-tre private lettbåtar på innsida av flytebrygga. Det er behov for å kartlegge utbetningsbehov på kaianlegget. I den samanhengen må ein sjå på kven som har ansvaret for det regelmessige vedlikehaldet. Klosterbåten og prosjektbåten har førsteretten til å legge til. Dersom det er plass, kan privatbåtar legge til på innsida av flytebrygga, eller ved den faste trebrygga mot betaling. Det er etablert eiga betalingsløyisingved brygga. Landgangen til flytebrygga blir lagra/festa på flytebrygga gjennom vinteren for å unngå slitasje. Det må avklarast kven som har ansvaret for sikring av landgangen.



92 Brygge og flytebrygge i Klostervågen.

Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Tiltak: Kartlegge utbetringsbehov. Avklare kven som har ansvaret for det jamlege vedlikehaldet. Det kan vere aktuelt å henge opp kamera ved kaia for å halde oppsyn.

Skilt

Det er brukt ulike typar formidlingsskilt på Selja, til stiane, til kulturminna og i samband med pilegrimsleia. Skilta står hovudsakleg på Bø-sida. Mellomalderkyrkjegarden på Bø har dessutan prioritet 1. i lista over *Prioriterte automatisk freda kulturminne til skilting og tilrettelegging i Sogn og Fjordane 2010-2020* (sjå rapport frå Kulturavdelinga 2011). I tillegg heng det nokre få skilt på Røysetbua. Sogn og Fjordane fylkeskommune produserte tre skilt på Selja, eitt i Klostervågen og to på Bø (ved kaia og ved Bø mellomalderkyrkjegard). Utanom skiltet ved kaia på Bø, er desse skilta fjerna på grunn av at plasseringa ikkje var god. Dei fjerna skilta er oppbevart i Røysetbua. Det er ikkje utarbeidd ein felles skiltmal til Selja.



93 Døme på to ulike skilt som er brukt på Bø. Foto: Birgit Tansøy/VLFK

Skiltet til venstre omhandlar Olavskongane som har vore i land på Selja. Skiltet til høgre er produsert av fylkeskommunen og omhandlar førhistoria til Selja. Det var også ein informasjonsfaldar oppe i postkassa som folk kunne ta med seg. I dag vert postkassa nytta til oppbevaring av pilegrimsstempel.


Dei tre stiane på øya frå Bø til kloster og helgenanlegget er dessutan merka med både skilt og merkepinnar.

Tiltak: Det bør utarbeidast felles skiltplan som seier noko om utforming og plassering av skilt. Skilta bør sjåast over årleg, og gjerne tørkast med klut for å få vekk flekkar. Det bør òg drøftast om det er behov for meir informasjonsskilt ved helgen- og klosteranlegget på nordvestsida. - kanskje i tilknytning til Røysetbua. Det er ikkje ynskjeleg med skilt som blikkfang. Fargevala må tilpassast omgjevningane. Teksten som er nytta på dei to skilta som er fjerna bør gjenbrukast.

Når det gjeld turstiane så bør dei følgje nasjonal merkestandar. Det er berre Klosterstien som er definert som ein del av Kystpilegrimsleia. Stad kommune har ansvar for rydding og merking av Kystpilegrimsleia i eigen kommune, jfr. Avtale med Selje RPS. Skilting og merking av denne leia skal følgje Nasjonalt Pilegrimssenter si merkehandbok. Stien er også ein del av

Sunnivaleia. Merking av sti der desse pilegrimsleiene samanfell må avklarast med Nasjonalt Pilegrimssenter og Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva.

Kaia på Bø



94 Kaia på Bø. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp

Kaia i Hamna på Bø og er hovudkaia for fastbuande og hytteeigarar på Selja, og landingsplassen for rutebåten. Stad kommune eig kaia. Kaia består av ei betongkai med flytebrygge. Klosterbåten set i land og tar på besøkande på Bø òg.

Tilbakemeldingane frå innbyggjarane er at kaia bør rustast opp. Dette kom tydeleg fram då kommunen hadde inspeksjon på kaia i 2022. Ho har lita kapasitet, og særskilt sommarsesongen er det ynskjeleg med fleire båtplassar. Det er også behov for ein del vedlikehald. Det er komme innspel frå fleire om etablering av ventebu med toalett ved kaia. Dette vil vere eit positivt tiltak, der òg viktig informasjon om øya kan samlast.

Tiltak: Kartlegge utbetningsbehov i samband med spesialinspeksjon og vurdere om det er behov for auka kapasitet. Starte opp prosjekt for oppretting av ventebu med toalett på Bø. Sjå på korleis ventebua kan kombinerast med andre føremål som informasjon om øya, lokasjon for hjartestartar og bønerom.

Benkar og bosspann langs vegen på Bø-sida

På Bø-sida er det sett opp nokre benkar langs vegen. I tillegg er det sett opp eit par bosspann.



95 Benk og bosspann som står ved informasjonsskiltet til Olavsteinen på Bø. Olavssteinen som vart avduka i 2018 står i bakgrunnen. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Tiltak: Benkane krev jamt vedlikehald. Graset rundt benkane må slåast ned to gongar gjennom sesongen. Bosspanna bør samlast ved kaiene. Klosterbåten har ansvaret med tømning av dei.

Benkar i klosterhagen



96 14 sitjebenkar er sett opp i Klosterhagen. Foto: Ragnhild Egeland Torp.

Før kvar sesong startar set kommunen ut dei 14 trebenkane som står i Klosterhagen. Benkane blir bruk i samband med formidling, og i samband med ulike arrangement ved ruinen (t.d. ved Seljumannemessa rundt 7. juli). Vinterstid blir benkane oppbevart inne i tårnet.

Tiltak: Det er viktig med jamleg vedlikehald og evt. måle benkane ved behov. Kommunen har ansvaret for vedlikehaldet av benkane.

Ruinprosjektbåten


Båten, eigd av kommunen, vart kjøpt inn i samband med ruinprosjektet. Den blir brukt av murarane og av skjøtselsarbeidarane på Selja. Det er avgjerande at båten er operativ for å ta vare på kulturminna på Selja. Oppsynspersonen i kommunen brukar båten òg. Båten ligg fast i Holmavika småbåthamn. Båten har fast plass. Det er årleg avgift på 3000. Han blir trekt opp på land vinterstid i vika, når han ikkje er i bruk.



97 Ruinprosjektbåten. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Tiltak: Stad kommune har ansvar for vedlikehald av båten. Det må gjennomførast årleg service på motor og skrog av innleigd firma. Det skal alltid vere fem flytevestar ombord. Vestane skal ha jamleg tilsyn.

Midlertidig reiskapsbu i Klosteravågen



98 Reiskapsbua til murarane står i nedkant av klosteranlegget. Utklipp av foto. Foto: VLFK/Ragnhild Egeland Torp

I samband med ruinprosjektet vart det sett opp ei midlertidig reiskapsbu i Klostersvågen, litt opp for land. Denne bua er i bruk av murarane så lenge ruinprosjektet held på.

Tiltak:

Reiskapsbua skal fjernast av murarane når ruinprosjektet er ferdig.

Oppdatering av nettsider

Stad kommune driftar ei eiga [nettside for Selja kloster](#). Dette er ei vidareføring av ei nettside som vart oppretta av Stiftinga for Sta. Sunniva, Selja og Stad, og vart overtatt av Stad kommune då stiftinga vart lagt ned. Nettsida er pr i dag hovudsakleg innretta mot reiselivsformål, men mesteparten av teksten er på norsk. På nettsida står det ei kort samanfating av historikk om kloster og helgenanlegget, informasjon om båtruter og reiseruter, samt lenke til [3D-animasjonen av Selja kloster](#). Nettsida blir også nytta av Stad kommune som ei samleside for informasjon om ulike arrangement knytt til Seljumannamesse. Bilete som blir posta på Instagram med #Seljakloster er også lenka til denne sida. Nettsida er finansiert og administrert av Stad kommune v/fagleiar for kulturarv, og har ein årleg driftskostnad på rundt 3 000 kr.

Tiltak: Det bør gjerast ei vurdering av formålet med [nettsida om Selja kloster](#), og kva for informasjon som skal leggjast her. Kven bør administrere sida, og kven er målgruppa? Skal det vere ei informasjonsside for reisande, eller ei side der ein samlar planar, strategiar, årshjul og tiltak? Eller begge delar? Bør informasjonen evt. også vere på andre språk?

Nettsida kunne godt hatt ei kalenderoversikt som viser kva for arrangement som er planlagt kor tid gjennom sesongen. Dessutan bør det stå kontaktinformasjon i fall det er spørsmål. Nettsida kan med fordel handle litt om konserverings- og skjøtselsarbeid som pågår til ei kvar tid. Forvaltingsplanen kan ligge der òg. Kanskje dette er ein kanal skuleelevar kan engasjere seg i òg, med pedagogisk materiale, nettutstillingar osv.?

Det finst i dag fleire nettsider og sosiale media knytt til Selja kloster. F.eks. på Facebook: Seljasamfunnet, Pilegrim på Selja, ulike årgangar av Seljumannamesse m.m. Dette bidrar til forvirring, og det bør gjerast eit oppryddingsarbeid i digitale kanalar knytt til Selja kloster.

Gjerder

I samband med beitinga på Selja, er det sett opp ein god del beitegjerder på Bø-sida for å hindre at beitedyr går inn i hagar, eller andre område grunneigarane ikkje vil ha beiting på. Gjerdene er per i dag i grei forfatning. Men dei treng vedlikehald. Gjerding for å halde beitedyr ute frå innmark, er grunneigarane sitt ansvar, jfr lovfesta beiterett og grannegjerdelova § 6: Den som vil halde dyr ute, må sjølv setja opp og halde vedlike gjerde. Innmarkseigar har gjerdeplikt mot utmark.

Ei løysing for å lette arbeidet med gjerder, kan vere å ha NO-fens klavar på beitedyra.

Tiltak: Halde jamt vedlikehald av beitegjerda. Oppmuntre grunneigarar til å søke støtte gjennom landbruket sine SMIL-midlar. Avklare om det er behov for å bruke NO-fens klavar på beitedyr.

Bruk og formidling av kulturminna

Folk kjem til Selja med ulike bakgrunn og forventningar, anten det er lokale eller tilreisande. Skal vi forstå korleis vi kan legge til rette for at alle som vil oppleve Selja, må vi vite litt om dei som kjem og kva dei gjer når dei vitjar staden.

Fram gjennom åra er det gjennomført mange arrangement på Selja, og historia om Selja er blitt formidla på mange måtar. I samband med oppstarten av planarbeidet arrangerte vi open dag 18. juni i 2024 på Innbyggartorget i Selje, spørjeundersøkingar og intervju med nokre av dei som bruker øya som pilegrimsmål. Oversikta nedanfor er ei oppsummering av desse innspela. Grunnlagsmaterialet ligg som vedlegg til planen.

Lokalt

Lokalbefolkninga har lange tradisjonar med å reise på dagstur til Selja (t.d. Eide 2009:28-29). Tilbakemelding frå open dag om forvaltingsplanen, er at kulturminna på Selja betyr mykje for folk lokalt og at dei ynskjer seg ein plass der ein kan få meir informasjon. Samtidig er det mange lokalt som melder at dei sjeldan besøker øya, og at det er synd at lokalbefolkninga ikkje brukar øya meir. Korleis kan ein få med fleire lokalt? Dei er oppteken av at stiane bør merkast godt slik at det er lett å ta seg fram. Dei trekk vidare fram at det er mykje kjensler knytt til øya. Det er viktig at folk, uavhengig av religiøs/ikkje religiøs bakgrunn, får plass. For ein del lokalt kan helgendyrking, pilegrimsvandringar og religiøse seremoniar verke litt framand. Det er difor viktig å gjere Selja til ein meir inkluderande arena framover.

Selja som undervisningsarena

Selja er ein viktig læringsarena for både barn, ungdom og vaksne i regionen. Kulturminna og landskapet eignar seg godt til undervisning og formidling, og fleire institusjonar nyttar øya aktivt i opplæringa si.

Alle elevar i 6. klasse i Stad kommune får kvart år ein tur til Selja gjennom Den Kulturelle Skulesekken. Historieformidlinga er utvikla i samarbeid mellom kulturavdelinga og skulane, og gir elevane ei innføring i historia og kulturarven på øya.

Også folkehøgskular og høgare utdanning nyttar Selja som læringsarena. Lokale folkehøgskular har faste turar til øya som del av undervisninga, med fokus på kulturhistorie, pilegrimstradisjonar og naturopplevingar. Studentar ved Høgskulen i Volda har årleg ekskursjon til Selja som del av historieundervisninga.

I tillegg har frivillige organisasjonar som speidarar i Nordfjord brukt øya til overnattingsturar og friluftaktivitetar.

Ved overnatting på øya er det viktig at telting skjer på tilvist plass (ved Yksnevik), og at ein nyttar toaletta ved Røysetbua dersom ein ikkje har med eige felttoalett. Dette er viktig både av omsyn til miljø, kulturminna og andre brukarar.

Desse besøka skjer i dag i stor grad uavhengig av kvarandre og utan koordinering med kommunen. Det er eit potensial for å styrke samarbeidet og få betre oversikt over bruken av øya til undervisningsføremål. Det bør difor utarbeidast ei samla oversikt og ein årskalender for slike aktivitetar.

Selja i forskning og formidling

Målsettinga med forskning og formidling knytt til Selja kloster og helgenanlegg er å styrke kunnskapen om staden og å formidle kulturminna til publikum (både lokalbefolkning og turistar) på ein fagleg og opplevingsbasert måte. I samarbeid med Universitetet i Bergen, Vestland Fylkeskommune og Arkikon har Stad kommune utarbeidd ein digital rekonstruksjon av Selja kloster og helgenanlegg anno 1320. Denne kan vidareutviklast i undervisnings- og formidlingssamanhang, t.d. med VR-opplevingar og spelteknologi.

<https://kringom.no/nb/nordfjord/stad/selja-kloster-og-helgenanlegg>

Stad kommune har fått tilskot frå Riksantikvaren og Vestland Fylkeskommune til eit 3-årig verdiskapingsprosjekt "Stad i 4000 år" og jobbar med fullfinansiering av dette. Prosjektet er sentralt for arbeidet med å løfte kulturarven frå ulike epokar fram, og gir eit rammeverk for vidare arbeid med bevaring, forskning, formidling og næringsutvikling rundt kulturarven i ytre delar av Stad. Tiltak i m.a. forvaltningsplanen for Selja og formidlingsplan for UKL Stadlandet inngår i prosjektet.

Forskning

For Selja er det framleis forskingsspørsmål som kan verte betre belyst, t.d.: Kvifor vart det oppretta helgenanlegg og kloster på Selja, og korleis var overgangen til kristendomen i Nordfjord og Sunnmøre, og Selja sin plass i den nasjonale kristningsprosessen? Selja passar også til meir tverrfagleg forskning på og samanliknande kulturstudiar om helgenkultar, klosterliv og pilegrimstradisjonar i mellomalderen.

Det finst også datasett som kan verte studert nærmare for å gi auka kunnskap. Dei arkitektoniske blokkane i sakristiet bør verte katalogiserte for å belyse arkitekturen i anlegget. Kan vi finne ut meir om kvar steinen kom frå, og kvar steinen vart av etter at klosteret vart lagt ned?

Forvaltningsplanen vurderer potensialet for at det finst fleire automatisk freda kulturminne på øya som høgt. Systematiske registreringar kan avdekke fleire kulturminne. I tillegg har fleire registrerte kulturminne på Selja uavklart vernestatus og kan vere førhistoriske, og potensielle spor etter menneskeleg aktivitet har vore avdekt av laser- og georadarskanningar. Desse krev nærare undersøkingar for å identifisere kva dei er og stadfeste alder.

Samarbeid med forskingsinstitusjonar kan utvikle prosjekt som kan gi ny kunnskap og føre til auka interesse for staden og nye publikasjonar, om dei får ekstern finansiering frå t.d. Forskingsrådet.

Formidling

Formidlinga av kulturminna på Selja skal bidra til å gjere historia tilgjengeleg og meningsfull for lokalbefolkninga, pilegrimar og turistar. Målet er å kombinere kunnskap med opplevingar, slik at kulturarven vert levande og relevant for ulike målgrupper. Forvaltningsplanen peiker på at det er behov for ein heilskapleg formidlingsplan og besøksforvaltning. Det er også fleire kulturminne på Selja som kan verte formidla til ålmenta.

Etablering av eit kunnskapssenter på fastlandet vil kunne fungere som ein inngangsport til Selja, med utstillingar av arkeologiske artefaktar funne på eller i tilknytning til anlegget, digitale rekonstruksjonar og informasjon om klosterliv, helgenkult og pilegrimstradisjonar. Det kan også kombinerast med utstillingar av f.eks. dei arkeologiske utgravingane på Seljesanden og kulturlandskapet på Stad, og slik gi eit større bilete av aktiviteten i området både som bustad og heilagstad gjennom fleire tusen år. Dette senteret kan også romme undervisningsopplegg for skular og vere arena for seminar og temadagar. Eit kunnskapssenter vil kunne gjere kulturminna på Selja meir tilgjengelege for dei som av ulike grunnar ikkje har høve til å reise ut på øya. Samtidig kan det fungere som ein innfallsport til besøk på øya, og ei avlastning for kulturminnet ved å redusere besøkstrykket og behovet for skilting.

Formidlinga bør vidare utviklast gjennom digitale løysingar som gir tilgang til informasjon, guida turar på øya og produksjon av formidlingsmateriell tilpassa ulike målgrupper. Det er også potensial for å utvikle meir opplevingsbasert turisme og pilegrimsvandringar som tar utgangspunkt i kulturminna og landskapet på Selja og i KULA-området. Dette krev god merking, vedlikehald av stiane og tett samarbeid med reiselivsnæringa, samt respekt for dei religiøse og historiske dimensjonane ved staden. RPS Selje er ein viktige ressurs og samarbeidspart.

Tiltak:

- Gjennomføre symposium om Selja.
- Nettsidejobbing
- Samarbeid med forskingsinstitusjonar
- Samarbeide om Stad 4000 år
- Kunnskapssenter
- Skiltplan/formidlingsplan

Friluftsliv på Selja

Ein del kjem til Selja hovudsakleg fordi dei ynskjer å nyte friluftslivet. Dei kjem kanskje padlande med kajakk, med robåt eller med eigen motorbåt. Turstiane på Selja er med i Stad kommune sin oversikt over [friluftslivets ferdselsårer](#). Rundtur på Selja er tur nr 120-8 i planen, og merka som blå rute. Denne turen finn ein også i boka "Opptur Stad" (Selja forlag/Stad kommune 2020), og er tilgjengeleg i turappar som ut.no. Turen over toppen av øya er ikkje med blant desse turrutene.

Som ein del av friluftslivets ferdselsårer er det også etablert [ei ro- og padlerute frå Selje til Selja](#) i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Eit skilt med oversikt over ro- og

padelrutene blir sett opp ved Seljesanden, og rutene er også tilgjengelege i turappar som ut.no.

Ro- og padleruter
Selje

Padleruter

Selje ligg lunt og sørvestvendt innunder Stadhalvøya. Sentrum er Nabben, med Seljevågen på den eine sida og Seljesanden på den andre. Ved nordenden av Seljesanden ligg Selje kyrkje. I Seljevågen er det gjestehamn og avgang for Klosterbåren som går til Selja.

Frå Seljesanden går turen nordover mot kyrkje og naustrekke, her får ein flotte fotomotiv over Selje. Frå kyrkje padlar ein mot Ersholmen og mot Bø. Her kan vere litt låntrafikk. Frå Bø kan ein velje å gå i land og besøke Selja kloster. Frå Bø er det 1,5 km å gå til klosteret. Pilgrimruta til Selja kloster meita. På isla på Bø er det informasjonstavle om turen. Det er ikkje anbefalt å padle rundt Selja grunna sjøforholda.

For meir detaljar om rutene, last ned padleruter-app på mobilen.

Ha ein god og trygg tur!

Ruter

Selja den heilage øya
2,2 km - 1,5 timar
Start Seljesanden

Om vassleigingsgradene
Sjå for alle vassleigingsgradar av ro- og padleruter blir startet etter. Et rute har tre eller ei vassleigingsgrad. Vassleigingsgrad 01 eller 02 vil bli sett etter vassleigingsgradene.

Ro- og padleruter i Vestland

Prosjektet Ro- og padleruter i Vestland er eit samarbeid mellom Måkestovneren, Måkestad, Lærum og padlerklubbar i Vestland. Målet med prosjektet er å gjere turløypa på øya meir tilgjengeleg for folk. Dette er gjort ved å byggje kartlegging og planleggje ro- og padleruter, informasjonstavler og ved å legge til stier for utsetningsplassar og overnattingsplassar.

SB The project Rowing and Paddling Routes in Vestland is about increasing accessibility to rowing and paddling activities along the coast of Vestland. This is achieved by mapping and creating routes and by facilitating access points and campsites.

Teiknforklaring

Ro- og padleruter
 - Grønne: start - stop
 - Blå: start - stop
 - Raud: start - stop

Vassleigingsgrad 01 eller 02 vil bli sett etter vassleigingsgradene.

Padlevettreglar

1. Vel ikkje som passasjertur og rikard det.
2. Spis ikkje mat på øya.
3. Kjø deg etter vassleigingsgradene. Ta med klebyr.
4. Ha alltid ein god godkjent motorbåt.
5. Overnattar ikkje utan eigne leirplassar. Du får ikkje overnatta på øya.
6. Om du vil, kan du byggje telt på øya.
7. Ha respekt for øya og øya, og sjå på øya.
8. Hold god overvaking av øya. Sjå på øya.
9. Lær deg ferdig.
10. Vær trygg i naturen. Hugs sikkerheitsforbod.

Stadkommune, Norges Padlerforbund, SBUL, Vestland fylkeskommune

99 Dette skiltet blir sett opp ved Seljesanden (Vestland Fylkeskommune)

Turboka ved varden på toppen av fjellet på Selja, som den lokale trimgruppa har lagt ut, viser at det jamt over er mange som går denne ruta. BUA i Selje lånar dessutan ut gratis friluftstutstyr, m.a. kajakkar og SUP-brett.

Enkelte som representerer friluftsgruppa saknar eigne grillområde, eller definerte teltplassar. Og særskilt har det vore interesse for å gjere Ersholmen meir tilgjengeleg for friluftslivet lokalt. Det er mellom anna interesse for å rydde og fjerne rotvelt på holmen for slik å gjere den lettare tilgjengeleg. Forvaltingsplanen støttar opp om retningslinjene for KULA som seier at det ikkje skal etablerast nye installasjonar på Ersholmen. Det er positivt med vegetasjonsskjøtsel, til dømes å fjerne sitkagran og rotvelt. Enkle friluftsliviltak som å legge til rette for bål-/grillplass og å etablere enkle båtfeste i berget er også greitt. Men vi ynskjer ikkje etablering av nye tekniske installasjonar som td bygg på Ersholmen.

På øya Selja kan det vere aktuelt å telte på vestsida av øya på tilviste område, føresett at ein nyttar toaletta på Røysetbua. Kartoversikt og bruksreglar må leggst ut på [nettsida til Selja kloster](#). Vi presiserer at dette ikkje er ein tilrettelagt campingplass.

Generelt sett meiner vi det er betre å nytte seg av fasilitetar til grilling og telting på land, i Selje, og ikkje ute på øya.

Tiltak:

- Reglar knytt til telting/grilling
- Opparbeiding av båtfeste og grillplass på Ersholmen
- Lage oversikt over kvar det evt er greitt å telte
- Nettsidearbeid

Selja som turistattraksjon

Klosteret og helgenanlegget på Selja er for mange rekna å vere eit nasjonalt ikon. Mange har høyrte om anlegget og Sunnivallegenda og ynskjer å oppleve staden med egne auge. Kommunen og reiselivsnæringa ser at Selja kan skape positive ringverknader lokalt som igjen bidrar inn i det lokale næringslivet. Satsinga knytt til Stad 4000 år (2026-2029) skal legge til rette for verdiskaping med utgangspunkt i kulturarven. Samarbeidsrådet set rammene for kva type næringsutvikling ein ønskjer å opne opp for på øya.



100 Biletet viser døme på lokale produkt som tar utgangspunkt i Sunnivallegenda som merkevare. Her som lokalproduserte stearinlys. Produktet blir mellom anna seld på Kjerringa/Vestkapp og i Selje prestegard. Foto: VLFK/Birgit Tansøy

Det er stort potensiale for meir næringsutvikling knytt til Selja som turistattraksjon gjennom m.a. båtutleige, guida turar, lokalmat og produktutvikling, overnatting m.m. I dag er det få aktørar som tilbyr opplevingar for tilreisande lokalt. Seljesanden hotell vil kunne vere ein viktig motor i denne satsinga. Rorbuer, Selje camping og Stad hotell har i dag samarbeid med RPS Selje om pilegrimsovernatting. Det finst også Air BnB-utleige i området. Selje bygdeutviklingslag er ein aktiv pådrivar for næringsutvikling knytt til reiseliv i området. Betre samhandling og samordning av næringsaktørar, utvikling av nye produkt, destinasjonskonsept og pakketering er noko av det verdiskapingsprosjektet "Stad i 4000 år" skal legge til rette for.

Cruiseskip med anløp i Måløy og Nordfjardeid tilbyr turar til Selja kloster. Det blir også jobba for å legge til rette for ISPS-sertifisering for mindre cruiseskip/ekspedisjonsskip i Selje. Det bør også utarbeidast ei tolegrenseanalyse for besøk på Selja, og lokalt basert næringsutvikling knytt til slike besøk.

Ynskje om droneflyging for å ta bilete og video ved turistattraksjonar er aukande. Det er ikkje alltid dette er trygt korkje for folk eller for sårbare kulturminne. Dessutan kan droneflyging verke forstyrrende for opplevingsverdien. I planperioden ynskjer vi restriktiv bruk av droneflyging ved kloster og helgenanlegget. Dette bør formidlast til besøkande på nettsider, og i samband med sal av billetter ut til øya.

Tiltak:

- *Nettsidearbeid*
- *Støtte opp under verdi- og næringsutvikling gjennom Stad 4000 år*
- *Nytte samarbeidsrådet som rådgjevar knytt til næringsetablering knytt til Selja.*

Universell utforming

Kulturminna på Selja er ikkje særskilt lagt til rette for universell utforming (UU) i dag. Det er ikkje ønskeleg med fleire tekniske installasjonar på øya. Likevel er det fleire tilpassingar som gjer kulturminna meir tilgjengeleg for fleire ute på Selja. Til dømes å UU tilpasse kulturminneskilt med riktige fargar og lydfiler. Andre tiltak for å stette UU-krav, kan vere å etablere ventebu med toalett på Bø og å sette ut fleire sitjebenkar langs klosterstien. Det er vidare ein føresetnad at nettsida om Selja er UU tilpassa. Dessutan vil eit eige visningscenter i Selje føre til at fleire får høve til å lære om Selja, utan å reise ut fysisk.

Tiltak:

Universell utforming skal vere premiss så langt det let seg gjere i samband med tiltaka i planperioden.

Beredskap

Det finst ikkje ein eigen beredskapsplan for Selja. Det bør derfor utarbeidast ein ROS med egne tiltakskort knytt til besøk og arrangement.

Tiltak:

- utarbeide ein kommunal ROS for Selja, og integrere Selja i den kommunale beredskapsplanen.
- Utarbeide ein eigen formidlingsplan, som òg handterer besøkande utan guide. Her bør ein vurdere risiko for uønska hendingar slik som hærverk og ulykker ved til dømes klatring på ruinane, eller at folk oppheld seg på rasfarlege område. Planen bør òg vurdere konkret kva for informasjon/forteljing ein vil at turistane skal ta med seg vidare, og kva for media og informasjonskanalar ein ønskjer å legge til rette for, t.d. gjennom skilting, audio- og digital formidling.

Oppsummering av tiltak knytt til bruk og formidling av kulturminna (delvis overlappende med tiltak i kap. om bevaring:

- Formidlingstiltak knytt til gravrøyser som er lett tilgjengelege ved sti eller ro/padlerute
- Samarbeide med forskingsinstitusjonar om utvikling av prosjekt som kan gi ny kunnskap, og søke om ekstern finansiering
- Bruke kulturarven på Selja som utgangspunkt for lokal næringsutvikling, i samråd med Samarbeidsrådet for Selja
- Legge til rette for næringsutvikling knytt til Selja som turistattraksjon gjennom m.a. båtutleige, guida turar, lokalmat, produktutvikling, overnattin m.m. i samarbeid med RPS Selje og lokalt næringsliv.
- Legge til rette for universell utforming av informasjonstiltak. Ikkje tekniske installasjonar.
- Telje besøkande på Selja
- God informasjon om kva ein kan og ikkje kan gjere i det freda anlegget
- Formidlingstiltak knytt til Bø, Klsoterstien, nauset, Heimen.
- Samla skiltplan. Gradering av skilt.
- Rydding og merking av stiane.
- Gjere Røysetbua tilgjengeleg for besøkande.
- Eteblere ventebu og toalett på Bø.
- Informere om ro- og padleruter og legge til rette for utleige av kajakk og robåt.
- Lyngbrenning som skjøtsels- og formidlingstiltak.
- Etablere formidlingscenter i Selje.

Selja som religiøs og kulturell arena

Selja som religiøst sentrum i mellomalderen

Selja er martyrstaden for dei første norske helgenane, Sta. Sunniva og Seljemennene, som etter legenda vart drepne på 900-talet og funne av kong Olav Tryggvason i 996. Martyrstaden og helgenskrina der dei heilage relikviane deira vart oppbevarte, var Noregs første offisielle pilegrimsmål.

Pilegrimsreiser finst i mange religionar, og handlar i det ytre om å gjennomføre reiser mot eit heilag mål. I det katolske Europa i mellomalderen var pilegrimsreiser svært utbreidd, og i høgmellomalderen kan så mange som 1/5 av befolkninga vore involvert i pilegrimstrafikken anten som pilegrimar eller i form (Larsen 2020:292). Motiva for reisene kunne vere vern mot sjukdom og ulukker, botsreiser for ugjerningar og brotsverk eller håp om frelse gjennom kontakt med undergjerande relikviar og heilage stader. Kyrkja kunne pålegge syndarar pilegrimsreiser. Blant dei viktigaste valfartsstadene var Jerusalem og apostelgravene i Roma og Santiago de Compostela. Etter at St. Olav vart helgenkåra i 1031 og Olavskyrkinga breidde om seg, vart Nidaros det viktigaste pilegrimsmålet i Nord-Europa.

I følgje Adam av Bremen (ca. 1075), kom dei fleste pilegrimane som skulle til Trondheim sjøvegen. Mange stoppa nok på Selja på vegen, eller hadde Selja og heilagstaden her som mål for reisa si. Pilegrimane kom også til Selje landevegen, anten via Mannseidet frå aust, Berstadeidet frå sør eller Dragseidet frå nord, før dei fekk båtskyss vidare ut til øya. Desse gamle ferdseisvegane fungerer også som pilegrimsveggar i dag.

Pilegrimane kunne kome langvegs frå. Under arkeologiske utgravingar på Selja i 1937 vart det funne fem pilegrimsmerke i ei grav. Desse kom frå Flandern, Frankrike, Tyskland og

Italia. Merka er laga av bly, og var ein slags "suvenir" og prov på at pilegrimane hadde nådd målet. Vi kjenner ikkje til noko slikt merke frå Selja.

Pilegrimsreiser vart etter kvart ei viktig inntektskjelde for kyrkja. Ved fleire kyrkjer og kapell vart det gitt avlat til pilegrimar på kyrkjelege høgtidsdagar. Pavar, erkebiskopar og kongar tok initiativ til å sikre ferdselsvegane og byggje ubemanna overnattingsstader - sælehus. Også kloster kunne fungere som overnattingsstader med eigne gjestehus.. Å hjelpe pilegrimar med mat og huslyd var ei kristen plikt.

Helgenanlegget på Selja

Restane etter det store helgenanlegg på Selja vitnar om at dette har vore eit viktig pilegrimsmål. Anlegget består av tre delar: Den første er hellaren oppe i fjellet, hola der Sta. Sunniva og Seljemennene leid martyrdøden. Odd Snorreson munk fortel at det var bygd er eit kapell inne i denne hola som gjekk under namnet "Salen", og her fanst også ei helsebringande kjelde (Hommedal 1997:46). Denne kjelda låg i den nordre delen av fjellhola. Trappetrinna frå den høgareliggande delen av hola fører i retning denne kjelda, der pilegrimane i mellomalderen kunne ta imot undergjerande og lækjande vatn. I 1860 vart det funne ein grunn kum med vatn her, men i dag er kjelda fylt igjen av stein. Pilegrimane oppsøker no i staden eit oppkome frå den same kjelda ved foten av fjellet, like ved det ein trur har vore sjukestove.

Hellarkapellet var ikkje vigd til Sta. Sunniva og Seljemennene, men til erkeengelen St. Mikael. Forfattaren Sigrid Undset kalla dette kapellet "det ældste kirkehvelv som vi har tilbake her i landet", medna pilegrimspresten Arne Bakken har skildra hellaren med fjellhola som livmora som fødte kyrkja i Noreg I 1868 vart det funne eit fragment av eit silkestoff, kanskje frå eit liturgisk klede, i nordenden av hellaren. Stoffet er truleg produsert i Sør-Spania eller i det austlege Mellomhavsområdet på 1200-talet, og er i dag oppbevart ved Universitetsmuseet i Bergen. Den inste delen av hola der helgendronninga i følgje legenda vart funnen, kan ha fungert som eit oratorium – eit bønerom - slik det til dels også blir brukt av pilegrimar i dag (Hommedal 2022).

Utanfor helleren finn vi Sunnivakyrkja, der skrinet med relikviane til Sta. Sunniva stod på ein opphøgd pall saman med beinrelikviar frå Seljemennene. Kyrkja skal i følgje Odd Snorreson munk vere reist av Olav Tryggvason i 996 etter at Sta. Sunniva vart helgenkåra. Dette kan ha vore ei tidlegare trekyrkje, men nyare bygningsarkeologiske undersøkingar tyder på at ruinane av steinkyrkja som står her kan vere frå denne perioden (Meyer 2024). Koret i denne kyrkja er 4,6x3,4 m, og skipet er 7,5x4,6 m med ei dørøpning på kvar langsida. Truleg har den vesle kyrkja fungert som eit "ambulatorium" der pilegrimane kunne passere, sjå og kanskje røre ved helgenskrina. I golvet midt i skipet er ein ovalforma opning. Dette kan ha vore ein kum der ein har henta opp heilag vatn frå kjelda i fjellhola ovanfor.(Hommedal 2022).

Den tredje delen av helgenanlegget er dei store terrassane. I Flateyboka er desse omtalt som eit stort steinlad bygd av Olav konge, og "det største manneverk av dette slaget som er bygd" (Hommedal 1997:51). Terrassane er 22 m breide, og vart rekonstruerte av Cato Enger i tre nivå i 1933. Den nedste terrassen er 6 m høg. Vi veit ikkje om anlegget har sett nøyaktig slik ut opphavleg, men vi veit av kjeldene at dei må ha vore eit mektig syn. Truleg var dei også kvitkalka i mellomalderen, og synlege på lang avstand. Terrassane har truleg hatt ein liturgisk funksjon i samband med valfartar og prosesjonar i samband med feiring av Seljumannamesse og andre høgtider.

Legenda

Den eldste og mest utbroderte legendeteksten om Sta. Sunniva har vi frå “Acta Sanctorum in Selio”, forteljinga om dei heilage på Selja, frå 1170. Den finst også nedskreven i Odd Snorreson munks “Soga om Olav Tryggvason” frå rundt 1190 og i den islandske “Flateyjarbok” frå slutten av 1300-talet.

Legenda fortel at Sunniva var ei kristen regjerande kongsdotter i Irland. Då ein heiden inntrengar ville gifte seg med henne og ta landet hennar, rømde ho saman med følgjet sitt. Dei la ut på havet i opne båtar utan segl eller årer. Ein av båtane stranda på øya Kinn, medan resten dreiv i land på Selja. Her slo dei seg ned og levde fredeleg, men dei fastbuande på land mistenkte dei kom for å stele sauer som beita på øya. Den heidenske Håkon Ladejarl reiste ut på øya med ein hær for å fordrive inntrengarane. Sunniva og følgjet rømde då opp i ei hole og bad til Gud om å sleppe frå forfølgjarane. Bønene vart høyrde, fjellet rasa saman over dei. Etter ei tid vart folk merksame på eit underleg lys over øya, og nokre handelsmenn fann velduftande hovudskallar mellom steinar. Dei grov fram menneskebein i steinmassane, og inst i hola i fjellet fann dei kroppen til Sunniva uskadd. Ho vart kåra til helgen og skrinlagd i ei kyrkje som vart bygd like utanfor hola.

Legenda om Sta. Sunniva har likskapstrekk med fleire andre samtidige martyrar. Vi finn parallellar i den engelske Sta. Ursula og dei elleve tusen jomfruene som flykta frå heidningar i elleve skip og vart drepne i Köln etter ei pilegrimsreise til Roma. Likeins med Sta. Donnéa frå Irland som grunnla eit kloster på Hebridene og vart drepne av heidningar. Truleg fanst det ein felles nordeuropeisk legendetradisjon om unge kristne kvinner som vart forfølgde for trua si.

Seljumannamesse og helgenfeiringar

Seljumannamesse vart offisielt nedfelt i Kristenretten i 1024. I dei eldste utgåvene av Gulatingslova, Frostatingslova og Eidsivatingslova er dagen omtala som “messe til dei heilage som kviler i Selja og Kinn”, “Seljuvaka” og “Seljumannavaka”. Feiringa har vore knytt til helgenanlegget på Selja, men også til Kinn, der legenda fortel at nokre i følgjet av flyktingane frå Irland hamna. På primstaven er Seljumannamesse symbolisert med ei krone eller ei hole til minne om Sta. Sunnivas kongelege opphav og martyrstaden i hola på Selja. Men namnet tyder på at messa også har vore knytt til eit større kollektiv av heilage; Seljemennene. Kor lang tilbake denne tradisjonen strekkjer seg, veit vi ikkje.

Til dei viktigaste helgenfeiringane høyrde det i mellomalderen faste liturgiar, messer og tidebøner, der framsyning av relikviar spelte ei sentral rolle. Seljumannamesse var ein festdag “maius duplex”, dvs av nest høgste grad, og ein av de største festdagane i året. Vi har berre enkelte fragment bevart frå liturgien. Det er heller ikkje bevart nokon mirakelsamling knytt til Sta. Sunniva; slik vi finn på mange andre helgenstader.

I 1170 vart helgenskrinet med Sta. Sunnivas relikviar flytta til den nye bispekyrkja, Kristkyrkja på Holmen i Bergen. Sta. Sunniva vart no “Patrona Bergensium”, skytshelgen for Bergen, og ho var også skytshelgen for alle sjøfarande. Dei skriftlege kjeldene vi har om Sunnivakulten er frå Bergen. I løpet av høg mellomalderen nådde tilbedinga av dei heilage på Selja ei stor utbreiing både i Noreg, Norden og Nord-Tyskland. Det er bevart 23 framstillingar av Sta. Sunniva på altertavler – dei fleste frå Hordaland, Trøndelag og Nord-Noreg. Fleirtalet er frå 1400- og 1500-talet. Utbreiinga hadde truleg samanheng med Bergen sin posisjon som Hansaby og senter for tørrfiskhandelen.

Etter reformasjonen

Med reformasjonen i 1537 vart katolsk truspraksis forbode, inkludert helgendyrking og pilegrimsreiser. Likevel heldt truleg valfartane til lokale pilegrimsmål seg som ein folkeleg tradisjon lenge etter reformasjonen. I Røldal har ein dokumentasjon for dette heilt fram til 1850-talet.

Vi veit ikkje sikkert om eller kor lenge folk har oppsøkt heilagdomane på Selja. Men i 1811 grov marineoffiser H.P. Dahlerup i ruinane ved Sunnivahellaren, som den første vi kjenner til i nyare tid. Han fann "en stor Mengde, af Fyrrepinde raat tildannede Kors" (Hommedal 1997:194). Slike enkle trekors og pinnar ville truleg ikkje ha halde seg i jorda i fleire hundre år, og kan difor stamme frå folk langs kysten som ønskte å sikre ei trygg sjøreise rundt det farlege Stad.

Selja som pilegrimsmål i dag

I nyare tid har pilegrimsreiser fått ein renessanse, også i protestantiske land. Motivet for dagens pilegrimar har endra seg sidan mellomalderen. For mange er sjølve reisa viktigare enn heilagstaden som pilegrimsmål. Reisa er ei vandring i spora etter tidlegare tiders pilegrimar, langs historiske ferdselsårer..

Det andelege aspektet av reisa er også viktig for mange i dag. Dagens pilegrimar definerer sjølve målet med reisa si, og det kan vere både religiøst og ikkje- religiøst. Pilegrimsreise brukast som utgangspunkt både for fråkopling frå ein travel kvardag, eller som påkopling til større samanhengar og djupare dimensjonar ved tilværet. Pilegrimsreiser er ein internasjonal trend i sterk vekst. I 1987 var 2900 pilegrimar registrerte ved pilegrimskontoret i Santiago de Compostela i Nord-Spania. I 2023 var talet 446 077. Nærings- og distriktsutvikling med utgangspunkt i kulturarven har vore ein viktig del av satsinga. Camino Frances vart ført opp på UNESCOs verdsarvliste i 1993 og 1997. Ein reknar med at 1800 bygningar og fysiske strukturar og 166 byar og tettstader kan knytast til dei spanske pilegrimsrutene.² Vandrarane kjem frå heile verda; mange frå USA, Asia og Europa. Berre rundt 40% av vandrarane i Spania oppgir at dei går av religiøse grunnar.³

I Noreg vart pilegrimsvegen gjennom Gudbrandsdalen til Trondheim offisielt opna i 1997 av Riksantikvaren. Dette var ei tverrfagleg satsing på departementsnivå mellom kultur, kyrkje, miljø, landbruk og næring. I den nasjonale pilegrimsstrategien frå 2012 heiter det at "Pilegrimsledene skal være gode veier å gå gjennom norsk natur og kultur, preget av verdier som er grunnleggjende for menneskets eksistens og som åpner for en indre vandring."⁴ Dei norske St. Olavsvegane til Trondheim vart innlemma i dei europeiske kulturrutene i 2010.

Mellom 2010 og 2023 har nesten 13 000 pilegrimar fullført ei vandring langs éi av dei ni St. Olavsleiane og registrert seg ved Nidaros pilegrimsgard i Trondheim.⁵ Vandrarane kjem frå 54 ulike land, med Tyskland, Nederland og Noreg i tet. Rundt halvparten var i aldersgruppa 55-69 år, nokså likt fordelt mellom kvinner og menn, og det er ein tendens til at stadig fleire

² https://no.wikipedia.org/wiki/Pilegrimsveien_til_Santiago_de_Compostela

³ [Statistics | Pilgrim's welcome office](#)

⁴ Pilegrimsledene skal være gode veier å gå gjennom norsk natur og kultur, preget av verdier som er grunnleggjende for menneskets eksistens og som åpner for en indre vandring.

⁵ [NPG statistikkrapport 2023.pdf](#)

unge reiser. Mange reiser saman med andre, men rundt ¼ går aleine. I 2023 brukte pilegrimane i snitt 17 dagar på turen mot Trondheim; dei fleste langs Gudbrandsdalsleden.

Talet på pilegrimar som kjem til Nidaros pilegrimsgård reflekterer likevel ikkje det store mangfaldet av pilegrimsaktivitet i Noreg. Mange legg opp reisa i etappar fordelt over fleire år, og blir difor ikkje registrerte før dei kjem fram til Trondheim. Det er i tillegg ei rekke lokale pilegrimsreiser og arrangement der kyrkje, frivilligheit, kommunar, museum, turlag, pilegrimsfellesskap og andre er aktive bidragsytarar. Pilegrimar som reiser langs Kystpilegrimsleia har truleg også eit litt anna reisemønster enn på innlandsleiene, då dette er ei kombinasjonslei til sjøs og til lands, og i større grad fokusert på besøk på nøkkelstadene langs leia.



101 Selja kloster som del av Kystpilegrimsleia, St. Olavsvegane til Trondheim. Foto: Arild Vonheim

Kystpilegrimsleia og nøkkelstaden Selja kloster

Kystpilegrimsleia mellom Egersund og Trondheim vart offisielt opna i 2018 som den nyaste av St. Olavsvegane i Noreg. Langs leia er det 25 nøkkelstader på historiske besøksmål, og det er oppretta fire regionale senter: Avaldsnes, Bergen, Selje og Smøla. Kystpilegrimsleia er ikkje merka som ei samanhengande vandrerute slik som dei andre St. Olavsvegane, men er ei kombinasjonslei der ein kan nytte både båt, bil, sykkel og offentleg transport, kombinert med enkelte vandreetappar. Leia er open heile året, i motsetning til vandrerutene i innlandet.

På nøkkelstaden Selja kloster er den nordlege stien frå Bø til Selja kloster merka som offisiell pilegrimsveg.⁶ Regionalt Pilegrimssenter Selje jobbar med å skilte og merke dei gamle kyrkje- og pilegrimsvegane til Selje over Berstadeidet, Mannseidet og frå Dragseidet til Liset som vandreetappar langs Kystpilegrimsleia. Vegen over Berstadeidet er merka med Sunnivaleia.⁷

RPS Selje har ansvar for å koordinere arbeidet på nøkkelstadene Gulatinget, Hyllestad kvernsteinspark, Svanøy, Kinn og Selja kloster. Pilegrimssenteret ligg administrativt under kultureininga i Stad kommune, og er finansiert gjennom statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. Pilegrimssenteret har partnarskapsavtalar med kvar av kommunane som har nøkkelstader, og det er etablert lokale nøkkelstadgrupper med representantar frå kultur, kyrkje, næring og miljø.

Pilegrimar kan få stempel i pilegrimspasset sitt både i Selje prestegard, Selja kyrkje, ved kaiene i Bø og i Klostervågen på Selja. Dersom ein har besøkt seks nøkkelstader før ein kjem til Trondheim, kan ein få utdelt eit Olavs brev. Fleire pilegrimsherberge og hotell som er knytt til pilegrimsleia har også eigne stempel. Denne ordninga gjeld for alle St. Olavsvegane, og liknar tilsvarende pass på andre pilegrimsruter internasjonalt.

For å komme ut til Selja kloster må ein i båt. Fjordguiding har konsesjon på båtrutene til Selja, og har daglege guida turar til klosteret i sommarsesongen 15. Juni-31. August. I skuldersesongane 1. mai-14. juni og 1.-30. september går båten i helgene. Det er mogleg å bestille båten utanom oppsette tider⁸. Det er også mogleg å komme ut til Bø med den lokale rutebåten⁹, eigen båt, eller ein kan låne kajakk i BUA¹⁰ i Selje. RPS Selje jobbar med å utvikle eit tilbod om ro-ruter til Selja gjennom prosjektet "Ro pilegrim", som skal tilrettelegge for bruk av tradisjonsbåtar langs kysten gjennom å kople saman ro-ruter og vandreruter langs Kystpilegrimsleia.

I 2025 var det registrert 2222 besøkande i Selje prestegard. 504 av desse vart registrert som pilegrimar. Klosterbåten talde 4850 passasjerar 2025. Det er ikkje spesifisert kor mange av desse som var pilegrimar. Grensene mellom kva ein kan rekne som turistar og pilegrimar til Selja er elles ikkje alltid like tydelege.

⁶ <https://www.pilegrimsleden.no/kart>

⁷ Sjå eige kapittel om Sunnivaleia og Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva.

⁸ <https://www.fjordguidingselje.no/klosterbaten>

⁹ chrome-

extension://efaidnbmnnnibpcajpcgiclfndmkaj/https://www.skyss.no/globalassets/reise/rutetabellar/bat-og-ferje/b%C3%A5t-og-ferje/191.pdf. Merk at båten må bestillast seinast dagen før.

¹⁰ [Utlånsordninger | BUA](#). BUA Selje er open kvar dag mellom kl 9-15.30. For å låne kajakk må ein vere sertifisert med våttkort.

Selja som religiøs arena i dag



102 Frå protestantisk Seljumannamesse i 2024. Foto: Tonje Ramse Trædal

Helgenfeiringane i det protestantiske Noreg tok slutt etter reformasjonen. Interesse for dei historiske klosterruinane på Selja tok seg opp på 1800-talet, og med det også for pilegrimsmålet og dei religiøse tradisjonane som hadde vore her. I følgje Reidar Djupedal (Sogeminne) tok folk i Selje til å reise ut på Selja og halde det som på folkemunne vart kalla "Seljemysse" rundt byrjinga av 1800-talet. Det har også vore sporadiske messer på øya på somrane i løpet av 1900-talet.¹¹

Frå Cato Engers restaureringsprosjekt på 1930-talet har vi fotografi som viser at det vart feira Seljumannamesse i klosterruinane både i 1937 ved 400-årsmarkeringa for reformasjonen - og i 1939. Dette var protestantiske utandørsgudstenester, og dei var ikkje på sjølve helgendagen 8. juli (Djupedal 2021:5). Sverre Nybø, sokneprest i Selje, forretta gudstenesta saman med far sin Reiel, og i følgje Cato Enger var det ved begge høve over tusen personar til stades.

Krigen sette ein stoppar for feiringane, og først 24. juli 1977 tok sokneprest Erling Nerheim saman med prosjektleiar Bjørn Rydningsmo-Jensen i Selje opp att tradisjonen med å feire Seljumannamesse som protestantisk utegudsteneste. Sidan har det vore ei årleg messe her søndagen nærast 8. juli. Nokre år har messa vore flytta til Selje kyrkje på grunn av dårleg vær. (Djupedal 2021:26). På 1980-talet var det årleg Dragseidstemne i byrjinga av juli samtidig med Seljumannamesse.

¹¹ Historikk om Seljumannamesse samla av Jon Inge Sigerland

Det har vore varierende oppslutnad om Seljumannamesse gjennom åra. På 1990- og 2000-talet vart både arrangert pilegrimsvandringar og større framsyningar med kjende artistar i samband med Seljumannamesse. Seljumannamessekomiteen i Stad har i dag representantar frå alle sokneråda i kommunen. Også sokneråda i Vanylven og Vågsøy er inviterte til å delta. I vedtektene til komiteen heiter det at "Seljumannamessekomitéen (SMMK) skal kvart år (...) skipe til gudsteneste i Selje kloster 8. juli, når dagen fell på ein søndag, og elles på ein søndag som ligg nær denne merkedagen. Gudstenesta skal ha eit økumenisk preg og ein kan invitere ulike kyrkjesamfunn til å vere med og ta del i ulike oppgåver."¹². Gudstenesta vert rekna som ei forordna gudsteneste i Selje sokn, men er ei felles gudsteneste for alle sokna i Stad, Nordfjord og Sunnmøre.

Seljumannamessekomiteen har også i sitt mandat å arbeide for å auke interessa for Sta. Sunniva, Seljumennene og Selja sin plass i norsk kyrkjesoge og vidareutvikle Seljumannamesse med tanke på nasjonal oppslutning, m.a. gjennom å arrangere pilegrimsvandringar og kulturprogram i tilknytning til gudstenesta på Selja.



103 Selumannamesse har sidan 2008 nytta denne logoen, utvikla av Bjørn Jensen og Johanna Vengen.

I tillegg til den protestantiske Seljumannamesse-feiringa på søndagen, blir det også halde katolske messer i klosterruinane, og ortodoks liturgi i Selje kyrkje og Sunnivahola.¹³ Sidan 2024 har dei katolske messene vore både på laurdagen og på sjølve dagen 8. juli. Her er det

¹² Stad kyrkjelege fellesråd: Mandat og vedtekter for Seljumannamessekomiteen 21.11.2023

¹³ <https://www.seljakloster.com/seljumannamesse-2025>

også vandring over øya frå Bø.



104 Katolsk seljumannamesese i ruinane av Albasunkyrkja 2025 med biskop Fredrik frå Oslo katolske bispedøme.
Foto: Tonje Ramse Trædal

Selja og den katolske kyrkja

Forfatter og Nobelprisvinnar Sigrud Undset konverterte til katolisismen i 1924. Ho var sterkt oppteken av Selja og Sta. Sunniva. I 1926-27 ønskte ho å kjøpe ei tomt på Selja like ved den gamle kyrkjegarden på Bø og flytte ei gammal Nordfjordstove frå farsgarden til kunstnaren Bernd Tunold hit som hytte. Sokneprest Reiel Nybø i Selje var først positiv til planane, men kyrkjelyden og jordstyret var negative. I 1927 vart søknaden avslått, med grunngjeving i at ein ikkje ønskte å bruke kyrkja sin eigedom til "mulig katolsk propaganda" (Ørjaseter 1993:227).

I 1932 gav Sigrud Undset ut boka "Den hellige Sunniva" på eit tysk forlag, Ars Sacra. Boka var vakkert illustrert av vennen og kunstnaren Gösta af Geijerstam. Først i 2000 kom boka ut på norsk, etter initiativ frå Selje kommune.

I samband med feiringa i 1968 ønskte ikkje soknepresten å delta på den katolske feiringa.

Den katolske kyrkja i Noreg er i dag i vekst. I 2023 var det registrert 165 700 katolikkar her, og dette er det største kristne trussamfunnet utanfor Den norske kyrkja. Fleire katolske menigheiter feirar kvart år Seljumannamesse 8. juli på Selja. Den katolske kyrkje i Ålesund, "Vår frue kirke", arrangerer prosesjonar og vandringar frå Bø til klosteret og held messe i ruinane i Albanuskyrkja... Oslo katolske bispedøme og katolske menigheiter både i Oslo, Bergen og andre byar deltek også, og foreininga Unge Katolikkar har reist hit fleire år på rad. Den nederlandske benediktinarmunken Broder Ole, fødd i Jølster, har også hatt tett kontakt med Selja.

Venner av Selja klostergård vart stifta 8. juli 2022, og har som formål at Selja igjen skal bli ein bønestad og pilegrims mål som samlar kristne i Noreg. Foreininga har kjøpt Tunoldgarden på Selja, og arbeider for at dette skal bli eit katolsk benediktinarkloster og å rekruttere benediktinarmunkar til kallet.

Sjølv om det historiske bispedømet på Selja er avvikla, finst det framleis ein “biskop av Selja” i namnet. I den katolske kyrkja finst det kring 1900 titulærbispedøme, dvs personar som har rang som biskop utan eit faktisk bispedøme å styre over (Djupedal 2021:75).



105 Katolsk vandring til Seljumannamesse 8. juli 2025. Foto: Tonje Ramse Trædal

Selja og den ortodokse kyrkja

Omgrepet “ortodoks” tyder rettruande, og dei ortodokse kristne reknar seg som vaktar av den rette læra frå oldkyrkja¹⁴. Den ortodokse kyrkja består av mange sjølvstyrte kyrkjer som deler same lære og liturgi. Dei skilde seg frå den romersk-katolske i “det store skismaet” i 1054, mellom anna på grunn av ueinighet om pavens posisjon som felles overhovud. Helgenar er ein viktig del av læra, og bruk av heilage ikon har ein sentral plass.¹⁵

I Noreg er det rundt 29 000 ortodokse kristne, med fleire kyrkjer og kloster underlagt ulike bispedøme. Det finst både russisk-ortodokse, bulgarsk-ortodokse, gresk-ortodokse, rumensk-ortodokse, serbisk-ortodokse og ikkje-kanoniserte ortodokse kyrkjer i Noreg. Autokefale kyrkjer er sjølvstendige kyrkjesamfunn med sitt eige overhovud innanfor ein patriarkalsk juridiksjon.

“Heilage dronning-martyr Sunniva kloster” er eit ortodoks munkekloster som held til i Selje, og er underlagt patriarkat av Serbia med patriark Profyrios. Klosteret vart først etablert i 2010 som eit brorskap under patriarken av Georgia. Bakgrunnen for etableringa i Selje var nærleiken til Selja og Sta. Sunnivas martyrstad, og brorskapet har hatt fleire planar om å etablere eit kloster på Selja. Planane har ikkje har ført fram, mellom anna på grunn av strenge restriksjonar på øya. I 2024 kjøpte munkeordenen ein gard på Lesto i Moldefjorden

¹⁴ https://snl.no/de_ortodokse_kirker

¹⁵ [Lenke](#)

som dei har gitt namnet Athonisos. Klosteret har 4-5 fastbuande munkar og eit varierende tal gjestar. Klosteret i Selje er knytt til same klosterfelleskap som nonneklosteret i Valldal, som vart etablert i 1990 og vigd til St. Olav og profeten Elias.¹⁶



106 Ortodoks liturgi i Selje kyrkje på Seljumannamesse 8. juli 2025. Foto: Tonje Ramse Trædal

Selja og karismatisk kristne

På Stad er det eit stort frikyrkelege miljø, og Filadelfia Stadlandet har dei siste åra vore medarrangør av både Seljumannamesse og keltisk pilegrimskonferanse saman med Stad kyrkjelege fellesråd. I samarbeid med den kristne leirstaden på Fjordly ungdomssenter på Bryggja, drive av Normisjon, har det også dei siste åra vore arrangert "Bønn fra Selja". Nasjonalt bønneråd, Ungdom i oppdrag, Filadelfia Stadlandet, Venner av Selja klostergård og Voss Bønehus er medarrangørar. Arrangementet har vore lagt til same helg som Seljumannamesse.

Bønn fra Selja tek utgangspunkt i Selja som Noregs første pilegrimsmål og den staden der bønnene først steig opp. Selja står som sjølv symbolet på dei første keltiske kristne som kom til vårt land. Difor meiner arrangørane at Selja er ein viktig stad for bøn også i vår tid.¹⁷

Selja som kulturarena

Det har vore gjennomført fleire store kulturarrangement på Selja. Her er ei kort oppsummering av nokre høgdepunkt:

¹⁶ <https://www.heilagesunnivakloster.org/>

¹⁷ <https://event.checkin.no/118175/bonn-fra-selja-2025>

1968: 900-årsjubileum for Bjørgvin bispedøme. Frå 1068 og fram til translasjonen i 1170 var Selja sete for bispedømet som strekte seg frå Sunnmøre i nord til Agder i sør. Til jubileet kom kong Olav og det nyforlova kronprinsparet Harald og Sonja på besøk. TV, radio, aviser og kulørpresse dekkja hendinga. Rundt 8 000 menneske var samla i klosterruinane på den største friluftsmessa på Vestlandet til då, i tillegg til mange i små og store båtar på sjøen. Folk vart frakta ut med fiskebåtar som gjekk i skytteltrafikk både til Klostervågen og Bø. Sokneprest i Selje, Bertel Olai Botnevik, valde å avstå frå feiringa grunna katolsk deltaking.

1996-1997: 1000-årsjubileum for heilagstaden Selja i 996 og kristningstinget på Dragseidet i 997. Hovudfeiringa var messe på Selja søndag 7. juli 1996, der både ortodokse og katolske kyrkesamfunn var inviterte. Rundt 4000 menneske var til stades. Klosterstien vart rusta opp til jubileet. Rundt 40 prestar deltok på felleskyrkjeleg gudsteneste, det var musikk langs klosterstien, og kvinneskipet Embla hadde fredsmarkering. I Selje var det eit omfattande kulturprogram med konsertar og utstillingar.

I **1997** var hovudmarkeringa 25. mai på Dragseidet med kong Harald til stades. Det var urpremiere på Dragseidspelet "På Sverdegga" av Rolf Losnegård, framført av Stadlandet ungdomslag saman med Sogn og Fjordane teater på den nybygde utescenen. Spelet har sidan vore framført med 2-3 års mellomrom. Kystkulturlaget "Over stokk og stein" frå Bremanger fekk hjelp av folk og hestar til å dra sekskeipinga "Knut" over Dragseidet frå Drage til Leikanger. Det var også vandring langs den gamle kyrkjevegen frå Selje til Dragseidet. **1996: Juni Dahr sette opp framsyninga "Jeanne d'Arc"** i Albanuskyrkja med rundt 200 tilskodarar.

2004: Sunnivafestspela kom til som resultat av ei arbeidsgruppe som vart sett ned for å sjå på etterbruk av anlegget på Selja til kulturelle arrangement, leia av Oddvar Stave. Teaterkonserten "Lyset frå Selja", skrive av Stig Holmås og Per Janke Jørgensen vart urframført, med Jorunn Torsheim i hovudrolla og Per Christian Ellefsen som regissør. Hanne Krogh var blant solistane. Sunnivakoret med Per Oddvar Hildre vart stifta til dette spelet, som berre vart framført på øya denne eine gongen. Koret, som hadde 120 medlemmer frå Nordfjord og Søre Sunnmøre, er framleis aktivt. Festspela vara ei heil veke med m.a. fagseminar om torvbruk og kulturmiljø, keltisk kveldsbøn, fleire konsertar, utstillingar og vandringar.

Foreininga "Venner av Selja kloster," som vart stifta i 2005, vidareførte Sunnivafestspela med program i Selje kyrkje, klosterruinane og Olivinhallen på Åheim.

2006-2007: Sunnivadagar i ei veke med konsertar, seminar og kulturprogram. Kveldsmesse med biskop Odd Bondevik, konsert med m.a. Sondre Bratland, premiere på nyskriven Sunnivabarnemusikal av Ivar Skippervold.

2008: Sunnivafestspel med framføring av "Lyset frå Selja", med Sunnivakoret, solistar og Michael Pavelich som dirigent. The Tall Ships' Race vart arrangert i Måløy, med "Captain's Dinner" i klosterruinane.

2009: Sunnivafestspel i ei veke. Kulturprogram i Selje, Vanylven og Vågsøy. Konsert med Karoline Krüger og Sigvart Dagsland i klosterruinane. Vandring frå Dragseidet til Selje prestegard med kulturminnemarkering.

- 2010:** Sunnivadagar, program med konsertar, vandringar og kulturkveldar.
- 2011:** Bryggens Museum i Bergen laga ei stor Sunniva-utstilling som seinare vart flytta til Selja. Ein kopi av relikvieskrinet til Sta. Sunniva vart laga i Selje og frakta med båt til Bergen.
- 2012:** Sunnivadagar med mellomaldermarknad, kurs og konsertar. Riksantikvaren feira 100-årsjubileet sitt på Selja med Riksantikvar Jørn Holme og statsråd Bård Vegard Solhjell.
- 2013:** Festspela i Bergen hadde urpremiere på teaterstykket "Heilage Sunniva, Kristi brur" av Maria Tryti Vennerød og Therese Ulvo på Selja. Statuen av Sta. Sunniva vart avduka på torget i Selje.
- 2014:** Prosjektet Kystpilegrimsleia vart opna av Riksantikvar Jørn Holme. Kulturbåten M/S Nybakk drog på kulturutveksling til Shetland, Orkenøyene og Skottland med sendebod frå Selja og Gulatinget.
- 2015:** 1000-årsmarkering for at kong Olav Haraldson steig i land på Selja. Stiftinga "Sankta Sunniva, Selja og Stad" vart danna, og overtok det gamle kommunehuset i Selje, som fekk namnet "Sunnivahuset". Ein nasjonal pilegrimskonferanse vart arrangert i Selje.
- 2016:** Feiring av 150-årsjubileum for Selje kyrkje. Hardangerjekta "Mathilde" var på pilegrimstokt til Selje. Selje hotell brann ned 25. november.
- 2017:** Sunnivafestival med mellomalderdagar, konsertar og utstillingar.
- 2018:** 950-årsjubileum for Bjørgvin bispedøme og bispesetet på Selja med dronning Sonja som heidersgjest. Offisiell opning av Kystpilegrimsleia. Avduking av Olavssteinen på Bø med riksantikvar Jørn Holme.
- 2020:** Sunnivaseglas frå Selje til Bergen med kopi av Sunnivaskrinet i september som markering av 850 år sidan Sunnivaskrinet vart overført til Bergen og 950 år sidan Bergen vart grunnlagt. Kulturprogram i Selje og Bergen.
- 2024:** 1000-årsmarkering for Seljumannamesse i samband med jubileet for kristenretten og Magnus Lagabøtes landslov. Jubileet vart markert med ein verdiseglas langs heile Kystpilegrimsleia, og ein jubileumsseglas mellom Kinn og Selja med m/s Atløy og kulturarrangement i regi av RPS Selje og Stad, Bremanger og Kinn kommunar.: Venner av Selja kloster.

"Venner av Selja kloster"

Foreininga "Venner av Selja kloster" vart stifta i 2005. I følgje vedtektene skal foreininga arbeide for å fremje dei historiske og kulturelle verdiane knytt til klosteret på Selja og øya Selja, og for å gjere staden kjent og tilgjengeleg for publikum.

Medlemstalet har variert, frå 160 på det meste, til 4-5 i 2025. Foreininga er no formelt oppløyst, og nøkkelstadgruppa for Selja kloster har saman med RPS Selje overtatt mykje av den rolla foreining har hatt. I sin mest aktive periode gjennomførte Venner av Selja kloster fleire store prosjekt i Selje og på Selja, og var ein pådrivar for både formidling og forskning, etablering av kystpilegrimsleia, utstillingar og kulturarrangement.

Ei kloster- og Sunnivautstilling i Selje prestegard i 2006-2007 var det første store tiltaket i venelaget. Selje kommune overtok utstillinga. I 2011 opna ei stor Sunnivautstillinga i Bryggens Museum i Bergen, der venelaget var pådrivar. Ved opninga, vart det arrangert ein seglas frå Selja til Bergen, med ein «translasjon» av eit nylaga Sunnivaskrin. Skrinet kom inn Vågen i Bergen på eit vikingskip, og vart bore i prosesjon ut til tufta for Sunnivakatedralen på Holmen, og vidare til museet. Selje kommune overtok seinare delar av utstillinga. . I 2013 opna venelaget ei ny Sunnivautstilling i Doktogarden, og i 2014 vart alle utstillingane flytta til Sunnivahuset.. Seinare var nokre delar flytta til innbyggjartorget i Selje, og no til Selje prestegard.

Venelaget arbeidde også for å få Selja inn på UNESCO si verdsarvliste, utan at dette førte fram.

Venelaget, saman med andre lokale krefter, arrangerte Sunnivadagar årleg fram til 2023.. Dette var lokale kultur dagar med konsertar, foredrags, marknad, pilegrimsvandringar, mm. I 2010 kalla ein det Sunnivafestspela. I 2012 var det ekstra stort arrangement med ein eigen Mellomalderdag. Det året var det også mobilisering for å skaffe støtte til Sunnivastatua. I 2017 vart det også arrangert Seljeseminar og med foredrag om vikingtid og mellomalder i Nordfjord.

I 2020 var bispedømet medarrangør av Sunnivafestivalen, og Sunnivaskrinet vart på nytt sendt til Bergen med båt.

Venelaget var også pådrivar for etablering av eit klosternetverk i Norge som skulle samle eigarar og vertskommunar for klosterruinar frå mellomalderen. Det vart peika på Selje som ein naturleg stad å ha eit norsk klostersedel.

Det første Sunnivahuset var etablert på Rosethuset på Nabben, der turistinformasjonen heldt til. Då Selje kommune flytta ut av kommunehuset i 2011, tok venelaget opp arbeidet med å gjere dette til nytt Sunnivahus, med ambisjon om eit kloster- og pilegrimssenter. Kommunen slutta seg til tanken m.a. med eit eige vedtak om saka i 2011.

Kommunen oppnemnde eit interimstyre til å arbeide med saka, der venelaget var med, og tilsette prosjektleiar. Sluttrapport kom i 2013, og vedtak i 2014 i kommunestyret. Tiltaket var å opprette ei stifting, som skal overta det gamle kommunehuset og få til kloster- og pilegrimssenter der. Kommunen ville sjølv ha bibliotek og turistinformasjon i bygget.

Selje kommune vedtok å gå inn med kommunehuset som sitt innskot i “Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad”, som vart oppretta i 2015. Venelaget bidrog med startkapital og to representantar i styret. Ambisjonen var å få til eit besøkssenter i Sunnivahuset, med tilhøyrande aktivitetar, utstillingar og kontor. I 2018 vart stiftinga oppløyst, og turistinformasjonen og biblioteket flytta til det nye innbyggjartorget i kommunehuset, saman med mellom anna frivilligsentral og regionalt pilegrimssenter. Framtidig bruk av det gamle kommunehuset der Sunnivahuset hadde stått er uavklart, men det kan vere ein aktuell lokasjon for eit nytt formidlingssenter gjennom prosjektet “Stad i 4000 år”.

Heilt frå starten har venelaget arbeidd med utvikling av Selja som pilegrimsmål saman med Selje og seinare Stad kommune. Venelaget arrangerte Kystpilegrimskonferansen i 2010, og var støttespelar til nok ein konferanse i 2015. Etablering av Kystpilegrimsleia med Selja som nøkkelstad og Selje som regionalt pilegrimssenter har vore eit viktig mål for arbeidet. RPS Selje vart oppretta gjennom Stad kommune i 2020.

I 2010 samla venelaget inn pengar, gjennomførte konkurranse og fekk reist ein statue av Sankta Sunniva utført av bilethoggaren Arne Mæland på torget i Selje. at. Etter 1000-årsjubileet på et i 2015 kom ideen opp om ein Olavsstein på Kuberget på Bø, som kunne danne eit fint «par» med Sunnivastatua på fastlandet. Steinen markerer dei fire Olavskongane som har vore viktige for Selja. Bautastein er henta frå Skårbøstranda. Olavssteinen vart avduka av Riksantikvar Jørn Holme 7. juli 2018, i samband med 850-årsjubileet for bispesetet på Selja. Begge monumenta gav venelaget til Selje kommune, med informasjonstavler, og kommunen tok på seg eigarskap, vedlikehald og drift. Stad kommune har overteke ansvaret for avtalen.

Venelaget har også finansierte andre tiltak som gjerding og beiting på Selja, og har arrangert kulturkveldar, medlemskveldar, kurs og konferansar.

Laget har overtatt boksamlinga til broder Ole, som no står i Selje prestegard, og har også bidratt med møblar og flygel til pilegrimssenteret i prestegarden.

Sunnivaleia og Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva



Sunnivaleia var initiert av ei prosjektgruppe mellom 2007 og 2012, og vart konstituert gjennom etableringa av Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva i 2013. Pilegrimsfellesskapet har medlemmer frå Noreg og Tyskland, og ei kopling til pilegrimsfellesskap i Hamburg.

På heimesida blir Sunnivaleia omtalt som “ei pilegrimsreise utanom det vanlege”, og eit kystalternativ til pilegrimsvandringane i innlandet. Det er ei pilegrimsvandring langs norskekysten over sjø og land “(...)som byr på storslagen natur, naturkrefter som fyller hjarta og sjel, men også roleg hav til ettertanke og refleksjon”¹⁸. Leia knyter saman dei to øyane Kinn og Selja, og har merka stiar over Bremangerlandet og Berstadeidet til Selja¹⁹.

Det har dei siste året vore arrangert årlege vandringar med ei gruppe langs Sunnivaleia i slutten av juli, med start på Kinnaspelet. Kari Leine Balog, tidlegare soknepest i Selje, har i fleire år leia vandringane. Sunnivaleia har eigen logo, som består av ein steinkross slik vi finn langs Vestlandskysten kombinert med hav. Sunnivaleia er også omtalt i boka “Opptur Kysten. Bergen-Stad (Djupedal og Nesse 2014).

¹⁸ <https://sunnivaleia.no/>

¹⁹ <https://www.pilegrimsleden.no/turforslag/vandring-langs-sunnivaleia-mellom-kinn-og-selja>



107 Langs klosterstien har pilegrimar begynt å legge frå seg steinar i ei lita røys. Dette er ein tradisjon vi kjenner frå m.a. "allemannsrøysa" på Dovrefjell. Steinen symboliserer ei byrde pilegrimane legg frå seg på vandringa.
Foto: Tonje Ramse Trædal

Bryllaup og barsedåpar

Kyrkja i Selje gjennomfører enkelte bryllaup og barsedåpar ved kloster og helgenanlegget.


Tiltak for Selja som religiøs og kulturell arena:

- Støtte vidareføring av Seljumannamesse.
- Tilrettelegge for pilegrimsvandring og arrangement.
- Samarbeide med RPS Selje og Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva.
- Ha tilgang til Røysetbua ved arrangement og pilegrimsvandringar, spesielt i dårlevg ver.
- Ha tilgjengeleg sjølvbetent drikke/snacks i Røystbua
- Sørge for pilegrimsstempel i Klostervågen og på Bø.
- Arbeide for ein stad/rom på Bø der ein kan tenne lys (avlaste Sunnivahellaren).
- Ha ein tydeleg kontaktperson i kommunen som koordinerer aktivitet på Selja.
- Etablere ein stad å lagre utstyr til arrangement.
- Informere (på nettsida) om kva som er lov og ikkje lov, rasfare, restriksjonar i forhold til bruk av kulturminna.

- Skaffe underlag til stolar for musikarar og geistelege ved Seljumannamesse.
- Få lys i Røystebua.
- Lage oversikt (på nettsida) over kva ein kan oppleve når ein kjem til Selje.
- Informere om, og støtte opp om lokalt forankra opplevingstilbod for tilreisande.
- Halde «pilegrimsrøysa» under oppsyn. Vurdere tiltak ved behov.

Reiseliv og berekraftig besøksforvaltning

I 2025 kom det 4850 personar til Selja med Klosterbåten. Erfaringstala frå 2004 og til 2021 viser ein jamn nedgang i tal besøkande til Selja med Klosterbåten fram til 2019. Det var 7000 besøkande i 2004, og nedgang til ca. 2200 personar i 2019. Nedgangen starta lenge før Selje hotell brann i 2016. Men frå Koronaåret 2020, då alle nordmenn reiste på Noregsferie, snudde trenden. Dette hadde òg samanheng med at det vart gitt konsesjon til eit nytt båtselskap: Selja Sjø/Fjordguiding. Frå 2020 og fram til i dag ser vi ei markant auking i tal besøkande til Selja, sjølv om det i dag ikkje er hotell i Selje. Denne trenden ser ut til å fortsetje og samsvarar med den generelle auken i turismen i Noreg. Nasjonalt er det venta særskilt auke i næringar knytt til servering og aktivitet til kultursegmentet.



108 Illustrasjon ved Fjordguiding Selje/Saron Osmundvåg

Cruiseturisme er nytt for Selja, og har auka kraftig dei siste åra. Årsaka er at dei store cruisebåtane har starta å legge til i midtre og ytre Nordfjord (Nordfjordeid og Måløy). Tidlegare er det hovudsakleg Olden som har vore cruisekaia i Nordfjord.

[Tal frå Hamneselskapa](#) i Nordfjord viser at det årleg er 50 skipsstogg i Måløy, 90 i Nordfjordeid og 70 i Olden. Maks passasjertal for kvar av desse store cruisebåtane er 6600 personar.

Turoperatørar tilbyr ulike turar med buss eller båt frå stoppestadane. Dei fleste cruisebåtturistane som kjem til Selje, kjem med buss frå Nordfjordeid eller båt frå Måløy. Enkelte bussar har komfortstopp med toalettbesøk i Selje.

Over halvparten av alle som tar Klosterbåten ut til Selja, kjøper Drop in billett med guide (62% 2021-tal), medan dei resterande kjøper billettane sine online (frå Fjord guiding 2021). I høgsesongen mellom 15.06-31.08 er dei ordinære daglege avgangane kl. 11.00 og 13.15. Cruisebesøka er på andre tider. I skuldresesongane frå 01.05-14.06 og 01.09-30.09 er det ein avgang laurdagar og søndagar.

Det beste er om turistane kjøper billettane direkte, og ikkje via cruiserederia. Då får ein sikra verdiskaping lokalt. Dersom cruiseturistane kjøper via cruise, går mellomlegget til destinasjonsselskapa. Hamnene dei legg til, vert booka to til tre år i førevegen, derfor veit ein kor mange båtar som kjem i god tid og har høve til å planlegge. Cruisesesongen startar mykje tidlegare (januar – oktober) på året enn den vanlege turismen. Derfor er det òg lettare å spreie turane utover året. Fjordguiding er partner i Måløy adventure, som skal sikre verdiskaping lokalt. Stadig fleire av cruiseturistane til Selja blir frakta direkte frå Måløy med båt.

Sosiale media og trendar kan òg endre kva folk ønskjer å oppleve. Vinteren 2025 vitja 71 grader nord teamet frå – TV Norge Selja. Slike innslag kan vere med å auke besøkstala.. Dersom ein kjend person postar eit bilete av eit område, kan det få store ringverknader, og det er difor viktig at ein er i forkant for å handtere stort auke i besøkstrykk. Opning av Internett i Klostervågen med moglegheit for å poste bilete direkte kan potensielt gje slike konsekvensar. Dei siste åra er også bruk av AI som turguide aukande.

Spørsmålet er korleis vi skal kunne ha kontroll på kor mange turistar Selja toler? Kva er eit berekraftig besøkstal for Selja?

Sagastad i Nordfjoreid trekk til seg ca 60 000 besøkande årleg, og viser at interessa for kulturarven vår i høgste grad er tilstades. Selja har originale og sårbare kulturminne og kulturlandskap. Dette stiller større krav til tolegrense og besøksforvaltning. Sagastad ligg i gangavstand frå hamna der cruisebåtane legg til. Det er ikkje realistisk og heller ikkje ynskjeleg med eit så høgt besøkstal for Selja. Sagastad er viktig fordi staden gjer til at mange får auga opp for kulturarven i området, og det er også ein viktig innfallspurt og samarbeidspart for å legge til rette for besøk til Selja. Dessutan er anlegget i seg sjølv viktig fordi det er med på å «spare» andre og sårbare kulturminne/kulturmiljø. Loen skylift og tur til Briksdalsbreen tar i mot den aller største delen av besøkstrykket i Nordfjord (300 000 besøkande til Briksdalsbreen og ca 170 000 til Skyliften, 2024-tal).

Seljesanden hotell og Stad skipstunellen kan også auke etterspurnaden for reiselivsmåla i Nordfjord, Selje og Stad. Gjennom det 3-årige verdiskapingsprosjektet "Stad 4000 år" ønskjer Stad kommune , å sjå på korleis kulturarven i ytre delar av Stad kommune – Selja, dei arkeologiske utgravingane på Seljesanden og kulturlandskapet i KULA- og UKL-området på

Stadlandet kan ivareta kast, formidlast og brukast som utgangspunkt for bærekraftig næringsetablering, spesielt innan reiselivsnæringa. Hovudprosjektet, som er støtta av mellom anna Riksantikvaren og Vestland Fylkeskommune, startar opp i 2026. Prosjektet skal også sjå på korleis ein kan legge til rette for god besøksforvaltning.

I dag har vi relativt god kontroll på kor mange som besøker Selja. Dei fleste besøkande reiser med Fjordguiding si turistrute frå Selje hamn til Selja. Båten tek 50 passasjerar. Turen tar to timar inkludert guiding. Dette er for lite tid dersom ein ønskjer å oppleve meir av øya, t.d. å vandre langs nokon av stiane. Det er difor mogleg å avtale med Fjordguiding at ein reiser ut på første avgang og returnerer på andre avgang. I anbodet frå Stad kommune ligg det eit passasjervederlag på 15 kr per passasjer. Inntektene skal gå til besøksforvaltning på Selja. Det er òg mogleg å følgje Fjordguiding si bygderute til Bø, men avgangstidene er meir tilpassa lokalbefolkning enn besøkande. Bygderuta går tre dagar i veka, og må førehandstingast dagen før.

I tillegg kjem nokre besøkande ut med eigen fritidsbåt. Det er i dag få eller ingen i Selje som leiger ut fritidsbåtar til turistar. Fritidsbåtar kan legge til ved gjestebrygga i Klostervågen. Kommunen har lagt til rette for ei eiga betalingsordning til flytebrygga via app. Kommunen kan òg vurdere same løysing for hamna på Bø. Per i dag er det plass til to fritidsbåtar med «normal» storleik her.



109 Skilt med informasjon om betaling i gjestehamna i Klosteravågen 2026. Foto: Tonje Ramse Trædal

Det er også mogleg å ta seg over til øya frå Selje med kajakk eller robåt. BUA i Selje lånar ut gratis kajakkar og tørrdrakter dersom ein har våttkort. Dette kan vere ei fin moglegheit spesielt utanfor høgsesong, når det er færre båtruter. Det er anbefalt å padle til Bø og gå over stien, då det kan vere sterkare straumar og dønningar på vestsida av øya, jfr Vestland fylkeskommunes ro-og padleruter (sjå under friluftsliv). Regionalt Pilegrimssenter Selje har også eit mål om å gjere robåtar tilgjengeleg for pilegrimar på eigna strekningar langs Kystpilegrimsleia gjennom prosjektet "Ro Pilegrim", som er støtta av Riksantikvaren. Strekninga Selje-Selja kan vere aktuell for dette prosjektet. Det finst ingen restriksjonar til kvar mindre båtar som kajakkar og robåtar, bør legge til. Dette er ikkje eit problem i dag, men vi kan ikkje utelukke at det kan bli det. I planperioden vert det derfor viktig å følgje med på aktiviteten, og sette inn tiltak ved behov.

Det er godt samarbeid mellom Fjordguiding og Regionalt Pilegrimssente Selje. Pilegrimssenteret driftar også turistinformasjonen i Selje prestegard, og her er det både kafè, Sunnivautstilling og visning av animasjonsfilmen om Selja kloster anno 1320. Mange turistar tek turen innom prestegarden før eller etter besøk på Selja.

Stad kommune har i juni 2025 vedteke (KS-sak 25/122) utlegging av anbod på drift og vedlikehald av ISPS-tenderkai i Selje. Målet er at infrastrukturen og avtalar er operative innan sesongen 2026. Kommunen vil som eigar av hamna då kunne krevje leigeinntekter frå båtane. Dei mindre cruisebåtane har eigne lett båtar slik at dei i prinsippet kan stå for eigen skyss ut til Selja. Men fordi det er lagt inn i vilkåra at fartøya ankrar opp og sender passasjerane inn til tenderkaia (ISPS) av tryggleikssyn, har ein kontroll på kor passasjerane skal både med og utan guide. Ein negativ konsekvens for miljøet, er at motoren må haldast i gong heile tida, dersom ein ikkje får landstrøm, sjølv om cruisebåtane ligg til ankers.

Auka ekstremvêr med kraftigare nedbør, kan føre til auka fare for slitasje på stiar og trapper i og utanfor anlegget. Trakk i vått terreng aukar faren for slitasje. Så lenge dei fleste reiser ut med turistruta har ein kontroll på korleis folk «brukar» kulturminnet. Men kva skjer dersom veldig mange fleire går i land frå eigen båt og ikkje nyttar seg av omvisar? Bør det leggast opp til at folk kan booke seg ein guide? Framover blir det viktig å følgje med på om ankring med mindre cruisebåtar ute i hamna fører til uoversiktleg turisme på Selja, samt miljøkonsekvensane ved auka utslepp frå båtane.

Stad kommune/Nordfjord vart i 2025 merka som berekraftig reisemål [Merket for bærekraftig reisemål - Hovedportal](#). Dette er ei nasjonal merkeordning for reiselivsdestinasjonar og fungerer som eit kvalitetsstempel. Dei som får denne statusen, har forplikta seg til ei berekraftig utvikling. Dette inneber mellom anna å arbeide for reduserte klimautslepp, å verne om naturmangfald og kulturarv, auke dei positive ringverknadane frå reiselivet, samt at premissa til innbyggarane ligg til grunn i reiselivsutviklinga.

Tilbakemeldingane frå innbyggarane på Selja er at turistane hovudsakleg følgjer dei oppmerka løypene. I og med at dei fleste kjem med turistruta, er det òg avgrensa kor mykje tid ein har på øya. «Inngangen» til den vestlege stien er flytta vekk frå gardstuna, for å skjerme dei fastbuande mot unødvendig trakk. Slike tilpassingar er viktige for å unngå konflikt mellom fastbuande og besøkande. Vidare meiner innbyggarane det er behov for oppgradering av kaia på Bø slik at også fritidsbåtar kan legge til. Dei er opptekne av at kaia både skal vere ein landingsplass for folk som bur på øya, og for besøkande. Med tanke på beredskap knytt til brann og sjukdom ynskjer dei ei oppgradering. God beredskap er òg viktig for kulturminna på øya. Men oppgradering bør ikkje legge opp til veldig mange fleire fritidsbåtplassar, slik at vi mistar kontroll på tal besøkande. Det er heller ikkje ønskeleg med fleire fritidsbåtar i Klostervågen. Derfor ville ei oppgradering av hamna på Bø vere eit mykje betre alternativ. *(I følgje kommunen er det strenge krav til å få kaia ISPS sertifisert. Ordninga kostar ein del, i tillegg til at den krev eigen hamnesjef. Kommunen jobbar med å utarbeide ein eigen hamnestrategi.)*

I og med at dei besøkande i all hovudsak kjem med Klosterbåten, har vi god oversikt på kor mange som kjem ut. Men det kan skje endringar i reisemåtane som gjer at vi må sette inn tiltak som regulerer ferdselen.

Etablering av eit besøkssenter i Selje vil vere eit positivt tiltak for å formidle kulturminna på Selja, og fungere som ein innfallsport for dei som ønskjer å besøke Selja. Eit slikt senter bør kunne kombinerast med å formidle andre kulturminne i nærområdet som til dømes funna på Seljesanden og kulturlandskapet på Stadlandet (UKL og KULA). For å vurdere korleis vi kan

legge til rette for ei god besøksforvaltning på Selja framover, er det nødvendig å gjennomføre ei tolegrenseanalyse.

Tiltak:

- Utarbeide ei eiga tolegrenseanalyse for besøksforvaltning med utgangspunkt i systematisk registrering/teljning av turistar som kjem til Selja. - Gjerne òg på detaljnivå ved sjølve kloster og helgenanlegget.
- Overføre tiltaka ein kjem fram til ved tolegrenseanalysa til kommunen sin samfunnsdel og arealplan [Arealplanlegging - Riksantikvaren](#). Føresegnene og retningslinjene må vere konkrete og detaljerte slik at dei stettar målet om berekraftig forvaltning.
- Inntektene kommunen får inn knytt til reisande med turistbåten (15 kr kvar person), bør gå til skjøtselsarbeidet.
- Legge til rette for størst mogeleg bruk av lokal guide.
- Utarbeide ein eigen formidlingsplan, som òg handterer besøkande utan guide. Her bør ein vurdere risiko for uønska hendingar slik som hærverk og ulykker ved til dømes klatring på ruinane, eller at folk oppheld seg på rasfarlege område. Planen bør òg vurdere konkret kva for informasjon/forteljning ein vil at turistane skal ta med seg vidare, og kva for media og informasjonskanalar ein ønskjer å legge til rette for, t.d. gjennom skilting, audio- og digital formidling.
- Etablere eit fast visningscenter i Selje. Eit slikt center vil styrke formidlinga av klosterets religiøse og historiske betydning, og bidra til å verne det sårbare kulturmiljøet på øya gjennom styrt ferdsel. I tillegg vil eit besøkssenter kunne skape lokal verdiskaping og fungere som ein heilårs arena for opplevingar knytt til klosteret og tradisjonen om Sunniva og seljemennene (eventuelt også den regionale historia, jf. Stad i 4000 år). Dersom det i framtida vert innført eit makstal for besøkande på Selja, vil eit besøkssenter sikre ei kulturoppleving for alle. Senteret i seg sjølv vil vere med å auke interessa for kulturarven og føre til verdiskaping lokalt.
- Vurdere behov for områdefreding etter kml. § 19 med eigne føresegner som regulerer turismen ut til øya dersom det kommunale vernet med omsynssone og retningslinjer ikkje er nok med tanke på dei sårbare kulturminna og kulturmiljøa på Selja.

Retningslinjer for Selja i planperioden

Forvaltningsplanen for Selja kloster og helgenanlegg er ikkje juridisk bindande. Retningslinjene nedanfor er meint som retningsgivande i planperioden. Dei skal, så langt det let seg gjere, vidareførast til dei kommunale planane i Stad kommune.

- Omsynet til kulturminna og kulturmiljøet på Selja skal vektleggjast i alle typar søknader om tiltak for heile Selja og dei omkringliggjande holmane, jfr retningslinjene for KULA-Selja og omsynssona H570 for Selja i KPA og Forvaltningsplan for Selja kloster og helgenanlegg.
- I planperioden rår vi i frå å [tilrettelegge](#) for faste teltområde på Selja og holmane ikring.
- Dersom folk likevel vel å telte ute på Selja, bør det skje på nordvestsida av øya, vekk frå det automatisk freda kloster og helgenanlegget, og føresett at folk nyttar toaletta i Klostervågen.
- I planperioden oppfordrar vi folk til å grille på tilrettelagde område på fastlandet. På Ersholmen kan ein likevel grille, etter at det er opparbeidd eigen grill/bål plass.
- Grupper kan telte/grille på tilviste område etter avtale med Stad kommune.
- Utanom for forvaltinga, er det ikkje greitt å fly drone i Klostervågen eller over kloster- og helgenanlegget.
- Folk bør ikkje sitte, eller opphalde seg i bakkeskråninga over ruinen til Gjestehuset/[bakeri](#) (N1-2) på grunn av rasfare.
- Besøkande skal ikkje klatre eller sitte på ruinane.
- På grunn av beite er det bandtvang heile året.
- Berekraftig besøksforvalting er ein premiss for formidlinga av kulturminna på Selja. Tålegrense for tal besøkande skal vurderast fortlaupane i planperioden med omsyn til kulturminna og fastbuande/grunneigarane på Selja.

Finansiering

Dersom kulturminna og kulturlandskapet på øya Selja skal forvaltast på ein god måte, krev det føreseielege økonomiske rammer i åra som kjem. Denne planen har vist kva som må gjerast av skjøtselstiltak i ein planperiode på ti år. Det er ikkje eit museum som driftar skjøtsel- og konserveringsarbeidet på Selja. Og uavhengig av tiltaka skissert i planen, må «nokon» passe på og halde oppsyn på Selja. I planperioden må vi jobbe for at kulturarvrådgjevarstillinga i Stad kommune har føreseielege økonomiske rammer for arbeidet.

Stad kommune har gjennom fleire år, i samråd med kulturminneforvaltninga, hatt prosjektansvaret med det store konserveringsarbeidet på Selja, gjennom årleg prosjektstøtte frå ruinprosjektet til Riksantikvaren. I 2027 går det store konserveringsarbeidet over i ein bevaringsfase. Bevaringsfasen er svært viktig å gjennomføre for å ikkje «miste» alt konserverings- og skjøtelsarbeidet som er gjort. Dette kostar pengar, og det kostar tid.

Nedanfor er det sett opp nokre av støtteordningane som kan vere aktuelle å søke på i samband med det vidare og viktige arbeidet med tiltak knytt til kvit og grøn skjøtsel på Selja. Nokre av støtteordningane må/kan kommunen søke på sjølv, andre ordningar er meir retta mot privatpersonar. Derfor må grunneigarar oppmuntrast til å ta del i det felles prosjektet i forvaltninga av Selja.

Fleire av støtteordningane er usikre. Kanskje får ein berre ei eller to støtteordningar i planperioden. Derfor er det viktig å ha godt funderte søknader, som gjerne involverer fleire samarbeidspartar.

Statlege løyvingar

- *Tilskudd til ruiner og anlegg fra middelalderen* – søknadsfrist – 1. november kvart år – kommunen søker årleg gjennom Riksantikvaren sin søknadsportal www.digisak.no. Denne ordninga skal søkast på kvart år.
- *Tilskudd til arkeologiske kulturminner* – tilskotet er knytt til sikring, restaurering, skjøtsel, tilrettelegging og formidling og dokumentasjon. Ordninga vil vere aktuell for dei andre automatisk freda kulturminna på Selja. Søknadsfrist til Riksantikvaren er 15. januar kvart år. Men fordi det er fylkeskommunen som tar i mot søknadane, er fristen sett til 1. november. Grunneigarar, lag og organisasjonar og kommunar kan søke. Les i [Bevaringsstrategi for landbrukets kulturminner](#) og [Bevaringsstrategi for kystens kulturminner](#).
- [Miljødirektoratets tilskot til natur- og friluftstiltak](#) i områder som er berørt av landbasert vindkraft (gjeld heile kommunen, ikkje berre ved vindkraftanlegget)

Fylkeskommunale midlar

- [Tilskot til kommunalt listeførte kulturminne](#). Ordninga gjeld tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane i kulturmiljøplanar, regulert til bevaring/omsynssone, eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi. Kommune og private kan søke. Søknadsfrist 1. februar. Ordninga er aktuell sidan heile øya har omsynssone H570.

- [Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne i Vestland](#). Tilskotsordninga er retta mot frivillige kulturvernorganisasjonar som forvaltar faste kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi. Frivillige organisasjonar, stiftingar og ideelle aksjeselskap med ansvar for vedlikehald og/formidling av faste kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi i Vestland. Søknadsfrist 1. november.
- [Næringsmidlar](#)
- [Spelemidlar \(friluftstiltak\)](#)
- [Friluftslivets ferdselsårer](#)

Statleg sikra friluftsområde - tiltak knytt til tilrettelegging

Kommunale midlar

- [SMIL](#) Ordninga er tilskot til tiltak som fremjar natur- og kulturverdiane i kulturlandskapet i jordbruket. Det er mogeleg å få støtte dersom ein eig, eller leiger ein jordbrukseigedom som kvalifiserer til tilskot. Stad kommune avgjer kva SMIL-midlane kan nyttast til.

Andre løyvingar

- [Stiftinga UNI](#) – ei stifting som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminne. Stiftinga bidreg til økonomisk støtte til prosjekt og påskjonningar til institusjonar og enkeltpersonar.
- [Kulturminnefondet](#) er ei tilskotsordning for private eigarar av kulturminne. Ingen søknadsfrist.
- [Norsk kulturarv](#) «Ta eit tak» er ein aksjon som rettar seg mot våningshus og driftsbygningar. Fast søknadsfrist.
- [Fortidsminneforeninga](#) Foreninga jobbar for bevaring av verneverdige kulturminne, i tillegg til å skape allmenn forståing for verdien av desse.
- [Kulturrådet](#) Støtteordning for ulike typar prosjekt innanfor kunst og kultur, mellom anna støtteordningar til faglitteratur.
- [Regionalt miljøprogram](#) – RMP Statsforvaltaren i Vestland forvaltar miljøtilskot i landbruket. Dette er eit miljøtilskot på eigen gard eller leigejord. Føremålet med programmet er å minske forureining og fremje kulturlandskapsverdier.
- [Frivillig vippsordning](#) – Ofte ynskjer besøkande å bidra i det gode skjøtselsarbeidet som vert gjort på Selja. Ei frivillig vippsordning, kan vere ei løysing for å få inn litt ekstra midlar. Frivillige pengegåver må vere øyremerkt skjøtsels- og formidlingsarbeid på Selja.

Litteraturliste

- Adam av Bremen. (1993). *Beretningen om Hamburg stift, erkebiskopens bedrifter og øyrikene i Norden*. Aschehoug.
- Berg, L. J., & Tansøy, B. (2025). *Synfaringsnotat VLFK, Selja*. Upublisert.
- Bjørnstad, K. (2024). *UKL Stadlandet. Plan for formidling (Rapportnr 1–2024)*. Utvalgte kulturlandskap, Norske Parker.
- Dahlerup, H. B. (1908). *Mit Livs Begivenheder*. København: Gyldendal.
- Djupedal, R. (1966). *Selja i tusen år*. Selje: [s.n.].
- Djupedal, R. (2009). *Gamle Selje. Kulturhistoriske tekstar i utval* ved Ove Eide. Selja forlag.
- Djupedal, T. (2021). *Selja, Sankta Sunniva og Heilagøya*. Selja forlag.
- Djupedal, T., Sigbjørn Hjelle og Dagfred Berstad (2016). *Kyrkjene i Selje*. Selje sokneråd.
- Djupedal, T., & Nesse, K. M. (2014). *Opptur Kysten. Bergen–Stad*. Selja forlag.
- Enger, C. (1949). *Helligdommen på Selja (Vol. 31)*. Oslo: I kommisjon hos Grøndahl.
- Ese, K. (2007). *På god veg: veghistorie i Sogn og Fjordane*. Selja forlag.
- Fett, P. (1960). *Selje prestegjeld og Vågsøy prestegjeld. Førhistoriske minne i Fjordane*. Bergen Museum, Universitetet i Bergen. Ajourført 1977.
- Gabler, M., & Meyer, R. (2023). *Georadarundersøkelser ved Selje kloster 2021 & 2022*.
- Hellesøe, H.B. (2011). *Rapport frå kulturhistorisk registrering og skjøtselsarbeid. Selja gbnr. 56/12, 56/13, 56/14, 56/15, 56/16, og 56/17*. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Hellesøe, H.B. (2011). *Skjøtselsplan for automatisk freda kulturminne på Selja*. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Hjelle, S. (2016). *Seljumannamesse før og no, 900-årsjubileet for Bjørgvin bispedøme, 1000-årsjubileet på Selja i 1996, Feiringar på Selja på 2000-talet*. I Hoff, Berstad, Hjelle & Vengen (Red.), *Kyrkjene i Selje*. Selja forlag.
- Hommedal, A. T. (1993). *Selja i Nordfjord: Eit forskningsprosjekt rundt eit kyrkjesenter på Vestlandet i tidleg mellomalder*. HIKUIN, 20.
- Hommedal, A. T. (1996). *Selja. Helgenstad i tusen år. Eit forskingshistorisk bidrag om minnesmerket på øya Selja i Nordfjord. Fortidsminneforeningen årbok 1996, 17-60*.
- Hommedal, A. T. (1997a). *Bakgrunn for helgenanlegget på Selja og staden si rolle i den tidlege kristninga av Vest-Noreg*. I Rindal (Red.), *Selja. Heilag stad i 1000 år*. Universitetsforlaget.
- Hommedal, A. T. (1997b). *Dei heilage frå Selja. Vurdering av kulten rundt St. Sunniva og Seljumennene og Selja si rolle som pilegrimsmål i mellomalderen*. I Rindal (Red.), *Selja. Heilag stad i 1000 år*. Universitetsforlaget.
- Hommedal, A. T. (2002). *Selje kloster- og helgenanlegg, Selje, Sogn og Fjordane. Tilstandsrapport utarbeida av Norske institutt for kulturminneforskning (NIKU) for Riksantikvaren*.

- Hommedal, A. T. (2020). Beinrelikviar. *De Sanctis in Selja*. I Hommedal, Ommundsen & O'Hara (Red.), *St. Sunniva. Irsk dronning, norsk vernehelgen*. Alvheim og Eide.
- Hommedal, A. T., Ommundsen, Å., & O'Hara, A. (Red.). (2021). *St. Sunniva: Irsk dronning, norsk vernehelgen*. Alvheim & Eide Akademisk forlag.
- Klüwer, L. D. (1823). *Norske Mindesmærker, aftegnede paa en Reise igjennem en Deel af det Nordenfjeldske* (Schwachs eksemplar).
- Hødnebo, F. & O.J. Johannessen (1989). *Bergens kalvskinn. AM 329 fol. i Norsk riksarkiv. Selskapet til utgivelse av gamle norske håndskrifter*. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2021061548552
- Krefting, O. (1868). *Selje klosterlevninger: Indberetning om antikvariske undersøgelser 1866–1867 i Selje kirke- og klosterruiner*. Kristiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane 2011. *Prioriterte automatisk freda kulturminne til skilting og tilrettelegging i Sogn og Fjordane. Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne 2010-2020 (BARK)*. Upublisert rapport.
- Lange, C. C. A. (1847). *De norske Klostres Historie i Middelalderen*. Christiania: Feilberg & Landmark.
- Larsen, R. N. (2020). *Kystpilegrimsleia – Sjøveien til Nidaros*. Galleri Nylund Larsen.
- Leivestad, H. H. (2007). *No pain, no glory. En antropologisk studie av turisme og pilegrimsreiser til Santiago de Compostela* [Masteroppgave, Universitetet i Oslo].
- Lindén, H.-E. (1997). Seljaprosjektet. I Rindal (Red.), *Selja. Heilag stad i 1000 år*. Universitetsforlaget.
- Losnegård, N. (2006). *Primstaven. Gamle minne- og merkedager*. Setesdalsforlaget.
- Lund, H. K. B. (2022). *Pilgrimage matters: Administrative and semiotic landscapes of contemporary pilgrimage relations in Norway* [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo, IKOS].
- Meyer, R., & Gustavsen, L. (2011). Skanning som dokumentasjonsmetode. *Fortidsminneforeningens årbok*.
- Norderhaug, Ann, Ivgvild Auestad, Leif Hauge og Mons Kvamme (1999). *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Landbruksforlaget.
- Nicolaysen, N. (1885). Antikvariske notiser. Foreningen til norske fortidsmindesmærkers bevaring. *Aarsberetning for 1884*, 102–115.
- Nicolaysen, N., Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring, & Fortidsminneforeningen. (1892). Om ruinerne paa Selje (Vol. Supplement 4). Kristiania.
- Nybø, M. (2000). *Albanuskirken på Selja: klosterkirke eller bispekirke?* Universitetet i Bergen, Det historisk-filosofisk fakultet, Bergen.
- Olsen, H. (2013). *Havets pilegrim*. Verbum.
- Ommundsen, Å., & O'Hara, A. (2020). På festen for den heilage jomfru og martyr Sunniva og fylgjet hennar. I Hommedal, Ommundsen & O'Hara (Red.), *St. Sunniva. Irsk dronning, norsk vernehelgen*. Alvheim og Eide.
- Os, E. (1957). Selje og Vågsøy. Bygdene og bygdesamfunnet. Band I/5 bolk II i rekkja. Jacob Aaland: *Nordfjord frå gamle dagar til no*. Oslo: Forenede trykkerier.
- Pilegrimssenter Trondheim. (2023). *Statistikkrapport*. Nidaros Pilegrimsgård.

- Rindal, M. (Red.). (1997). *Selja – heilag stad i 1000 år*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Risbøl, O. (2009). *Flybåren laserskanning av kulturminner på Selja, Selje kommune, Sogn og Fjordane*.
- Sandnes, J., & Stemshaug, O. (Red.). (1997). *Norsk stadnamnleksikon*. Det norske samlaget.
- Saue, Sverre B. (2025). *Grønn skjøtsel av Selja*. Upublisert rapport. Stad kommune.
- Sellevold, B. (1997). Begravelsene i klosterkirken på Selja. Antropologiske undersøkelser av menneskeben funnet i ruinen av St. Albanuskirken på Selja. I *Selja: heilag stad i 1000 år*. Universitetsforlaget.
- Stad kyrkjelege fellesråd. (2023). *Mandat og vedtekter for Seljumannamessekomiteen (21.11.2023)*.
- Stokke, Johanne Yri. Og Line Helle Sørby (2023). *Klosterstien på Selja – Tilrettelegging for økt besøkstrykk, besøksopplevelse og ivaretagelse av natur- og kulturhistoriske verdier*. Bacheloroppgave, Høgskulen på Vestlandet.
- Storemyr, P. (2010). *Klosteruinene på Selja – steinbrudd, forvitring og dokumentasjon*.
- Storemyr, P. (2015). *Steinbruddslandskapene ved middelalderens klostre på Selja, Hovedøya og Rein*.
- Storemyr, P. (2020). *Selja kloster: På leit etter kildene til den beste muresteinen*. Nettpublikasjon.
- Strøm, H. (1957). *Physisk og oeconomic Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*. Oslo: Børsum.
- Urda. (1842). Bergen: Det Bergenske Musæum.
- Utne, E. 2009: *Rapport frå kulturhistorisk registrering. Selja – Selje kommune*. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga.
- Turner, V., & Turner, E. (1978). *Image and pilgrimage in Christian culture*. Columbia University Press.
- Veien fram mot 2037. (2020). *Langtidsplan for pilegrimssatsingen 2020–2037*. Nidaros Pilegrimssenter.
- Veileder for tåleanalyser*. (2026). Vestland fylkeskommune.
- Welcome Office. (n.d.). *Statistics*. Pilgrim's Welcome Office. [Nettside]
- Wiig, E. (1991). *Bernt Tunold*. Nord 4 Bokverksted, Bergen.
- Ørjaseter, T. (1993). *Menneskenes hjerter. Sigrid Undset – en livshistorie*. Aschehoug.
- Årsberetning for 1856. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1866. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1867. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1868. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1883. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1898. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1899. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1900. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Årsberetning for 1907. Christiania: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.

Riksantikvarens arkiv

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0003-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0011-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0012-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0013-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0014-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0015-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0015-0002

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0016-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0017-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0018-0001

RA-S-6224-D-Da-Da14-0068-0021-0001

Nettsider

[Arkeologisk geofysikk i Norge](#)

<https://www.pilegrimsleden.no/>

<https://sunnivaleia.no/>

<https://stasunniva.blogspot.com/>

[Den katolske kirke i Norge – Den katolske kirke](#)

<https://www.heilagesunnivakloster.org/>

<https://www.pilegrimsfellesskapet.no/>

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturtyper/kystlynghei/>

Munnlege kjelder

Spørjeundersøking ved Stad kommune i samband med kapittelet om Selja i bruk.

Jansen, Mads. tekst frå gjennomgangen til Mads Jansen ved Allstad i 2024 til Samarbeidsmøtet i juni for Selja kloster og helgenanlegg.

Ordforklaringar

ISPS-koden (*International Ship and Port Facility Security*) er det internasjonale regelverket for sikring av skip og havneanlegg. Formålet med sikringstiltakene er å forhindre og hindre sikkerhetsrelaterte hendelser som kan skade havnene, havneanleggene eller skipene som anløper slike havner

Berekraftig reisemål [Om merket](#)

Kunnskapsgrunnlag:

1. Regin Meyer si oversikt over forskings- og bevaringshistorikk for Selja- og helgenanlegg:

År	Forskningshistorie	Bevaringshistorie	Annet, maleri, foto
1766	Hans Strøm		
1811	Dahlerup		
1817	L.D. Klüwer		
1824	W.F.K. Christie		
1824,1827,1835	Jacob Neuman		
1827-1830			C.G.W. Prahll – maleri
1855	Nicolay Nicolaysen		
1866 (ca.)			Marcus Noodt - foto
1866	Otto Krefting	Otto Krefting	
1867-1868	Wilhelm Koren	Wilhelm Koren	
1883	Haakon Thorsen	Haakon Thorsen	
1885	Peter Andreas Blix	Peter Andreas Blix	
1891	Johan Meyer		
1892	Nicolay Nicolaysen		
1898		Ernst Hansen	
1900		Jenz Z. M. Kielland	
1909		Kristen Rivertz	
1911		Carl Berner	
1912-1914		Egill Reimers	
1935-1940	Cato Enger	Cato Enger	
1966-1967	Cato Enger	Cato Enger	
1966-1967		Kjell Nøstal	
1993		GBL Restaurerings-atelier	

1990-	Hans Emil Lidén		
1990-	Alf Tore Hommedal		
1990-	Marit Nybø		
1990-1991	Berit Sellevold		
1993, 1995, 1996 1997a, 1997b	Alf Tore Hommedal		
1998-		Bjørn Jensen	
2000	Marit Nybø		
2002		Alf Tore Hommedal	
2006-2020		Inger-Marie A. Olsrud	
2007-		Bakken & Magnussen Restaureringsverkst ad	
2008			NIKU- Lidar
2009			NIKU - laserskanning
2010, 2015	Per Storemyr	Per Storemyr	
2017			PAST - fotogrammetri
2021, 2022			NIKU - georadar

2. Geir Magnussen, frå Bakken og Magnussen as, si oversikt over tiltak som vart gjort i samband med ruinprosjektet 2007-2024:

Bokstavkortingane som er nytta i ruinprosjektet er henta frå Cato Enger sine planskisser frå 1949 (sjå kapittel om bevaringstiltak for kloster og helgeanlegget).

2007: Murarkurs



Frå Murarkurset på Selja i 2007. Foto: Bakken&Magnussen A/S

På kurset vart det prøvd ut to prinsipp:

P1: Fuge fugene heilt ut til litt innafør overflata til steinen. Desse fugene skapar eit heilt klart inntrykk av at det er utført restaureringsarbeid i det aktuelle området.

P2: Berre utbetring av fuger for å hindre regnvatn i å renne direkte inn i murarverket ved å unngå «vassfeller».



Fuging 2007 på utvendig tårn før og etter for å unngå «vassfeller».



Foto: Bakken&Magnussen A/S

Tilrår å bruke NHL3,5 og M1 på verutsatte stader.

Utført prøvefelt med meisling og spekking på tårnet og i Albanuskirkja innvendig. Det vart også limt ein del olivinstein. Sarkofagen vart reinsa for betong og gjort transportabel til ein stad under tak.

2008: Tårnet mot nord og aust ferdig. Held fram med meisling av tårnet mot vest og sør.



Frå restaureringsarbeidet av tårnet mot sør i 2008. Foto: Bakken&Magnussen A/S

2009 : Tårnet utvendig ferdigstilt.

Tårnet innvendig: Innvendige overflater reinsa og nedfall samla. Steinar innvendig tårn gått over og limt ved behov (jf 2007/06.10-028). Lause steinar innvendig vart sikra med pinningsstein til sikring i tørrmurte parti og kalkmørtel og pinningsstein i mura parti (jf 2007/06.09-010). Sikring av boge i olivinstein, mot Albanuskirkja med tilstandsrapport (jf Befaringsrapport 30.-31 mai 2009). Toppstein i hardstein skal erstattast med olivinstein.

Det meste av murverket i Sakristiet reinsa, meisla, pinna og spekka. Eit felt er utført med våtleska kalk og sand.

Fuge for å hindre vassfeller i G1, G2 og G3. Lime stein, reinse og sette på plass utglidde enkeltsteinar H1, H2 og H3.

2010: L1 og L2 reinse, meisle, pinna og spekka.

2011: Monterte refleksfrie vindaug i tårnet.

Olivinsteinen til gavli innvendig austvegg tårn ferdig hogd og første skift lagt på plass. Reparere delar av tørrmura kyrkjegardsmur.

2012: Fullført gavli i olivinstein, innvendig tårn med sideveggar og bakmuring. Spekka. 4 stk sålbenkar i tårn meisla, reinska og murt attende. Utbetre lekkasje i toppen av vestvegg, tårn utvendig.

Øvre terrasse, mure attende stein i tørrmur. 100-årsmarkering. Mure molo.

Spekke L1 og L2. Reinske og meisle L3 og vindaugsbotn og trappeforma opning mellom

L2 og L3.

Sette istand molo og lagde fundament til sjøbu, etter stormen i mellomjula 2011.

2013: Reinse toppdekke L1-L3. Reinse murverk i klostergang. H1 og H2.

Sunnivakyrkja reinska.

Montert brakke.

Tidslinje Selje

2014: Et felt i L3 er limt med bivoks, steinstøv og kvae. Reinse toppdekke K1. Og reinse murverk K1. Pinne og spekke H1 og H2.

Montere reparert dør mot vest i tårnet. Reinska Sjukestua (jf 2007/06.37-IMG_6360).

2015: Fuktsikre toppdekke, soft-topp L1-L3. Stein er limt – et felt i L3 er limt med bivoks, steinstøv og kvae. Reinske toppdekke K1. Og reinske murverk K1. Pinne og spekke H1.

Fuktsikring av Sakristiet med 2 lag membran med plastnetting i mellom som heft til torv. Legge attende torv.

2016: Meisle og reinske, spekke og pinne K2. Reinske toppdekke K2 og K3. Legge bentonitt. Reparere fuger i tårn mot øst.

2017: Reinske, spekke og pinne K3 og K4 og H6.

Reinske, spekke og pinne Sakristiet mot vest og sør utvendig, I2

2018: Reinske veit.

Oppheng kyrkjeklokker.

Meisle/reinske gjestehus.

Tilstandsvurdert Sunnivakyrkja – støtta NIKU.

Dronningbesøk

2019: Fjerna torv på toppdekke. Reparerte toppdekke.

Meisla murverk Sunnivakyrkja. Prøvetaking med NIKU.

Spekke inngang klostergard.

2020-2021: Reinske og tilbakeføring av trapp. Restaurere sti.

Sunnivakyrkja – reinska golv, hjelpte NIKU.

Sjukestova reinska for organisk materiale.

2022: Gjestehuset meisla og reinska spekka og pinna.

Reinske og fuge gavl på sakristi, mot aust med kalk.

2023: Sunnivakyrkja – støtta NIKU

2024: Reinske toppdekke Sunnivakyrkja. Støtta NIKU

Sjukestova og gjestehuset reinska på nytt.

Koste nedfall i tårnet

3. Liste over ruindelane frå kloster og helgenalegget som er omtalt i forvaltingsplanen:

Askeladden id	Ruin-del
ID 83760- 1-8	Kyrkjegarden – flata (J) Kyrkjegardsmuren hagen (H) Albanuskyrkja og tårnet (G1-G4) Vestfløyen (L1-2 og LS) «Oppmurt kulp/vasskjelde» og dreneringsbekk på utsida av sørfløyen

	Austfløyen -med sakristiet (I1-2) Smie/sjukestove (E)
Askeladden id ID 83760-1-8 og 84839-1-5	Gjestehuset/ <u>bakeri</u> (N1-2)
Id 84839 -1-5	Sti og trappene opp til Sunnivakyrkja Terrassane (D)
Id 83760-1-8	Sunnivakyrkja (C) Naustet
	Stien frå Klostervågen og opp til anlegget – nordsida
ID 315854	Klosterhamna
Lause gjenstandar Lause gjenstandar Id180141	Moloen ut til sjøbu Deponihaugar/overskotsstein frå anlegget Lause steinar med ornamentikk Steinbrot
Id 135373	Steinbrot

4. Oversikt over automatisk freda kulturminne og korleis dei evt er synleg i terrenget:

Askeladden Id	Type	Kvar	Merknad
6490-1	Gravrøys	På nordaust sida, bnr 1	Vanskeleg å sjå, lyngkledd
6491-1	Gravrøys	På toppen av Heimeskaret, sørvestsida, bnr 13	Godt synleg, uklart markert
6492-1	Gravrøys	Hamnaneset, sør på øya, bnr 15	Har krater, lite synleg
6493-1	Gravrøys	Bø, bnr 16	Uklårt markert, lite synleg, låg formasjon på grasbakken
25579 -1-3	3 gravrøyser	Like under Longedalshammaren, ved Heimen, sørvest sida, bnr 1 og 13	Vanskeleg å finne, overgrodd
35486-1-2	2 gravrøyser	Ilshaugen, sørsida, bnr 12	1:Klart markert, godt synleg, 2:dårleg markert, overgrodd Veks tett granskog – røysene har mista utsynet til sjøen

55273-1-2	2 gravrøyser	Sørsida, rett ved sti som går på vestsida, bnr 13	1: vanskeleg å sjå, 2: er godt synleg, men overgrodd med gras
66468-1	Gravrøys	Sørsida, ved Ilshaugneset, 30 m frå sjøkanten, bnr 12	Har stort krater, delvis klårt markert
135210-1	Gravrøys	Austsida, ved Skarveklubben, bnr 17	Består av rullestein
135249-1-3	1:Bø kyrkjegard 2:Bø kyrkjetuft 3:Selja stavkyrkje – fjerna (murane ligg att)	Bø bnr 1	1:steingjerde som omkransa kyrkjegarden er svakt synleg 3:Fylkeskyrkje først, så soknekyrkje, flytta til fastlandet i 1654
135273	Busetting-aktivitetsområde	Bø bnr 1 og 16	Godt synleg tuft
135276	Busetting-Aktivitetsområde (tuft)	Bø Bnr 1	Prestebustad eller kyrkjestova? Synleg, men overgrodd av gras.
135281-1	Busetting – aktivitetsområde (tuft)	Bnr 1, nordsida, ca 260 m vest for klosterruinane	Ganske tydeleg
135285	Kyrkjevorren med oppreist steinhelle	Bnr 1, Bø	I god stand (2009)
135409	Gjerde/innhengning	Bnr 1, Bø/Skitnevika	Ca 1-2 m brei, 0,5 m høg rullestein, overgrodd av lyng, grastorv og furutre
141215-1	Gravrøys	Bnr 17, søraustsida i skogholt like nv for våningshuset	Grop i røysa (der det er dumpa avfall)
141375-1	Dyrkingsspor	Bnr 13, Heimly	Ikkje synleg over bakken
328056	Gravrøys	Bnr 17, på nordvestsida av Skarveklubben – nordaust sida av øya	synleg

5. Oversikt over kulturminne med uavklart vernestatus i Askeladden:

Askeladden id	Type	Kvar	Merknad
135368	Båtopptrekk, uavklart vern	Bnr 1 og 16 Bø (i fjæra)	Ligg under vatn ved flo
135373	Merkestein - grensestein	Bnr 1 på nordsida	Funnen ved flyboren skanning

135378-1	Busetting-aktivitetsområde, heller, uavklart vern	Bnr 1, nordvestsida	Går floa opp i den?
135393	Busetting – aktivitetsområde, to tufter, uavklart vern	Bnr 14, Tunold, ovanfor huset	Murane står att, sement mellom steinane
141381-1	Båtstøanlegg, uavklart vernestatus	Bnr 17, søraust sida	synleg
180141	Klostervågneset steinbrot, uavklart vernestatus	Bnr 1, nordsida, på berg nede ved sjøen	synleg
180142	Helleførekomst ved klosteret, uavklart vernestatus	Bnr 1, nordsida like ved anlegget	synleg

6. Referat etter ope møte tysdag 18. juni om innspel og idear til forvaltingsplan for Selja kloster og helgenanlegg.

Stad: Innbyggartorget i Selje

Tid: 19.00-21:00

Totalt var vi 13 stk.

Birgit gjekk gjennom bakgrunnen for arbeidet med forvaltingsplanen og sa litt om korleis Selja er regulert i overordna plan. - I tillegg til vedteke KULA landskap for Selja i år.

Etterpå vart alle delt opp i grupper – vi vart tre grupper – der dei fekk 15 min til å drodle rundt kulturminne og kutlurmiljø på Selja i bruk. Litt vanskeleg kanskje, men etter kvart gjekk praten. Gruppene samlast igjen og då presenterete dei seg for kvarandre først, og la fram kva dei hadde kome fram til. Til slutt hadde vi ei felles drøfting. Nedanfor oppsummert i korte trekk.

Gruppe 1:

Venner av Selja kloster (har kjøpt seg gard på Bø - Ragnhild Helena Aadland Høen), Repr for dei som driv med formidling og guiding, lærar og leiar i bygdeutviklingslaget, Bjørn Jensen (Stad kommune) og soknepresten (Synnøve Aaberg)

Utfordringar:

Vedlikehald av stien, vegetasjonsrydding på Bø, både grøn og kvit skjøtsel – avhengig av at nokon passar på

- Bør vere ein «byantikvar» med kunnskap som kan dra i trådane

Korleis få meir kunnskap ut lokalt?

- Turstiar

Ein plass ein kan få meir informasjon – Sunnivahistoria – utstillinga er litt

Gruppe 2:

Seljemannemessekomiteen (har vore ordfører i to periodar), bygdeutviklingslaget, tidl lærar i historie på Katta i Bergen (har hytte i nærleiken og kjem frå området), innbyggjar med særskilt engasjement for Ersholmen som rekreasjonsområde

Gruppe 3:

Stad kommune – plan - Hanne Marie Utvær (aktiv i KULA-arbeidet, jobbar no med avtalar knytt til båttransport) og bur i Selje, varaordfører og lokal, Tonje frå regionalt pilegrimssenter

Felles drøfting til slutt:

- gløymt på biblioteket – ynskjer noko meir tilgjengeleg og stabilt
Ynskjer meir eigarskap til kulturminnet lokalt – mykje ny kunnskap å finne
- Formidling – viser til andre plassar som Island og Borg i Lofoten
 - Ersholmen – ynskjer å legge til rette for ilandstiging – rydde vekk rotvelt og tett skog – formidle planteskoghstore – det ligg òg ein husmannsplass der ute
 - Bø – vere i forkant av turistane som gradvis aukar i tal - treng betre kai/toalett/sti
 - Vigsla grunn – ta vare på verdiane
 - Merke område der det er greitt med telt og grill
 - Infrastruktur
 - Berekraftig - toalett som har miljøvenlege løysingar – Bø
 - Få med borna – barnehagar og skulane
 - God kommunal forvaltning – arkitektar, forvaltning, årshjul, ordna hamnetilhøve på Bø, eit kommunalt kontaktpunkt
 - Ynskjer auka bruk av øya hos lokalbefolkninga
 - Ha respekt for heilagstaden – restriksjonar om bruk
 - Mykje kjensler knytt til øya – ekumenisk – tilpasse slik at ingen blir støtt – fungerer i lag – Selja må bli den mest ekumeniske plassen ein kan tenkje seg der alle har sin plass – Økumenisk gudsteneste – lutherske, ortodokse og katolske (slike gudstenester har ein hatt på Selja)
 - Tømming av søppel – nokon må følgje opp
 - Benkar på Bø
 - Ikkje berre nei, nei – men vise kvar det er greitt med grilling
 - Ersholmen – Fjordane friluftsråd – farleg å gå i land – for å få ut statlege midlar må dei anten inngå kjøp eller disposisjonsavtale.
 - Årleg besøk av to folkehøgskular med telting – to dagar – Yknesvika – har gått greitt
 - Minimalt med forbodsskilt

- Sunniva hellaren – vardebygging og telys – viktig å rydde vekk – ein person må ha ansvar
- Nokre viser til god formidling og skilting på Færøyane
- Rasfaren over trappa – kvart andre år – tar ned lause steinar – og Klosterfjellet
- Bjørn fortalte om Klosterstien og kva som er gjort av tiltak i år – 32 veiter er opna opp – rotne bord er skifta ut – nye gangplattingar er sett ut på våte parti
- Stiane elles – nokre skilt ligg nede – må gå over
- Må vere tydlege skilt på veg

Birgit oppsummerte og sa at VLFK kjem til å varsle oppstart av forvaltingsplanarbeid ganske snart. I den samanhengen ynskjer VLFK å invitere seg inn til kommunestyret og orientere om arbeidet.

7. Spørjeundersøking – Selja i bruk – religiøse organisasjonar:

Kva betyr Selja for deg/din organisasjon?

Den er et flott attraksjon som trekker mange til Selje

Klosterøya er eit turmål med meining, der vi både tar med vener og reiser dit for eigen del. I privat regi har vi arrangert tur til øya med ei enkel pilegrimsmesse i Sunnivahellaren.

Historisk viktig, men brukar ikkje lokasjonen i min organisasjon.

Kyrkjestad og pilegrims mål

Det er ein fin læringsarena for elevane på 6. trinn

Ein vakker og unik plass ved havet, med både historisk og kristen relevans.

Svært viktig som helligsted. Sunnivatradisjonen binder Selja og Bergen sammen. Den tidvise (norsk høymiddelalder) sammenkoblingen mellom Hellig Olav som Norges evige konge og helgendronningen Sunniva, som til sammen symboliserer et helhetlig Norge gir en interessant inngang til å formidle historie og spor av tro langs Kystpilegrimsleia.

Korleis brukar du/din organisasjon Selja i dag?

Sporadiske besøk

Som eit turmål og pilegrimsmål.

Brukar ikkje lokasjonen i min organisasjon.

Delta på Seljumannamesa.

Studietur/pilegrimsvandring med prostiet sine prestar 2024.

Nokre sokn tar med konfirmantar på pilegrimsvandring.

Fast besøk for 6. klasse

Elevgrupper besøker Selja

Gudstjenestested (den norske kirke) og pilegrimsmål

Når brukar du/din organisasjon Selja i dag?

Noen ganger i året. Gjester og besøkende vil gjerne kikke på stedet

Vår, sommar og tidleg haust.

Brukar ikkje lokasjonen i min organisasjon.

Vår, sommer, tidlig høst

Hausten (september)

Kvart år i starten på mai, og somme år også i løpet av hausten og våren.

Seljumannamesse og andre pilegrimsopplegg fra tid til annen

Kva for delar av Selja brukar du/din organisasjon?

Hele anlegget

Det er fint å gå både over øya og rundt øya, vi har gått heile vegen rundt, men det fristar ikkje til gjentaking.

Historie, bøker, foreteljing

Kyrkje (klosterruiner)

Omvisninga omfattar klosteranlegget

Heile øya.

Klosterøya (ruinene etter Albanuskloateret), vandringsstiene på øya og prestegården/overnattingsstedet i Selja.

Kva for omsyn er det viktig å ta i forhold til din/dykkar bruk av Selja?

Enkel tilkomst, men også visningssenter inne i Selje

Det er viktig at det ikkje blir for hard bruk av naturen på øya, som t.d. med 1000-tals cruiseturistar. Reisande på cruise må også få besøke øya om dei ønskjer det, men det må regulerast.

Brukar ikkje lokasjonen i min organisasjon.

Båtskyss/fergetider

Vi treng universell uforming om alle elevar skal kunne besøke Selja

Sporlaus ferdsel.

Ta vare på helligsteds karakteren.

Legge til rette for formidling av kunnskap og opplevelser

Kva for fysisk tilrettelegging har du/din organisasjon behov for på Selja?

Få/ingen

I dag er det toalett i klostervågen og sti rundt øya som gjer det lett å gå. Eg er usikker på telesamband ute på øya og det same med nett-tilgang. Dette må vurderast opp mot bruken.

Brukar ikkje lokasjonen i min organisasjon.

Tilgang - dvs båt-/fergeskyss

Tilrettelegging for rullestol

Det er veldig vått og skittent på deler av stien. Og på stien ut mot "pynten" vest for klosteret.

Overnatting og bespising for pilegrimer

Korleis ønskjer du/din organisasjon å bruke Selja framover?

Som i dag

På samme måte som i dag.

Brukar ikkje lokasjonen i min organisasjon, men kunne tenkt oss å fare på besøk på Seljeøya med barnehagen dersom det passar oss når det gjeld pris og tidsbruk.

Som no

Vi vil gjerne halde fram med årleg besøk for 6. trinn.

Som tidlegare.

Pilegrimsferd med grupper

Det vart også gjennomført ni intervju med nokre sentrale aktørar frå ulike kyrkjesamfunn og pilegrimsmiljø, der vi spurde om kva for omsyn som var viktigast for dei på Selja.

Resultatet frå desse intervjuane kan oppsummerast i følgjande hovudpunkt:

- Behov for stillheit
- Behov for god tid (2 timar båtrute er for lite)
- Behov for samtalar – frivillige pilegrimsvertar?
- Behov for drikkevatt. Gjerne sjølvbetent kiosk i Røysetbuda.
- Behov for å komme under tak ved dårleg ver. Ope i Røysetbuda?
- Behov for å lade telefonen + mobildekning.
- Behov for toalett på Bø + fikse låsen på toalett i klostervågen.
- Behov for betre stiar.
- Behov for å formidle historia.
- Behov for å bevare kulturlandskapet og ruinane.
- Pilegrimstradisjon med å legge frå seg stein. Tilrettelagt plass (røys eller stad der ein kan kaste stein i havet)?
- Behov for overnatting på øya. Teltning på Bø? Klostergarden eller private grunneigarar legge til rette?
- Behov for ein tydeleg kontaktperson på Selja (kommunen?) - i dag er det klosterbåten som har best oversikt.
- Behov for å kunne "booke" klosterruinen. Er det noko kommunen kan ta seg betalt for?
- Behov for informasjon og koordinering av ulike aktivitetar.
- Behov for tak over hovudet i klosterruinane under Seljumannamesse ved dårleg ver. Er dette noko f.eks. Seljumannamessekomiteen og dei andre aktørane kan samarbeide om?
- Behov for å lagre utstyr (telt, stolar, aggregat osv) på Selja, f.eks. i Røysetbuda.
- Behov for plass der ein kan selje mat.
- Behov for grillplass.
- Behov for koordinering og informasjon om pilegrimsvandringar til Selja, spesielt rundt Seljumannamesse.
- Behov for informasjon om kva som er lov og ikkje lov, rasfare, restriksjonar i forhold til kulturminne osv.
- Behov for underlag til stolar for muskarar og geistlege ved Seljumannamesse, slik at dei ikkje synk ned.
- Behov for lys i Røysetbuda, og inne i klosterfoten ved Seljumannamesse.
- Behov for eit kapell, gjerne på Bø, der ein kan tenne lys og be, eller der folk kan komme i rett stemning før vandringa til klosteret.
- Behov for eit destinasjonskonsept som seier noko om kva ein kan oppleve når ein kjem til Selje.

- Behov for lokalt forankra aktørar som kan tilby opplevingar i Selje.

